

# Digital mobbing i ungdomsskolen

---

Om mobbeoffer, medelev og lærar si oppleving av problemet



Jorunn Teigen Sætre  
Masteroppgåve i IKT i læring  
Høgskulen Stord/Haugesund  
Mars 2009

## Forord

No er eg endeleg komen så langt med masteroppgåva at eg kan setja sluttstrek, og byrja å takka alle dei som har bidrege og hjelpt meg.

Ei stor takk til rettleiarane mine, førsteamanuensis Knut Steinar Engelsen, som har rettleia og motivert meg på ein konkret og oversiktleg måte, og høgskulelektor Lars Malvin Kvinge, som har gitt meg god rettleiing med både metodedel, analysen og programmet SPSS. Deretter vil eg takka førsteamanuensis Lars Vavik og førstelektor Svein Ove Lysne, som forklarte korleis programmet SPSS fungerte. Eg vil òg takka høgskulelektor Tord Eide, som gav gode råd om teoridelen. Ei stor takk går òg til førstelektor Jostein Tvedte, som hjelpte meg i avslutningsfasen.

Ei spesiell takk til personalet på biblioteket på HSH, som har vore svært hjelpsame med å senda over litteratur til meg.

Ei særskilt takk til elevar og lærarar på dei tre ungdomsskulane, som tok seg tid til å svara på spørjeundersøkinga. Spesielt vil eg takka kontaktpersonane som organiserte utføringa av elevundersøkinga.

Eg vil òg retta særskilt takk til Håkon Sivertsen, ved Trøndelag Forsking og Utvikling AS, Erling Roland og Trude Havik ved Senter for adferdsforsking (SAF), og André Baraldsnes, ved Olweus-gruppen mot mobbing ved Hemil-senteret, for mykje god hjelp ved førebuingfasen av utforminga av spørjeskjema, og ved innhenting av teori.

Til slutt vil eg takka mannen min, Gunnar Sætre, som har støtta og motivert meg, og dei tre barna våre, som har gitt meg tid til å fordjupa meg i denne oppgåva. Eg vil òg takka venner og familie som har hatt trua på at eg skulle komma i mål med dette prosjektet. Eg rettar ei stor takk Arne Bygstad som i sluttfasen las igjennom oppgåva, og som gav mange konkrete og gode råd med omsyn på språk og innhald.

Mars 2009

Jorunn Teigen Sætre

## Samandrag

Denne oppgåva har som mål å belysa moglege forskjellar i korleis mobbeoffer, lærarar og medelevar opplever digital mobbing. Utgangspunktet for analysen er ei nettbasert spørjeundersøking blant elevar og lærarar i tre ungdomsskular. Funna frå undersøkinga blir drøfta i lys av to forklaringsmodellar, basert på følgjande perspektiv: 1) sjølvoppfatning og identitet og 2) kultur og kontekst. Ulike data om førekomst, tiltak og informasjon om digital mobbing generelt, blir òg trekt inn i drøftinga.

Dei to nettbaserte spørjeskjema<sup>1</sup> blei laga på læringsplattforma It's Learning, som var kjent blant alle respondentar. Underteikna var til stades under elevundersøkinga, for å forklara ev. misforståingar. Funna blei laga i It's Learning, og analysert ved hjelp av SPSS. I den statistiske bearbeidinga av materialet blei det i hovudsak nytta deskriptiv analyse med frekvenstabellar, krysstabellar med kji-kvadrat ( $\chi^2$ ) - analyse. Visualiseringa blei gjort i Excel, ved bruk av stolpediagram.

Forskingsspørsmåla blir delt inn i del I og del II. Den første delen blir i hovudsak ei kvantitativ undersøking, medan den andre delen grensar meir til ein kvalitativ studie. I metoddelen (Kap. 3) blir det utdjupa kvifor eg valde å bruka ein kvantitativ metode som spørjeskjema på forskingsspørsmål som truleg ville blitt belyst best ved ein kvalitativ metode, som t.d. intervju.

- Del I: omhandlar førekomst av digital mobbing
  - Kva er omfanget av digital mobbing generelt, og i høve til ulike former for digital mobbing?
  - Er det forskjellar mellom kjønn, både ved førekomsten generelt, og ved ulike former av digital mobbing?
  - Kva arena skjer mobbinga på?
- Del II: omhandlar i kva grad mobbeoffer, medelev og lærarar oppfattar forskjellar ved:
  - registrering av ulike former for digital mobbing?

---

<sup>1</sup> Det blei laga eitt skjema til elevar, og eitt til lærarar (Sætre, 2007a, Sætre, 2007b).

- tiltak retta mot digital mobbinga?
- læraren si handtering av digital mobbing?

Ut ifrå resultatet i undersøkinga blei det gjort fleire viktige funn som:

- ▶ 48 % av mobbeoffera meiner at lærar ”nesten aldri” hjelper ein elev som blir mobba digitalt
- ▶ Dobbelt så mange jenter som gutar, blir utsett for digital mobbing
- ▶ Færre mobbeoffer enn medelevar ynskjer at læraren snakkar om mobbing i klasserommet, på foreldremøte, og med foreldra til dei involverte.

## Abstract

The goal of this study is to illustrate the potential differences in how the victim, teachers and bystanders experience digital bullying. The analysis is a web-based survey among pupils and teachers in three different lower secondary schools. The findings of the study are discussed in light of the two explanation models that are based on the following perspectives: 1) a self-perception – and identity perspective and 2) a cultural perspective. In the discussion different theories about the occurrence, actions and information of digital bullying will be debated.

The survey was made on It's Learning, which is a web-based VLE (Virtual Learning Environment), known to all of the respondents. I was present while the students were completing the survey, to explain any misunderstandings. The findings were saved in It's Learning, and analyzed using the SPSS. In the statistical processing of the material, mainly descriptive analysis with frequency tables, crosstabs and chi-square analysis were used. The results were visualized in Excel with bar charts.

The research questions were divided into Part I and Part II.

- Part I: Contains the occurrence of digital bullying
  - What is the extent of digital bullying generally, and in relation to different ways of digital bullying?
  - Were there differences between gender in the occurrence generally, and with ways of digital bullying?
  - In what arena does the digital bullying occur?
  
- Part II: Contains to what extent the victims, bystanders and teachers experience the differences by:
  - Registration of different ways of digital bullying?
  - Gender differences by the extent of digital bullying?
  - Actions against digital bullying?
  - How the teachers and bystanders handle the digital bullying?

The result of the survey shows several important findings like:

- ▶ 48 % of the bully victims expressed that the teacher did “hardly ever” help the victims of digital bullying
- ▶ Twice as many of the girls, compared to the boys, were cyber bullied
- ▶ Fewer victims than bystanders would like teachers to address the subject of bullying in the classroom, at parents conferences, or to the parents to those who were involved.

# Innholdsliste

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>5</b>
<b>Innholdsliste</b> .....	<b>7</b>
<b>1 INNLEIING OG PROBLEMSTILLING</b> .....	<b>10</b>
1.1 Innleiing .....	10
1.2 Bakgrunn for oppgåva .....	10
1.3 Avgrensing av tema .....	11
1.4 Problemstilling .....	12
1.5 Omtalen av temaet i ulike massemedium .....	13
1.6 Tidlegare forskning kring digital mobbing .....	15
<b>2 TEORI</b> .....	<b>19</b>
2.1 Kva er mobbing? .....	19
2.1.1 Ordinær mobbing og digital mobbing .....	20
2.2 Kva er digital mobbing? .....	21
2.2.1 Inndeling i kategoriar .....	24
2.3 Lærarrolla .....	26
2.4 Individ, skule og struktur .....	27
2.4.1 Mobbar, mobbeoffer og tilskodar .....	27
2.4.2 Strukturen i skulen .....	33
2.5 Ulike program og anbefalte tiltak .....	35
2.5.1 Tiltak på skulenivå .....	37
2.5.2 Tiltak på klassenivå .....	38
2.5.3 Tiltak på individnivå .....	40
2.6 Kvifor tenkjer elevar og lærarar slik dei gjer? .....	42
2.6.1 Misforståing – Elevar og lærarar .....	43
2.6.2 Sjølvopfatning- og identitetsperspektiv .....	43
2.6.3 Kulturperspektiv .....	46
2.6.4 Forklaringsmodellar – oppfatning av digital mobbing .....	49
2.7 Samanfating av mitt analytiske rammeverk .....	50
<b>3 METODE</b> .....	<b>53</b>
3.1 Utval og prosedyre .....	53

3.2	Etiske omsyn.....	54
3.3	Pilot .....	55
3.4	Om spørjeskjema.....	56
3.5	Reliabilitet og validitet i datasettet.....	58
3.6	Analysemetodar .....	61
<b>4</b>	<b>RESULTAT .....</b>	<b>64</b>
4.1	Respondentane, problemområde og konteksten .....	64
4.2	Data og funn som gjeld førekomst av digital mobbing .....	64
4.2.1	Digital mobbing og kjønnsforskjellar.....	65
4.2.2	Omfang av ulike former av digital mobbing og kjønnsforskjellar .....	66
4.2.3	På kva arena skjer den digitale mobbinga?.....	67
4.3	Data og funn om forskjellar mellom mobbeoffer, medelev og lærar .....	69
4.3.1	Registrering av ulike former av digital mobbing .....	69
4.3.2	Lærartiltak mot digital mobbing .....	70
4.3.3	Elevar og lærarar si handtering av digital mobbing .....	72
<b>5</b>	<b>DRØFTING.....</b>	<b>74</b>
5.1	Sentrale funn i lys av teorigrunnlaget .....	74
5.2	Eit samandrag av funna, med generelle konklusjonar .....	74
5.2.1	Førekomst og arena .....	74
5.2.3	Kjønnskilnader .....	79
5.2.3	Interessante funn som belyser mobbeoffer, medelev og lærar sine opplevingar av digital mobbing.....	79
5.3	Drøfting av funna som belyser i kva grad mobbeoffer, medelev og lærar oppfattar digital mobbing ulikt.....	80
5.3.1	Hovudfunn og sjølvoppfatning- og identitetsperspektiv .....	80
5.3.2	Hovudfunn og kulturperspektiv .....	81
5.3.3	Tiltak: lærar snakkar om mobbing i klassen .....	83
5.3.4	Tiltak: mobbinga blir diskutert i klassen.....	85
5.3.5	Handtering av mobbing: Kor ofte hjelper læraren?.....	86
5.3.6	Viktige aspekt i drøftinga og vidare tenking.....	87
5.4	Oppsummering.....	89
<b>6</b>	<b>KONKLUSJON .....</b>	<b>93</b>
6.1	Konklusjonar.....	93
6.2	Vidare forskning .....	95
<b>7</b>	<b>LITTERATURLISTE .....</b>	<b>96</b>



<b>8</b>	<b>FIGURLISTE.....</b>	<b>104</b>
<b>9</b>	<b>TABELLISTE.....</b>	<b>104</b>
<b>10</b>	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>105</b>
	Vedlegg 1: Dan Olweus sitt antimobbeprogram .....	105
	Vedlegg 2: Erling Roland og antimobbeprogrammet Zero .....	106
	Vedlegg 3: E-post frå Erling Roland.....	108
	Vedlegg 4: Informasjon om overføring av data frå It's Learning til SPSS .....	109

# 1 INNLEIING OG PROBLEMSTILLING

## 1.1 Innleiing

Digital mobbing er blitt eit aukande problem blant barn og unge, både i Noreg og internasjonalt. Dette fenomenet oppstod etter at dei fekk større tilgang til mobiltelefon og Internett. Det er viktig med fokus på denne mobbforma, for å få meir kunnskap om m.a. reduksjon av mobbinga, og om tiltak som fungerer. I oppgåva mi rettar eg søkjelyset mot digitale mobbformer blant elevar på ungdomstrinnet. Hovudfokus er omfang, tiltak og deltakarane sine meiningar om digital mobbing.

Strukturen i oppgåva er slik: Først kjem ein teoridel, der eg definerer omgrepet digital mobbing. Deretter omtalar eg tiltak som er sett i verk mot mobbing generelt, med eit hovudfokus på digital mobbing. Vidare skildrar eg kva metodar eg har lagt til grunn for innhenting og analysar av data i undersøkinga mi. I empiri- og drøftingsdelen tek eg utgangspunkt i problemstilling og forskingsspørsmål. Deretter presenterer eg funn, og drøftar desse opp mot teori og forskning på feltet. Til slutt oppsummerer eg drøftinga mi, som i kapittel 6 endar i ein konklusjon.

## 1.2 Bakgrunn for oppgåva

I 2002 lanserte Bondevik-regjeringa ”Manifest mot mobbing”, der eitt av hovudmåla var at Regjeringa skulle medverka aktivt til å hindra mobbing i skulen (Kunnskapsdepartementet, 2003). Regjeringa ville ha nulltoleranse når det galdt mobbing. Rogalandsforskning har evaluert Manifestet, og fann m.a. ut at dette var mest vellukka når det galdt å løfta fram mobbeproblematikken (Tikkanen & Junge, 2004). Etterpå kom ”Manifest mot mobbing” med ein tiltaksplan for 2005-2007. I denne tiltaksplanen var det fokus på m.a. kompetanseheving blant lærarar, og på vidare arbeid mot mobbing (Utdanningsdirektoratet, 2005). Eitt av måla med dette mobbemanifestet, er at mobbeprogramma skal takast i bruk av endå fleire skular. I åra frå 2001 til 2004 var det ein reduksjon i mobbinga med 30 % (Utdanning 2009, januar 9). Dette kan forklarast med Bondevik – regjeringa sitt store fokus på mobbing. Ei anna forklaring kan kanskje vera den store satsinga som skulane har på antimobbeprogram, som Zero og Olweus – programmet (ibid.). I februar 2009 blei ”Manifest mot mobbing” med tiltaksplan for 2009-2010, underskrive av m.a. statsminister Jens Stoltenberg,

Utdanningsforbundet, KS<sup>2</sup> og Foreldretutvalget for grunnskolen (Utdanningsforbundet, 2009). Dette manifestet er ei vidareføring av dei to tidlegare tiltaksplanane. Dette viser at arbeidet mot mobbing, framleis er eit viktig område, som alle må arbeida saman om.

Forsking viser at digital mobbing er eit reelt problem blant unge. Mobbinga er knytt til bruk av både mobiltelefon og Internett. For å få eit heilskapleg innsyn i korleis dei ulike aktørane opplever fenomenet, har eg valt å la undersøkinga mi omfatta både Internett- og mobilmobbing. Truleg er den digitale mobbinga vanskelegare å oppdaga enn ordinær mobbing. Mobil- og Internett-mobbing kan vera meir vondskapsfull, då mobbar kan unngå å stå ansikt til ansikt med offeret. Den digitale plaginga kan råka offera kvar som helst, og kva tid som helst. Denne komplekse situasjonen som er illustrert her, viser at det er vanskeleg å finna ut kven som er mobbar og kven som er tilskodar. Mitt val av forskingstema må òg sjåast i lys av at eg som lærar i grunnskulen, har observert fleire tilfelle av digital mobbing både på skulen og i fritida. Eg har òg sett på nært hald, kor sårande denne type mobbing kan vere for mobbeoffera. Samstundes har eg som lærar opplevd kor vanskeleg den digitale mobbinga er å få innsyn i, og å angripa. Hensikta mi er difor å bidra til utvikling av ny kunnskap på eit felt som er viktig for ulike aktørar, både elevar og lærarar.

### **1.3 Avgrensing av tema**

I studien til Senter for adferdsforskning<sup>3</sup> (SAF) (2001) blei det m.a. påvist at det førekjem meir mobiltelefonmobbing blant eldre, enn blant yngre elevar (Roland, 2002). I samband med dette valde eg ungdomstrinnet, der eg utførte undersøkinga på tre skular. Studien min omhandlar elevar og lærarar sine meiningar og opplevingar om digital mobbing på sin eigen skule. På bakgrunn av svara dei gav på spørjeskjemaet, delte eg elevgruppa inn i gruppene mobbeoffer og medelev. På denne måten kunne eg få eit betre bilde av både offera og medelevane sine meiningar og oppfatningar om mobbinga.

---

<sup>2</sup> Kommunenes Sentralforbund

<sup>3</sup> ”Senter for atferdsforskning” (SAF) er eit statleg forskingsbasert spesialpedagogisk kompetansesenter som ligg i Stavanger. Senteret blei etablert i 1989, og har sidan 1999 vore landsdekkjande (Senter for atferdsforskning, 2009).

Kva omhandlar omgrepet mobbing? Spørsmålet er gjerne kva tid mobbing oppstår. Når går erting over til å bli mobbing? Det er individuelt korleis erting blir opplevd, og kva tid denne plaginga kan kallast mobbing. Det er fleire definisjonar om kva tid mobbing oppstår. I punkt 2.1 omtalar eg m.a. Dan Olweus og Erling Roland sine definisjonar om mobbing. Denne mobbinga blir i utanlandsk faglitteratur kalla for ”face to face - bullying”. Sidan det i Noreg ikkje er noko faguttrykk som tilsvarar dette uttrykket, vel eg i min studie å bruka omgrepet ”ordinær mobbing”. Under punkt 2.2 ser eg på Nancy Willard og Bill Belsey sine definisjonar om digital mobbing.

I studien min vil eg konsentrera meg om digital mobbing mellom elevar. Det føregår òg lærarmobbing, som kan vera at læraren mobbar eleven, eller omvendt. Dette har eg valt å ikkje undersøkjja, då dette ligg litt på sidelinja i høve til problemstillinga mi, og pga. at eg må avgrensa studieomfanget mitt.

## **1.4 Problemstilling**

I samband med problemområdet mitt som er digital mobbing i ungdomsskulen, blei hovudproblemstillinga:

- **Korleis oppfattar mobbeoffer, medelevar og lærarar digital mobbing?**

I høve til problemstillinga ovanfor, syntest eg det var tenleg å stilla spørsmål om digital mobbing, til både elevar og lærarar. Dette blei gjort for å studera eventuelle skilnader mellom mobbeoffer, medelevar og lærarar, ved oppfatninga deira av denne mobbeforma. Undersøkinga blei utført ved ei kvantitativ tilnærming ved hjelp av to nettbaserte spørjeskjema. Studien er organisert i del I og del II, der den første er ein kvantitativ studie om førekomsten, der eg ser på omfang, kjønnsforskjellar og arena. Den andre delen omhandlar skilnader mellom mobbeoffer, medelevar og lærarar sine meiningar om ulike tilhøve ved digital mobbing. Følgjande forskingsspørsmål står sentralt:

Del I:

- Kva er omfanget av digital mobbing generelt, og i høve til ulike former for digital mobbing?

- Er det forskjellar mellom kjønn når det gjeld førekomsten generelt, og når det gjeld ulike former av digital mobbing?
- Kva arena skjer den digitale mobbinga på?

Del II:

- I kva grad oppfattar mobbeoffer, medelev og lærarar skilnader i høve til:
  - registrering av ulike former for digital mobbing?
  - tiltak retta mot digital mobbing?
  - læraren si handtering av digital mobbing?

Hovudtyngda i oppgåva er lagt på Del II, der fokus er på i kva grad gruppene, mobbeoffer, medelev og lærar, oppfattar ulike aspekt ved digital mobbing ulikt.

## 1.5 Omtalen av temaet i ulike massemedium

Det har periodevis vore mykje fokus på digital mobbing i ulike massemedium den siste tida. Vårt Land fortel i nettutgåva si (september 2007), at britiske styresmakter går til kamp mot barn som utfører Internett- og mobil-mobbing. Artikkelen viser at meir enn ein tredel av ungdom mellom 12 og 15 år i Storbritannia, har opplevd slik mobbing (Vårt Land, 2007, september 21). I ein artikkel frå Dagbladet, blir det skriva om fortvilte britiske lærarar som gjev opp læraryrket, grunna den store auken i nettmobbing, av både elevar og lærarar. Dei ønskjer at nettsida YouTube, som blir brukt til mobbing, blir stengt. Her blir det vist til at bilde og video som er teke i skjul av medelevar, raskt endar opp på YouTube, og ulike bildesider (Dagbladet, 2007, august 2). Desse publikasjonane viser at elevar enkelt kan mobba medelevar i undervisningssamanheng, dersom dei har tilgang til Internett og PC, noko som er vanleg i dagens undervisning. Ser ein i lokale medium, finn ein liknande overskrifter om våre lokale skulemiljø. I Bladet Sunnhordland blir det i januar 2008, skriva at det er eit aukande problem med mobilbilde frå dusjen på skulen, i samband med kroppsøving, og mobbing gjennom chatting (Sunnhordland, 2008, januar 10).

Nettutgåva til Romerikes Blad (2006) omtalar òg digital mobbing. I denne nettavisa blei det skriva at elevar mobba via chat og e-post. Mobbinga som Romerikes Blad viser til, blei ofte utført via læringssplattforma It's Learning. Dette resulterte i at chattestaden

raskt blei stengt (Romerikes Blad, 2006, oktober 12). Avisoppslaget viser korleis digital mobbing kan bli utført i skulen.

*Flere av de registrerte mobbemeldingene inneholdt stygge kjønns- og skjellsord. Bruk av såkalt nickname gjorde avsenderen vanskelig å spore (Romerikes Blad, 2006, oktober 12, s.1).*

Det at mobbing blir utført via ei læringsplattform, er eit problem i skular som brukar denne plattformen i undervising. Sjølv om ikkje alle skular nyttar slike læringsplattformer aktivt, brukar mange elevar denne plattformen privat. Dette kan skje på arenaer der eleven har tilgang til Internett, som i skuletimar eller heime.

Mobbinga viser klart at det er viktig å fokusera på digital danning<sup>4</sup> i skule og heim. Ein må såleis gjera elevane medvitne rundt bruken av digitale medium. Slik kan elevane få kjennskap til korleis dei skal oppføra seg på Internett. Dei bør til dømes ha kjennskap til kva som ikkje bør leggjast ut på nettet, som bilde av seg sjølv og medelevar, adresser og telefonnummer. For å få elevane til å utvikla slik digital folkeskikk, må skulen arbeida med elevane sine haldningar til mobbing. Ein måte å arbeida med elevane sine haldningar på, er gjennom arbeidsforma ”aktivt verdival”. Arbeidsmåten vektlegg å gjera elevane medvitne til å ta eigne val (Forebygging.no, 2000, Steinberg, 1991). I denne metoden skal elevane trenast til å gjera aktive verdival i reelle situasjonar. Elevane sine eigne kjensler skal medverka til at dei føretek dei ”rette” vala (ibid.). Dette er ei arbeidsform som er kjent i skulesamanheng, og som kan passa godt i høve til å redusera digital mobbing. På nettsidene til ”Barnevakten” og ”Foreldrenettet” finn ein òg gode råd om barn og nettsurfing, og om kva ein skal gjera dersom ein blir utsett for digital mobbing, jf. punkt 2.5.3. Tiltak på individnivå (Barnevakten, 2008, Foreldrenettet, 2007).

I ein artikkel i Dagbladet (2008) blei det vist til ein dramatisk auke i saker til konfliktråda. Sakene omhandla mobbing, truslar og ærekrenkingar via mobiltelefon og Internett (Dagbladet, 2008, januar 8). Dei fleste konfliktane dreia seg om ungdom som var blitt uthengt og sverta på nettet, gjennom tekst og bilde. I tidsrommet 2002 til 2006,

---

<sup>4</sup> Omgrepet digital danning omhandlar det å utvikla eit innebygt filter for Internettbruk og digital folkeskikk (BT, 2007, juli 8)

var talet som galdt mobbing, truslar og ærekrenkingar blitt meir enn dobla (ibid.). Frå året 2006 til 2007, var det ein auke i talet på saker med slik mobbing med heile 17 % (ibid.). Denne informasjonen om mobbing som blir omtala i medium, viser at det framleis er eit behov for ei kartlegging av den digitale mobbinga, og tiltak mot mobbing, i dei fleste skular. Omtalen ulike massemedium gir, kan tyda på at digital mobbing er eit aukande problem. Omtalen viser òg at terskelen for mobbing via digitale verktøy, er lågare enn ved ordinær mobbing.

## **1.6 Tidlegare forskning kring digital mobbing**

Det er utført ein del studiar på omfanget av digital mobbing blant unge. Forskingsresultata viser noko variasjon, men dei gjev likevel ei oversikt over førekomst av dei ulike former av digital mobbing.

I Noreg undersøkte Senter for adferdsforskning<sup>5</sup> (SAF) i 2001 mobiltelefonmobbing blant ca. 7000 elevar, i 5. til 10. klasse. Her blei det stilt spørsmål om mobiltelefonbruk, og om eleven var blitt mobba via mobiltelefon. Resultata viste m.a. at jentene blei mobba meir via mobiltelefon enn gutar, medan både gutar og jenter blei mobba meir via SMS, enn gjennom mobiltelefonsamtalar (Roland, 2002).

Tre år seinare (2004) gjennomførte SAF ei ny kartlegging på digital mobbing. Studien omfatta bruk av både mobiltelefon og Internett. 5000 elevar frå 5. – 7., og 9. – 10. klasse, deltok. Elevane blei m.a. spurt om bruken av samtalar på mobiltelefon, SMS og MMS, og om dei var blitt mobba via denne bruken (Roland & Auestad, 2005). Resultata i denne undersøkinga viste m.a. at fleire gutar enn jenter blei utsette for hyppig mobilmobbing, medan flest jenter i gruppa blei mobba ”av og til”. I undersøkinga mi følgjer eg opp dette problemområdet, gjennom eit eige forskingsspørsmål. Her stiller eg m.a. spørsmål om i kva grad mobbeoffer, medelev og lærar registrerer ulike former for digital mobbing.

I 2008 utførte SAF igjen ein studie på landsbasis, som omfatta både ordinær mobbing og mobilmobbing (Roland, 2008). Utvalet våren 2008 bestod av 1580 elevar, frå 5. klasse til 9. klasse. Hovudfunna i denne undersøkinga var ein auke i både mobbeoffer

og mobbarar, samanlikna med studien i 2004. Denne auken var større på ungdomsskulen, enn i barneskulen. I 9. klasse var det ein auke i talet på mobbeoffer på 134 % samanlikna med studien frå 2004. Auken i talet på mobbarar var 126 % samanlikna med undersøkinga i 2004. Begge desse resultatata gjeld ved både ordinær mobbing og mobilmobbing (ibid.).

Dr. Qing Li, frå Universitetet i Calgary i Canada, utførte i 2006 ei undersøking om digital mobbing på tre ungdomsskular. Ho såg m.a. nærare på forskjellar mellom kjønn. Dr. Li fann ut at om lag 25 % av både jenter og gutar hadde blitt mobba digitalt (Li, 2006). Denne studien viser at det ikkje er skilnad mellom kjønn, når det gjeld det å vera tilskodar, og det å vera offer for digital mobbing. Derimot er det fleire gutar (22,3 %) enn jenter (11,6 %) som utfører mobil- og nettmobbing. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over ein del av resultatata hennar:

	<b>Gutar</b>	<b>Jenter</b>
Utfører digital mobbing	22,3	11,6
Offer for digital mobbing	25,0	25,6
Veit at digital mobbing skjer	56,6	54,5

**Tabell 1: Prosentar av elevar som er mobbar, offer og tilskodar (Li, 2006).**

Forskningsrapporten til Smith, Mahdavi, Carvalho & Tippett (2006) fortel at det er meir sannsynleg at jenter blir mobba digitalt enn gutar, spesielt via tekstmeldingar og telefonsamtalar (Smith et al., 2006). Argumentasjonen er som følgjer: Ut frå tanken om at ordinær mobbing føregår ansikt til ansikt, har det vakse fram ei allmenn oppfatning av at jentemobbinga blir utført meir i det skjulte. Dei slår ikkje kvarandre, men dei manipulerer, og dei driv med utfrysing. I høve til dette, kan det vera logisk å tru at jenter bruker Internett og mobiltelefon hyppigare som mobbeverktøy, enn det gutar gjer. Dersom ein samanliknar denne argumentasjonen til Smith et al. (2006) med funna til Li (2006), stemmer ikkje desse to overeins. Li (2006) fann nemleg ut at dobbelt så mange gutar som jenter, utførte digital mobbing. Dette viser at forskingsresultata, og teori om digital mobbing, spriker. Årsakene til dette kan vera fleire. Ein grunn kan vera at mobil og Internett er verktøy som appellerer til gutar. Dette fører til at gutar tyr til eit slikt



mobbeverktøy, sjølv om denne mobbeforma kanskje er meir skjult, og slik høver betre til ”jentekulturen”.

NCH (National Children’s Home) utførte undersøkingar om digital mobbing i både 2002 og 2005. I 2002 fann dei ut at ein av fire ungdommar i alderen 11 – 19 år, hadde blitt trua via Internett eller mobiltelefon. Denne truinga inkluderte òg dødstruslar (NCH, 2002). I undersøkinga frå 2005, stilte NCH, i lag med Tesco Mobile, spørsmål til både elevar, lærarar og foreldre. I denne studien blei det spurt om førekomsten av digital mobbing via e-post, chatterom og tekstmelding via mobiltelefon. Her svarta 20 % at dei hadde opplevd digital mobbing, der 14 % hadde blitt mobba via tekstmelding frå mobiltelefon, 5 % frå chatterom og 4 % via e-post (NCH & Tesco Mobile, 2005).

I 2005 utførte Sameer Hinduja (Ph.D.) og Justin W. Patchin (Ph.D.) ei undersøking i USA blant 1500 Internett-brukande ungdommar. Denne studien viste at 34,4 % hadde opplevd digital mobbing. Hinduja & Patchin (2005) undersøkte òg kor denne mobbinga skjedde. Over halvparten (55,6 %) av dei, blei mobba via chatterom, og nesten like mange (48,9 %) blei mobba gjennom tekstmeldingar, sendt via datamaskin. Det siste kan i norsk samanheng samanliknast med t.d. MSN. Vidare blei 28 % mobba via e-post, og 9,2 % via SMS (Hinduja & Patchin, 2005).

Når det gjeld tilhøvet mellom mobbearenaer og ulike digitale mobbeformer, fann Smith et al. (2006) ut at den mest vanlege forma for digital mobbing både i skuletida og utanom skuletida, var telefonoppringingar, tekstmeldingar og e-post. Her var mobbing via chatterom det minst vanlege (ibid.). Dei hadde òg funn som viste at det var litt meir digital mobbing utanom skuletida, (sjå tabell nedanfor).

Digital mobbing via:	I skuletida	Utanom skuletida
- tekst	14,3 %	17,6 %
- chatterom	1,1 %	5,5 %
- e-post	5,5 %	10,9 %

**Tabell 2: Digital mobbing i skuletid, og utanom skuletid.**

Ei årsak til at det blir utført meir digital mobbing utanom skuletida i Smith et al. (2006) sin studie, kan vera at elevane har lettare tilgang til kommunikasjonsverktøy på denne

arenaen (ibid.). Smith et al. (2006) sin studie er bakgrunnen til forskingsspørsmålet mitt, om kva arena den digitale mobbinga skjer på. Arenaene som eg viser til i undersøkinga mi, er ”i skuletida” og ”utanom skuletida”.

På bakgrunn av tidlegare forskning om digital mobbing, og omtalen i massemedium som dette nye mobbeproblemet har fått, synest eg det var aktuelt å undersøkje korleis mobil- og nettmobbing artar seg i mitt nærmiljø. Eg studerer då særskilt korleis elevar og lærarar oppfattar, og handterer, dette relativt nye problemet. Eg viser her til punkt 1.4, som er ei oversikt over forskingsspørsmåla mine. Elles viser eg til kapitla om omtale i massemedium (punkt 1.5) og tidlegare forskning (punkt 1.6) der ein del av forskingsspørsmåla er nemnt i teksten.

## 2 TEORI

### 2.1 Kva er mobbing?

Mobbing er eit kjent fenomen i skulane, både i Noreg og internasjonalt. Det er utarbeida program som skal førebyggja, og motverka mobbing i skulane. Dei mest kjente antimobbeprogramma i Noreg er ”Olweus-programmet” og ”Zero”. Zero er forfatta av Erling Roland og SAF (Senter for adferdsforskning). Desse to programma<sup>6</sup> blir nærare omtala seinare i teorikapittelet.

Fram til det siste, har det vore mest fokus på ordinær mobbing. Dette gjeld både ved opplæring på skulane, og ved forskning på området. I seinare tid har digital mobbing fått mest merksemd i aviser, og på Internett. Likevel er det viktig med fokus på ordinær mobbing, når ein skal belysa digital mobbing. Digital mobbing er ei utviding av ordinær mobbing til ei digital verd, der mobiltelefoni og Internett er sentrale arenaer. Kva som ligg i omgrepet ”digital mobbing” blir utdjupa seinare i kapittelet.

Den svenske psykologen og forskaren, Dan Olweus, som er kjent for det banebrytande arbeidet sitt innanfor dei internasjonale mobbestudiane, brukar følgjande definisjon på kva mobbing er (Olweus, 1992):

*En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere personer (s.17).*

Forskaren Erling Roland, som er tilknytta Senter for adferdsforskning i Stavanger (SAF), har mobbing som sitt spesialfelt (Næss, 2005). Han definerer mobbing som ”*langvarig vold, psykisk og/eller fysisk, rettet mot et offer og utført av enkeltpersoner eller grupper*” (Roland, 1983, s.12).

Problemet er gjerne spørsmålet om når mobbing oppstår. Når går småerting over til å bli mobbing? Det er ei stor gråsoner mellom desse to omgrepa. Det er nødvendig å setja ertinga inn i ein større samanheng, for å kunna vurdere når denne plaginga går over til å

---

<sup>6</sup> Sjå vedlegg 1: Olweus antimobbeprogram, og vedlegg 2: Zero antimobbeprogram.

bli mobbing. Det viktigaste, og avgjerande, blir korleis offeret oppfattar ertinga. Det vil vera individuelt korleis, og når ein opplever mobbing. Dei som mobbar vil òg ha ei ulik oppleving av dette, men det er av underordna betydning. Det er offeret ein må ta omsyn til. Ofte vil mobbaren unnskylda seg med at det berre er uskuldig moro, sjølv om offeret har gjeve uttrykk for ei anna oppleving av det. Det er viktig at foreldre og lærarar reagerer på dei tilfella som ”berre” dreiar seg om erting, fordi all mobbing ofte byrjar med dette.

Ut frå dei to definisjonane, er mobbing ei negativ handling som skjer gjentekne gonger, og over eit visst tidsrom. Denne mobbinga kan blir utført av ei gruppe, eller av enkeltpersonar. Eg vil i denne oppgåva leggja til grunn Roland sin definisjon, fordi vektlegginga av psykisk vald høver godt innanfor feltet digital mobbing. Eg meiner at den digitale mobbinga ofte ber preg av psykisk vald, og at den psykiske valden blir opplevd sterkare, når mobbaren blir anonymisert overfor offeret.

### **2.1.1 Ordinær mobbing og digital mobbing**

Når ein skal greia ut om fenomenet ”digital mobbing”, er det naturleg å ta utgangspunkt i kunnskapen ein har om ordinær mobbing. Ordinær mobbing kan vera meir synleg enn digital mobbing. Bill Belsey (2004) meiner at digital mobbing er som ordinær mobbing ved at det handlar om mellommenneskelege forhold, makt og kontroll. Dei som mobbar prøver å etablere makt og kontroll over andre, som dei trur er svakare enn dei sjølve. Dei prøver å få offera til å føla skuldkjensle, sjølv om offera veit at det er mobbaren som har eit problem.

Ved mobil- og nettmobbing er ein ofte ikkje sikker på kven som er mobbaren, då mobbinga, via Internett eller mobiltelefon, er lett å anonymisera (Belsey, 2004). I til dømes bladet KK fortel Michelle (14 år) at ho blei mobba ved at nokon klarte å logga seg på chatterommet hennar. Ho er ein av dei som meiner at det er lettare å mobba på nettet, enn ved ordinær mobbing (KK, 2007, april 30, nr.18).

*Terskelen er nok lavere for å mobbe via nettet, for mobberne tror de ikke kan bli avslørt, sier Michelle (KK, 2007, april 30, nr.18, s. 15).*

Det er mange som meiner at det er lettare å mobba digitalt, enn ansikt til ansikt. Kvifor er det i så fall slik? På den eine sida gjer folk ting på nettet, dei elles ikkje hadde gjort,

fordi dei då føler seg meir usynlege (Willard, 2005). Ein måte å gjera seg t.d. usynleg på, er ved å oppretta anonyme konti o.l.. Ved å vera anonym, unngår ein dermed frykta for sporing eller straff. På den andre sida: Det at alle gjer det, og at det oppfattast som eit spel, fører til ei oppfatning av at online-livet berre er ein leik, som ikkje får konsekvensar (Belsey, 2004, Willard, 2005). Det som skjer online, blir online, og ein har ein rett til å seia det ein vil på Internett. Dette viser at det er viktig å arbeida med barn og unge om nettetikk, og om kva konsekvensar utilbørleg nettbruk kan få. Her kjem det førebyggjande arbeidet inn i skulane, jf. punkt 2.5.

Resultatet av den digitale mobbinga kan bli at offera ikkje vågar å fortelja det, fordi dei fryktar at plaginga då vil bli verre. Mange trur òg at dei vaksne vil overreagera ved å inndra mobiltelefonen, og fjerna Internett-tilgangen. Dette er ein heilt utenkjeleg situasjon, for mange unge som nesten alltid er pålogga. Dei vil då ikkje få halda kontakten med venner, og kanskje bli utfrosen frå fellesskapen (Belsey, 2004).

I høve til argumenta til Belsey (2004), blir det naturleg å forstå at digital mobbing kan vera verre enn ordinær mobbing, sidan det er skjult, og kan skje til alle tider på døgnet. Og viss ein loggar seg av Internett og stengjer mobiltelefonen, blir ein òg heilt avskoren frå venner, som ein i ungdomstida er avhengig av. Dette fører til at mobbeofferet får eit vanskeleg val. Enten må han/ho fortsetja å bli utsett for den digitale mobbinga, eller må han/ho stengja av Internett og mobiltelefon i fritida, for å få fred frå mobbarane.

## **2.2 Kva er digital mobbing?**

Digital mobbing har vore mykje omtala i massemedium som aviser og Internett (jf. punkt 1.5). I slike omtalar, blir det vist til ulike undersøkingar. Storparten av studiane er utført i USA, Canada, Storbritannia og Australia. Det er òg utført ein del undersøkingar i Noreg, og då mest på mobbing via mobiltelefon (jf. punkt 1.6).

Det er fleire definisjonar om digital mobbing. I utanlandske rapportar og artiklar, blir det ofte vist til Nancy Willard og Bill Belsey sine definisjonar. Nedanfor viser eg til begge definisjonar.

*Cyberbullying is being cruel to others by sending or posting harmful material, or engaging in other forms of social aggression using the Internet, or other digital technologies (Willard, 2005, s.1).*

*Cyberbullying or cyberthreat material—text or images—may be posted on personal Web sites, or blogs, or transmitted via e-mail, discussion groups, message boards, chat, IM, or cell phones (Willard, 2005, s.4).*

*Cyberbullying involves the use of information and communication technologies, such as e-mail, cell phone and pager text messages, instant messaging (IM), defamatory personal Web sites, and defamatory online personal polling Web sites, to support deliberate, repeated, and hostile behaviour by an individual or group, that is intended to harm others (Belsey, 2004, s.1).*

Desse to definisjonane omfattar om lag det same. Begge forfattarar har med ei konkret forklaring på korleis mobbinga kan utførast (Belsey, 2004, Willard, 2005). Willard (2005) har òg ei inndeling i åtte punkt, som m.a. viser til konkrete eksempel på kva som kan vera innhaldet i mobbetekstar. Desse åtte punkta kjem eg nærare inn på nedanfor. Sidan eg seinare i teorikapittelet viser til dei sju ulike digitale mobbekategoriene<sup>7</sup> og til Willard (2005) sine åtte eksempel på ulikt innhald i mobbetekstar, brukar eg Willard (2005) sin definisjon, som definisjonsgrunnlag i oppgåva mi.

Willard sin definisjon om digital mobbing, samsvarer bra med Roland sin definisjon om ordinær mobbing (Roland, 1983, Willard, 2005). Roland sin definisjon skildrar mobbinga m.a. som psykisk vald retta mot eit offer, og som er utført av enkeltpersonar eller grupper (Roland, 1983). Dette viser at definisjonen av ordinær mobbing òg kan omfatta digital mobbing sidan, det tydeleg er lagt vekt på psykisk vald, noko eg meiner digital mobbing er.

Digital mobbing kan bli gjort på ulike måtar. For å klargjera at digital mobbing er meir enn til dømes ein skriven tekst, viser eg til Willard (2005) si inndeling av "cyberbullying" i åtte punkt. Denne inndelinga viser at innhaldet av teksten, og måten det blir gjort på, er av betydning. Willard sine åtte grupper er "Flaming", "Harassment", "Denigration", "Impersonation", "Outing", "Trickery", "Exclusion" og "Cyberstalking" (Willard, 2005).

---

<sup>7</sup> Jf. punkt 2.2.1 og Anti-Bullying Alliance

”**Flaming**” er ei slags sint krangling med eit vulgært språk på Internett. Willard (2005) gjev dette eksempelet:

*Joe and Alec’s online exchange got angrier and angrier. Insults were flying. Joe warned Alec to watch his back in school the next day (s.1)*

”**Harassment**” er ei trakassering ved å senda stygge, vonde og sårande meldingar (Willard, 2005)

*Sara reported to the principal that Kayla was bullying another student. When Sara got home, she had 35 angry messages in her e-mail box. The anonymous cruel messages kept coming—some from complete strangers (Willard, 2005, s.1).*

”**Denigration**” er å sbli/baktala nokon ved å senda rykte på Internett om ein person for å øydeleggja rykte eller vennskap (Willard, 2005).

*Some boys created a “We Hate Joe” Web site where they posted jokes, cartoons, gossip, and rumors, all dissing Joe (Willard, 2005, s.1).*

”**Impersonation**” er å framstilla seg som ein annan. Mobbaren sender materiale på Internett som får offeret i problem eller fare, eller som øydelegg den plaga sitt omdømme eller vennskap (Willard, 2005).

*Laura watched closely as Emma logged on to her account and discovered her password. Later, Laura logged on to Emma’s account and sent a hurtful message to Emma’s boyfriend, Adam (Willard, 2005, s.1).*

”**Outing**” er når nokon avslører løyndomar, informasjon eller bilde på Internett som ein er flau over (Willard, 2005).

*Greg, an obese high school student, was changing in the locker room after gym class. Matt took a picture of him with his cell phone camera. Within seconds, the picture was flying around the phones at school (Willard, 2005, s.1).*

”**Trickery**” er eit slag bedrageri, der ein lurer informasjon ut av nokon, for så å leggja det ut på Internett (Willard, 2005).

*Katie sent a message to Jessica pretending to be her friend and asking lots of questions. Jessica responded, sharing really personal information. Katie forwarded the message to lots of other people with her own comment, "Jessica is a loser." (Willard, 2005, s.1).*

**“Exclusion”** er med hensikt å utestengja nokon på ein hjartelaus måte frå ei online-gruppe på Internett.

*Millie tries hard to fit in with a group of girls at school. She recently got on the “outs” with a leader in this group. Now Millie has been blocked from the friendship links of all of the girls (Willard, 2005, s.2).*

**“Cyberstalking”** er gjentekne intense trakasseringar og baktalingar som inkluderer truing eller som skapar frykt (Willard, 2005).

*When Annie broke up with Sam, he sent her many angry, threatening, pleading messages. He spread nasty rumors about her to her friends and posted a sexually suggestive picture she had given him in a sex-oriented discussion group, along with her e-mail address and cell phone number (Willard, 2005, s.2).*

Denne inndelinga viser utføring av ulike digitale mobbformer. Det kan vera trakasseringar som skapar frykt, utestenging, baktaling eller lureri, ved at ein utgjer seg for å vera ein annan.

### **2.2.1 Inndeling i kategoriar**

I førre avsnitt (punkt 2.2) blei det vist til åtte kategoriar ved utføring av digital mobbing. Under dette punktet viser eg til kategoriar om reiskapar som blir brukt. Desse kategoriane omfattar både mobiltelefon- og Internettmobbing. Anti-Bullying Alliance<sup>8</sup> opererer med følgjande sju kategoriar:

- *Telefonoppringing med mobiltelefon*

---

<sup>8</sup> Anti- Bullying Alliance blei grunnlagt i 2002. Dei har medlemmer frå over 50 organisasjonar som arbeider i eit nettverk med mål om å redusera mobbing og å skapa tryggare omgjevnader.  
[http://www.anti-bullyingalliance.org.uk/Page.asp?originx\\_820ha\\_7506010884149g47p\\_2006825955m](http://www.anti-bullyingalliance.org.uk/Page.asp?originx_820ha_7506010884149g47p_2006825955m)



- SMS (Tekstmelding via mobiltelefon)
  - MMS (Bilde eller videoklipp som er sendt via mobiltelefon)
  - E-post (melding/brev som er sendt vha. Internett)
  - Chatterom
  - MSN (Prat på Internett mellom to eller fleire personar.)
  - Web-sider som Blogg, Facebook, private heimesider og web-sider der ein kan stemma på kven som er feitast, styggast o.l.
- (Anti- Bullying Alliance by Goldsmiths College, University of London, 2003)

Eg brukar denne inndelinga i spørsmål til både elevar og lærarar i dei to spørjeskjema<sup>9</sup> mine. I spørjeskjema stiller eg spørsmål om respondentane har registrert desse sju ulike arenaene for digital mobbing på sin eigen skule. Desse spørsmåla blir stilt, for finna ut korleis den digitale mobbinga blir utført. Ifølgje Paulson (2003) skjer mobbinga oftast ved IM (Instant messaging), via mobiltelefonar og ved web-sider.

*The most common instances often involve instant messaging, or IM - the instantaneous chats that have spawned a lingo of their own and are a constant presence on most kids' computers. Bullies can send a mean or threatening IM with no identification beyond a selected screen-name. If that name gets blocked, they choose another (Paulson, 2003, s.2).*

*More recently, it's cell phones. For several years now, bullying via text messaging and cell phone photos has been a concern in countries such as Britain and Japan, where such technologies are common. ....Other times, it's a website. Some circulate rumors, ask students to vote on the ugliest or fattest kid in school, or focus on one individual (Paulson, 2003, s.2).*

Den vanlegaste IM i Noreg er MSN. Det er då viktig at dette får ekstra fokus i skulane. Digital mobbing kan skje på skulen og utanfor skulen, men effekten av mobbing utanfor blir teke med på skulen (Paulson, 2003). Dette er noko foreldre og lærarar bør fokusera på, og som ein må vera innstilt på å samarbeida om.

*"It might have been happening off campus," says Mr. Guidetti, "but the effects carry on into the school day.... Our school had the most*

---

<sup>9</sup> Sjå spørjeskjema til elevar (Sætre, 2007a) og spørjeskjema til lærarar (Sætre, 2007b) .

*postings of any school in southern California. It became a snowball effect, like a real-life soap opera. It became this culture of its own, and got very hurtful very quickly” (Paulson, 2003, s.2).*

Det digitale materialet kan bli sendt vidare til medelevar sine mobiltelefonar eller det kan bli lagt ut på Internett.

## **2.3 Lærarrolla**

I dette underkapittelet viser eg korleis lærarrolla er i høve til mobbing. Omgrepet lærarrolle er òg nytta i punkt 2.6.2, der det blir lagt vekt på læraren si sjølvoppfatning og identitet. Elevrolla blir presentert under punkt 2.4.1, og ho omhandlar mobbar, mobbeoffer og tilskodar.

### **Lærarrolla og mobbing**

Med tanke på tiltak mot mobbing, og krav og forventningar som blir stilt til læraren, synest eg det er høveleg å sjå litt nærare på lærarrolla. Kva roller blir det venta at læraren skal fylla i høve til mobbeproblematikken? Han skal vera ein autoritativ leiar i klassen. Det betyr at han er målretta, men at han baserer seg på rasjonelle argument, og viser omsorg for dei han leier (Roland, 2007a). Denne leiarstilen er avgjerande ved førebyggjande arbeid i klassen. Den autoritative læraren bør visa innleving og respekt for kvar elev som person. Det vil vera nødvendig med eit fagleg fokus frå læraren, slik at elevane får forståinga av den sosiale budskapet og krav som blir stilt. Med eit fagleg fokus meiner eg at læraren legg vekt på kva elevane skal læra, og at dei har klare læringsmål. Elevane må skjønna at ”slik er det hos oss”. Dette kan m.a. føra til eit betre sosialt miljø, som vidare verkar førebyggjande på mobbing (ibid.). I høve til mobbing er det venta at læraren skal setja grenser for å markera kva som er uakseptabelt. Korrigering av åtferd bør utførast med særleg dugleik, då kritikk kan såra og/eller mobilisera motstand. Med tanke på korrigering, kan det verka ekstra trygt for eleven dersom kritikken kjem frå ein lærar som bryr seg (ibid.). Det blir i slike tilhøve viktig at det er gode relasjonar mellom elev og lærar.

Andre sider av lærarrolla er læraren som medmenneske og yrkesutøvar. Desse to rollene er knytta saman ved at ein skal utøva læraryrket som medmenneske, og den gode lærar (Eidsvåg, 2005, Rørnes, 2007). Kva kjenneteiknar ”den gode lærar”? Den gode lærar

likar elevar, og er glad i alle slags barn: snille, ulydige barn, pene, stygge (Eidsvåg, 2005). Ifølgje Eidsvåg (2005) kan alle læra å bli ”den gode lærar”. Lærarkompetanse er ikkje ein personlegdomseigenskap, men ein personleg kompetanse (ibid.). Som medmenneske skal ein visa omtanke for kvar enkelt elev, ved merksemd og støtte (Roland, 2007a). På denne måten får eleven vita at læraren bryr seg om nettopp han/ho. Eg vil kort nemna avslutningsvis at ”Den gode lærar” er eitt av fleire kjenneteikn på ”den gode skulen”. Ein god skule gjev òg eit godt skulemiljø, eller omvendt. Eit godt skulemiljø handlar om m.a. trivsel, tryggleik, sosial og fagleg utvikling (Ørslund, 2004). Dersom desse faktorane er til stades, blir det lettare for barna å oppleve eit mobbefritt skulemiljø. Lærarrolla er som sagt viktig i det førebyggjande arbeidet for å oppnå eit mobbefritt miljø, og ved handtering av mobbing. I dette arbeidet er elevrolla viktig. Sentrale spørsmål er kva rolle tilskodar har, offer og mobbar. Dette set eg søkjelyset på i punkt 2.4.1. Det er òg sentralt å setja søkjelyset på elevrolla med tanke på tiltak, og kva rolle elevane kan ha i utarbeiding av desse. Kva betydning elevrolla kan ha i arbeidet om tiltak, utdjupar eg under punkt 2.5.

## **2.4 Individ, skule og struktur**

Under dette punktet set eg søkjelyset på korleis, og kvifor, elevar blir utsett for digital mobbing. Her ser eg på mobbing både i høve til individet, og til strukturen i skulen. Det har innan tiltaksprogramma kanskje vore for mykje fokus på individorienterte tiltak, som ved Olweus-programmet og Zero. I desse programma er det m.a. eit relativt stort fokus på kven som mobbar, og kven som er offeret. Det har truleg vore for lite merksemd på kva strukturen i skulen gjer med elevane. I avsnitta nedanfor gjennomgår eg først eit individperspektiv (punkt 2.4.1), og deretter eit strukturperspektiv (punkt 2.4.2).

### **2.4.1 Mobbar, mobbeoffer og tilskodar**

I mobbesituasjonar er det ofte tre partar involvert (Olweus, 1992, Roland, 1983). Dette er mobbar, mobbeoffer og tilskodar. Willard (2005) forklarar det med fire involverte. Det er mobbaren, mobbeofferet, tilskodar som støttar og oppmuntrar mobbaren og tilskodar som hjelper mobbeofferet.

- **Bullies.** *“Put-downers” who harass and demean others, especially those they think are different or inferior, or “get-backers,” who have*

*been bullied by others, and are using the Internet to retaliate or vent their anger.*

- ***Targets.*** *The targets of the cyberbully, are in some cases the bullies at school, and in other cases the targets.*

- ***Harmful Bystanders.*** *Those who encourage and support the bully, or watch the bullying from the sidelines, but do nothing to intervene or help the target.*

- ***Helpful Bystanders.*** *Those who seek to stop the bullying, protest against it, provide support to the target, or tell an adult. One of the most important strategies to address cyberbullying, will be stimulating more students to become helpful bystanders. (Willard, 2005, s. 5-6)*

For å forstå meir om kvifor nokon blir utsett for mobbing, vil eg sjå nærare på kven som mobbar. Dette utdjupar eg nedanfor, under overskrifta ”Den digitale mobbaren”.

### **Den digitale mobbaren**

Eit interessant spørsmål er kvifor barn og ungdom blir mobbarar. Kva er det som utløyser slik åtferd? Arnfinset (1991) hevdar at nokon vel seg syndebukkar som er annleis, eller spesielle. Mobbaren vender aggresjonen sin mot desse. Dersom behovet for syndebukkar er stort nok, kan mobbaren fordreia verkelegheita, og tillegga offera eigenskapar (Anfinset, 1991). På denne måten diktar mobbaren opp ein grunn til å plaga offeret. Denne åtferda til mobbaren blir til ein viss grad godkjent av dei tilskodarane som ikkje seier ifrå om mobbinga.

Dersom ein skal finna ut kvifor ein person blir ein mobbar, er det hensiktsmessig å sjå på vedkommande sin personlegdom. Ein person sine personlegdomstrekk har innverknad på kvifor vedkommande blir ein mobbar. Ofte er mobbaren meir aggressiv mot kameratar, vaksne, foreldre og lærarar. Han har ei meir positiv innstilling til vald, og er fysisk sterkare enn offeret. Mobbaren har eit forholdsvis ”positivt” sjølvbilde, og er nesten like populær blant jamnaldrande, som dei andre elevane. Mobbaren har òg låg empati, er uhemma og uredd, og har større risiko for å utvikla kriminalitet og rusmisbruk (Olweus, 1992, Roland, 1983).

Willard (2005) har ein teori om kven som er i risikograppa for å bli ein digital mobbar. Denne teorien deler ungdommen inn i fire grupper. Nedanfor viser eg først til ungdommar som er minst utsett for å bli ein mobbar, og avsluttar med dei som er mest utsett.

Den første grappa er ”fornuftige ungdommar”. Desse har kunnskap, sunn fornuft og verdiar til å gjera gode val. Dei har sunne venneforhold, og har blitt oppdregne til å vera uavhengige og ansvarsfulle (Willard, 2005). Forklaringa ovanfor viser at denne grappa har gode mogelegheiter til å ikkje bli digital mobbarar.

Den andre grappa er ”naive ungdommar”. Dei manglar tilstrekkeleg kunnskap til å ta gode nok avgjersler. Dei har sunne venneforhold og gode verdiar, og ved opplæring kan dei komma inn under den første grappa, som er ”fornuftige ungdommar” (ibid.).

Tredje gruppe er ”sårbare ungdommar”. Dei manglar den nødvendige kunnskapen og fornufta til å gjera gode val. Dei er ueinige med foreldra, har problem på skulen, og bryt ofte ut frå venneforhold. Dei har periodevise vennskap med foreldre eller jamnaldrande, og dei er vanlegvis emosjonelt forvirra. Desse ungdommane har ein ganske stor risiko for å bli digitale mobbarar (ibid.).

Den siste grappa er ”ungdommar i faresona”. Desse ungdommane utfordrar si eiga personlege helse, og dei har ofte samanstøytar med foreldre, skule og/eller jamnaldrande. Denne grappa er dei som har størst risiko for å bli digitale mobbarar (ibid.).

Willard (2005) utdjupar dette med å hevda at risikoen for å bli ein digital mobbar, aukar med følgjande haldningar og behov:

- Ein vil søkja etter aksept og merksemd frå folk på Internett. Dette kan vera elevlar som ikkje blir godtekne i vennegjengen.
- Ein er meir sårbar for manipulerande påverknadsteknikkar, som blir brukte av kriminelle personar som arbeider individuelt, eller i grupper.
- Ein fungerer i ein ”slåst eller flykt-modus”, som fører til at ein ikkje tenkjer klart, og at ein tek dårlege val.

- Ein har mindre merksemd på Internett-tryggleik. Vedkommande ser truleg ikkje farane ved bruk av Internett. Digital danning og nett-etikk blir ikkje så viktig.
- Ein er mindre flink til komma ut frå vanskelege situasjonar, sjølv om ein vil det.
- Ein er mindre flink, eller villig, til å stola på foreldra når ein treng assistanse/hjelp.
- Ein er mindre flink til å rapportera til vaksne om farlege situasjonar på Internett.

Desse punkta er nyttige når ein skal reflektera over kvifor ungdom tek dei vala som dei gjer. Det er viktig med førebyggjande arbeid med ungdommar som er i risikogrubbene, slik at dei kan klara å ta dei rette vala. Teorien om risikogrupper er eit nyttig bakteppe, når ein m.a. skal vurdera kor stor del av elevane som er utsette for ei eller anna form for digital mobbing. Denne teorien er òg nyttig for å finna ut kvifor nokre elevar mobbar og kvifor andre elevar klarar å gjera dei rette vala.

I 2005 laga FUG (Foreldreutvalget for grunnskolen) ei oversikt over råd til foreldre ved mobbing generelt (FUG har henta innhaldet frå eit hefte utgitt av den danske foreldreorganisasjonen Skole og Samfund, og tilpassa det til norske forhold). Her skriv dei m.a. om mobbaren at *”barn som mobbar, får sjølv problem med skulen, foreldra eller kameratane. Sjølv om dei fleste mobbarar er populære i byrjinga, kan dei enda med å bli upopulære”* (Foreldreutvalet for grunnskolen, 2005, s.7). Vidare seier dei at barn ofte mobbar fordi dei er sjalu, eller for at dei blir mobba sjølv. Det kan vera for at dei skal vera tøffe (mest gutar), for at dei vil visa seg, eller for at dei vil ha merksemd. Dei vil kanskje avreagera eller dei vil kompensera for eit nederlag, eller dei vil skapa samhald ved å stengja andre ute (mest jenter), (Foreldreutvalet for grunnskolen, 2005). Mobbing kan òg vera ei direkte vondskapsfull handling (Roland, 1983). Det eksisterer truleg mange mobbesituasjonar der ein ikkje kan unnskylda mobbaren, eller forklara åtferda hans med rasjonelle argument. Mobbing kan vera utslag av rein vondskap. Det kan t.d. vera at mobbaren vil øydeleggja for offeret (ibid.).

For å forstå litt meir om kvifor nokon mobbar, er det relevant å sjå nærare på kven som blir utsett for mobbinga. Dette utdjuvar eg nedanfor, under overskrifta *”Det digitale mobbeofferet”*.

### Det digitale mobbeofferet

Kvifor blir ein elev eit mobbeoffer? Anfinset (1991) viser til kor viktig det er at barnet ikkje skiljer seg for mykje ut, når det møter andre barn. Det er òg viktig å ikkje ha med seg for store sosiale handikap, som til dømes viss ein forelder er alkoholikar, eller på ein annan måte er spesiell. Dei andre barna vil då oppleva dette barnet annleis, og som dei ynskjer å distansera seg frå (ibid.). Ein elev kan òg bli mobba på grunn av utsjånad. Eleven kan til dømes vera liten av vekst, tjukk, ha ein annan hudfarge, eller briller. Slike trekk kan vera nok til å setja i gang utstøyttingsprosessen (Anfinset, 1991).

Ein elev kan òg bli eit offer på grunn av personlegdomstrekk som vedkommande har. Det kan vera at offeret er altfor passiv eller provoserande (Olweus, 1992, Olweus, 2001, Roland, 1983). Den passive er ofte engsteleg og usikker. Han/ho viser ofte meir frykt, og tyr oftare til tårer i pressa situasjonar. Vedkommande kan vera under gjennomsnittleg skuleflink, og kan ha eit noko svakare sjølvbilde. Offeret er ofte meir skjerma av foreldra, og har ei negativ innstilling til vald. Ei oppsummering av det passive offeret er at det er følsamt, forsiktig og stillferdig (ibid.). Det provoserande offeret har eit heftig gemytt, kan vera uroleg og ukonsentrert. Vedkommande verkar provoserande, og han/ho kjem oftare i konflikt med andre (ibid.). Desse skildringane av offeret sine personlegdomstrekk, viser kva som er typisk ved eit offer. Det er viktig å peika på at dette ikkje er ein regel, men at det ofte er slik.

Å bli plaga, er ei stor påkjenning for den som blir utsett for dette. Det viser seg at kvar enkelt elev finn sin måte å handtera det på. Foreldreutvalet i Grunnskulen (FUG) (2005) opplyser at mobbing kan utløysa alvorlege problem, som *dårleg åtferd, eteforstyrningar, kriminelle handlingar og depresjonar* (Foreldreutvalet for grunnskolen, 2005, s.7). Vidare fortel FUG at mobbing skadar barna, noko som dei gjev uttrykk for på ulike måtar:

*Mobbing gjer barn ulykkelege, og kan få dei til å skamme seg og føle seg einsame. Dei mister sjølvtiliten, blir inneslutta, og blir kanskje sjuke. Dei prøver å fortrenge at dei blir mobba; kanskje føler dei at det er deira eiga skuld, til dømes på grunn av den etniske bakgrunnen deira eller evnene. Kanskje avreagerer dei på syskena, eller på foreldra. Dei fleste spenner seg og blir ukonsentrerte på skulen. Nokre vil ikkje gå på skulen. Mobbing påverkar læringa og kan øydeleggje skulegangen. Jamnleg, men uføreseieleg psykisk mobbing med mange*

*truslar over lang tid, der barnet ikkje kan fortelje nokon om det, er kanskje det verste (Foreldreutvalet for grunnskolen, 2005, s.6).*

Sitatet frå FUG (2005), viser ulike sider av reaksjonane offeret kan få av mobbing. Læraren skal på bakgrunn av desse reaksjonane ta affære, og setja i gang tiltak. Tiltak frå skulesida blir nærare handsama under punkt 2.5. Hjelper ikkje dei tiltaka som lærar utfører, er neste instans PP-teneste og barnevern (Solli, 1984). Desse instansane skal gje hjelp og støtte til dei barn som treng dette. Når ei sak blir overteke av barnevernet, er problema ofte svært store. Problema kan vera rusmisbruk i heimen, eller rusmisbruk av eleven, som følgje av rusmisbruk i heimen, eller mobbing. Sjølv mord er òg noko mange offer vurderer. Dette kan komma av depresjonar og håpløyshe, som langvarig mobbing ofte fører med seg. Det viser seg at mobbeoffer ofte er langt meir prega av depresjonar, enn det andre elevar er (Roland, 2007a). Denne psykiske lidinga har kjenneteikn som *”tristhet, håpløshet, mangel på energi og pågangsmot”* (Roland, 2007a, s.48). Sjansen for milde eller alvorlege depresjonar, aukar ved langvarig mobbing. Sidan sjølv mordsfaren aukar ved depresjonar, har mobbeoffer langt oftare sjølv mordstankar enn andre (Roland, 2007a). I ein norsk studie utført av Roland i 2002, svarte 16 % av offera, og 3-4 % av dei andre elevane på ungdomstrinnet, at dei hadde hyppige sjølv mordstankar. I tilfelle der barnet er deprimert og prøver å ta sitt eige liv, kan barnevernet vera den rette instansen. Tiltaka barnevernet i så fall iverkset, er m.a. institusjonsplassering (t.d. barneheim og ungdomsheim), støttekontakt, plassering i fosterheim, eller på barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar (Solli, 1984).

Dette viser at det å bli mobba, digitalt eller ansikt til ansikt, er ei stor påkjenning for den som blir utsett for dette. Her må elevar, lærarar og foreldre bli kursa i korleis ein skal fanga opp signal frå ein som blir mobba. Ofte held offeret plaginga hemmeleg. Det er både uheldig og skadeleg for barnet, å tia om plaginga. Dersom dei vaksne ikkje får greie på mobbinga, kan dei heller ikkje setja i verk tiltak for å stoppa det. Tiltak blir nærare utdjupa under punkt 2.5. Nedanfor viser eg ulike sider ved skulestrukturen<sup>10</sup>, og kva ulike forskarar meiner om dette.

---

<sup>10</sup> Omgrepet skulestruktur omfattar m.a. korleis skuledagen er lagt opp med tanke på skuletimar i skulen og på arenaer utanom skulen. Omgrepet gjeld òg skulestorleik, talet på klassar i skulen, og talet på elevar i klassane (Møllebakken, 2007, Verdal kommune, 2001).



## 2.4.2 Struktura i skulen

I punkt 2.4.1 viste eg til m.a. kven som var i risikograppa for å bli mobbar og offer. Denne vinklinga er i stor grad individorientert, med tanke på at ein ser på årsaker som gjeld individa. Dette er vanleg i dagens mobbeprogram. Denne individorienterte forklaringa på mobbing, har fått kritikk frå fleire hald. Hareide (2004) synest at det er nødvendig med ein analyse av maktspelet i klassen, og av skulesystemet. Han kritiserer både Erling Roland og Dan Olweus, for å vera altfor individfokuserte, med tanke på handtering av mobbing og tiltak (Hareide, 2004). Olweus (2005) tilbakeviser denne kritikken. I tidsskriftet Skolepsykologi seier han bl.a.: ”Programmet er jo tvert imot sterkt rettet mot «systemet» som helhet, dvs. det sosiale miljøet i skolen og klassene, og har som sentrale siktemål å redusere mulighetene og belønning for mobbeatferd – og ikke primært å endre de involverte elevenes personligheter” (Olweus, 2005, s.45).

Asmervik (1974) og Eriksson et al. (2002) er òg kritiske til denne individretta grunngevinga av mobbinga. Asmervik har hatt eit interessant blikk på fenomenet mobbing i den tidlege fasen til mobbeforskinga. Han meiner at både barn og vaksne er klar over at mobbing skjer. Problemet er at ingen vågar å gripa inn i situasjonen, fordi dei har for lite kunnskap om fenomenet, og om mobbetiltak (Asmervik, 1974).

Asmervik presenterer tre punkt som beskriv mobbaren. Bakgrunnen til desse punkta er frå praksisen hans som skulepsykolog, frå den allmenne debatten, og frå forkinga til Olweus (Asmervik, 1974). Punkta er typiske innan mobbeparadigmet. Dei er noko meir utypiske i form av eit større fokus på skulen som struktur og system, og på mobbaren si mogelege skuldkjensle. Desse punkta er dei følgjande:

*”1. Vanskelig hjemmemiljø. Denne faktor resulterer i ganske mye atferdsavvik, og kanskje spesielt den typen atferd som er utagerende, som går ut over andre personer i det omkringliggende miljø.(...) For dem er det ikke fremmed å plage eller erte andre, de tar jo bare igjen for samme behandling som de selv tidligere er blitt utsatt for. Av samme grunn er deres samvittighet, slik den kommer til uttrykk gjennom over-jeg-et, ofte mangelfullt utviklet. De har derfor gjerne begrenset evne til å føle skyld over det gale de har gjort. Helt i tråd med dette finner Olweus, som man kunne forvente, at mobberen m.a. er mer positivt innstilt til vold enn elever flest.*

2. Vanskelig skolesituasjon. Ofte vil elever som opplever hjemmesituasjonen som vanskelig, også ha tilsvarende opplevelser i skolesituasjonen. (...) Det er det rimelig å påstå at skolen pr. sitt program innebærer en viss strukturell vold, idet systemet gjør noen til tapere og andre til vinnere. Taperne kan ikke godt uten videre forlate arenaen, de er tvunget til å være der, og den mobbing de måtte utøve, kan til en viss grad ses på som fortvilte utslag av motvold, som da rammer ganske uskyldige ofte. Til tross for at Olweus ikke finner at skolestørrelse spiller noen rolle for utbredelse av mobbing, er det likevel et utbredt inntrykk i Norge, at problemet vokser noenlunde proporsjonalt med skolens størrelse. På større skoler blir elevene så mange at de lett blir fremmedgjorte i forhold til hverandre, hvilket gjør at man føler mindre forpliktelse i sitt forhold til andre. Det er også mer problematisk for lærere å utøve inspeksjon når elevene blir mange og man kjenner desto færre.

3. Ubetenksomhet, manglende innlevelse. Troen på den såkalte "medfødte ondskap" er i dag lite utbredt blant opplyste mennesker. I den grad ondskap eksisterer, er den antakelig et produkt av tidligere gjennomlevde situasjoner, den er m.a.o. tillært. Svært ofte stikker heller ikke en tilsynelatende ondskap særlig dypt, men beror heller på manglende omtenksomhet, eller evne til innlevelse i offerets situasjon. (...). At opplevelse av individuell skyld ikke alltid fungerer like godt når mobberen befinner seg som medlem av en gruppe, beror på at skylden fordeles på flere, og likeledes at bevissthetsnivået gjerne nedsettes når mennesker opptre kollektivt i handlinger som en alene ville vike tilbake for." (Asmervik, 1974, s. 91-92).

Dette sitatet viser at både sosialisering i eit vanskeleg heimemiljø, og pulverisering av ansvar gjennom gruppehandlingar, kan knyttast til mobbaren. Dette er òg sentralt m.a. innan Olweus sin teori (Olweus & Solberg, 1997). I tillegg ser Asmervik noko av fenomenet som eit utslag av strukturell vald, fordi systemet lager vinnarar og taparar. Han poengterer òg at tvangen om at ein framleis må vera til stades på skulen når slike situasjonar oppstår, kan vera med på å utløysa det han kallar for "et utslag av motvold". Ved å ta tak i strukturane, kan ein hjelpa individet utan å stigmatisera det. Dette er idéar som rettar søkjelyset meir mot skule og struktur, enn mot mobbar og offer direkte.

Med tanke på skulestrukturen, er det gagnleg med god kvalitet på skuleleiing og klasseleiing. Eg tykkjer òg at eit godt samarbeid mellom skuleleiing og dei tilsette på

skulen, har stor verdi både ved førebygging, oppdaging og handtering av mobbing. Roland (2007) viser til viktige funn som gjeld mobbing og strukturen i skulen, i boka si "Mobbingens psykologi". Desse funna gjeld både kvaliteten på leiinga i skulen, og på den pedagogiske semja i kollegiet. Funna viste at begge desse områda var viktige for omfanget av mobbing i skulen. Eit anna funn var at klasseleiinga har direkte betydning for omfanget av mobbing, og indirekte betydning via det sosiale mønsteret i klassen (Roland, 2007a). Dette viser at god skuleleiing, aukar sjansen for pedagogisk semje og samarbeid i kollegiet. Målet blir å få samarbeidet i kollegiet til å bli overført til god klasseleiing, sidan dette er av direkte betydning for omfanget av mobbinga.

Det kan ofte oppstå kritikk til ulik teori og praksis som blir utført i skulen. Dette gjeld òg kva tidlegare forskning har i søkjelyset, når ein skal finna forklaringar på mobbeprobler. Eriksson et al. (2002) har synspunkt som gjeld mobbing, individ og struktur. Dei synest at det i forskinga har vore for stort fokus på individuelle forklaringar på mobbeprobler. Både mobbar og den fornærma er forklart via typiske kjenneteikn, men då av indre, ikkje ytre karakter. Dei viser òg til for liten grad av forskning på lærarar, og på det administrative apparatet i skulen. Strukturen til skulen blir stort sett utelaten i studiane (Eriksson et al., 2002). Dette synest eg er eit sentralt moment, med tanke på tiltak ved mobbing. Kan dette vera ein av grunnane til at tiltaka tilsynelatande ikkje verkar godt nok? Dette spørsmålet blir sett nærare på i drøftingsdelen, der tiltaka blir studert. I avsnittet nedanfor utdjupar eg ulike program og tiltak som m.a. blir anbefalt i skulen.

## 2.5 Ulike program og anbefalte tiltak

Korleis skal skulane klara å unngå at unge og ungdom blir digitale mobbarar? For å imøtekomma dette, meiner Willard (2005) at :

- *Educate adults who are likely in the best position to detect and respond to concerns involving higher risk youth*
- *Develop effective teen "bystander strategies" to encourage teens to provide guidance and assistance to peers, and report online concerns to adults, s.7.*

Dette som Willard (2005) uttrykkjer, er nødvendig dersom ein skal få redusert den digitale mobbinga. Det er viktig med utdanning av vaksne, og å utvikla gode strategiar for tilskodarane. Vaksne og barn/ungdom må få god kunnskap om kva som skjer ved digital mobbing. Dei må òg bli opplært i tiltak mot digital mobbing. I Olweus-programmet blir det lagt vekt på skulering, bevisstgjerung og dugleiksutvikling av lærarar. Lærarar og andre tilsette ved skulane er, etter Olweus si meining, ein føresetnad for ein effektiv og framgangsrik bruk av Olweus-programmet (Olweus, 2001).

Mange skular prøver å unngå digital mobbing ved førebyggjande tiltak. Dette blir gjerne utført ved bruk av undervisningsopplegga "Du bestemmer", LP-modellen og MOT. Undervisningsopplegget "Du bestemmer" handlar om personvern, og det har fokus på at eleven skal gjera dei rette vala. Eitt av måla med tiltaket er at eleven skal bli opplyst om korleis ein behandlar opplysningar om seg sjølv og andre. LP-modellen (Læringsmiljø og pedagogisk analyse) er basert på pedagogisk teori og tidlegare forskingsresultat. Modellen har vore prøvd ut i 14 skular, der 350 lærarar, og 3500 elevar, har vore involvert i pilotprosjektet i perioden 2002 til 2005 (Lillegården Kompetansesenter et al., 2005). Lillegården kompetansesenter har stått for opplæring og rettleiing av lærargrupper. NOVA, ved dr. polit. Thomas Nordahl, har evaluert modellen ved hjelp av spørjeskjema til elevar, lærarar og foreldre. Gode evalueringresultat har ført til at utdanningsstyresmaktene har valt LP-modellen som eitt nasjonalt satsingsområde. Systematisk arbeid med å betra læringsmiljøet, gjev resultat for eleven sitt læringsutbytte, sosialt og fagleg. Elevane i prosjektskulane har oppnådd betre resultat enn kontrollskulane på følgjande område:

- Skulefaglege prestasjonar i norsk, matematikk, engelsk og natur- og miljøfag, har auka med 0,4 karakterar i gjennomsnitt
- Sosial kompetanse blant elevane har auka
- Bråk og uro i undervisinga er redusert
- Det er mindre konflikhtar mellom elevane, og ein klar nedgang i mobbing (Lillegården Kompetansesenter et al., 2005, Nordahl, 2005).

Lista ovanfor viser at LP-modellen gjev gode resultat. Nordahl (2005) trur at dei positive elevresultata har ein samanheng med at lærarane framstår som tydelege vaksenpersonar, med gode relasjonar til elevane. Lærarane blir oppfatta som

autoritetar av elevane, ved at dei både har eit nært forhold til elevane, og har god kontroll og struktur på undervisinga (Nordahl, 2005).

MOT<sup>11</sup> er ein ideell organisasjon som bevisstgjer ungdom til å ta val som gjer at dei meistrar livet. MOT oppfordrar til å visa mot og til å ta eigne val. MOT samarbeidar med over hundre kommunar, i heile Noreg. Eksterne evalueringar viser at prosjektet truleg har bidrege til å styrkja motet til meir enn 110 000 ungdommar (basert på svar frå ungdom) (MOT, 2008).

I denne oppgåva har eg teke utgangspunkt i Olweus-programmet sine tiltak. Desse tiltaka er delt inn i tre kategoriar<sup>12</sup> (Olweus, 2001). Dette er tiltak på skulenivå, klassenivå og individnivå. Ut frå denne inndelinga vil eg i neste avsnitt presentere desse tre tiltaksnivåa, og supplera med Willard sine tiltak mot digital mobbing (Willard, 2005). Tiltaka i Olweus-programmet blei i første omgang retta mot ordinær mobbing. Etter kvart som digital mobbing har blitt meir vanleg blant unge, har Olweus-programmet delvis blitt tilpassa dette nye mobbefenomenet, med m.a. spørsmål om digital mobbing i spørjeskjema til elevane.

### **2.5.1 Tiltak på skulenivå**

Kva tiltak kan ein skule setja i verk ved digital mobbing? Olweus-programmet viser til tiltak som både kartlegg, førebyggjer og motverkar mobbing. Desse tiltaka er m.a. undersøking med spørjeskjema, betre inspeksjonssystem, studiedag om mobbing og pedagogiske samtalegrupper (Olweus, 2001). Willard (2005) seier at skulane har plikt til å ta forholdsreglar mot digital mobbing. Ho meiner at skulen m.a. kan utarbeida føreskrifter som forbyr elevar å bruka Internett eller mobiltelefon til mobbing på skulen sitt område. Desse føreskriftene må tilsette og elevar på skulen få undervising om. Skulen må òg ha ein effektiv kontroll og overvaking av Internett-systemet til skulen. Det er òg hensiktsmessig med eit rapporteringsverktøy som gir høve til anonym rapportering (Willard, 2005).

---

<sup>11</sup> Namnet MOT blei valt fordi det ligg styrke i det, og av di det har dobbel betydning; det handlar om å ta eit standpunkt til å vera mot noko, og det handlar om eigenskapen å visa mot.

<sup>12</sup> Sjå vedlegg 1: Oversikt av tiltakslista til Olweus

Ved å venda blikket tilbake på norske skular, er eit eksempel på tiltak på skulenivå å etablere miljøgruppe på skulen. I endringane som kom i opplæringslova av 17. juni 2005, står følgjande:

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantar for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.*

*Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal. (Kunnskapsdepartementet, 2005, § 11-1a)*

Vidare står det at:

*Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for eit godt skolemiljø. Skolemiljøet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet (Kunnskapsdepartementet, 2005, § 9a)*

Dette viser at det er lovfesta med eit skolemiljøutval på skulane. Utvalet skal hjelpe skulen med m.a. førebygging og handtering av mobbing. Sandsleth (2007) viser til eksempel i boka "Mobbing – Forstå, bekjempe og forebygge", korleis skulen kan starta ei slik miljøgruppe (Sandsleth, 2007). Denne gruppa kan ha i oppgåve å utarbeida handlingsplan mot mobbing på sin eigen skule. Etter tiltak på skulenivå, kjem ein til tiltak som gjeld klassenivå. Desse tiltaka blir omtala nedanfor.

### **2.5.2 Tiltak på klassenivå**

Kva tiltak mot mobbing kan utførast på klassenivå? Olweus-programmet viser m.a. til klassereglar mot mobbing, regelmessige klasseråd og klasseforeldremøte (Olweus, 2001). Willard (2005) meiner at elevar må få informasjon og kunnskap om bruken av Internett, og om den negative påverknaden ein kan frå Internett. Vidare seier Willard (2005) at elevar må få vita om dei negative konsekvensane ved digital mobbing. Elevane treng spesielle retningslinjer for å førebyggja og stoppa slik mobbing (Willard, 2005). Det er òg viktig å bevisstgjera tilskodarane om kor viktig det er å seia ifrå om

mobbinga. Tilskodarane må òg yta hjelp til offera, og fortelja om plaginga til vaksne (ibid.).

*In addition, students need to have a better understanding of family, school, and legal limits on online speech, negative influences on online behavior, and Internet privacy protection. Students should be warned about the negative consequences of online retaliation and posting material that could be perceived as a threat. Students need specific guidelines on how to prevent and stop cyberbullying. Educating bystanders about the importance of speaking out, providing assistance to victims and reporting concerns, is important (Willard, 2005, s.13).*

I sitatet legg Willard (2005) vekt på verdien av å undervisa elevar og tilskodarar om ulike digitale mobbemåtar. Det er òg nødvendig med ei skikkeleg undervising av elevar og lærarar i kva ein skal vera observant på, og korleis ein kan hindra og stoppa digital mobbing (Ørslund, 2004, Willard, 2005). Dette er òg intensjonen med Olweus sine framlegg til tiltak. Her skal elevar og lærarar laga reglar mot mobbing i klassen, som blir følgt opp i klasseråd (Olweus, 2001). Sandsleth (2007) uttrykker òg at læraren bør ha fokus på observasjon. Det å vera observant for det som skjer blant elevane, både i klassen og utanfor, er ein eigenskap som ikkje kjem over natta. Sidan læraren er leiaren i klassen, og ein nøkkelperson, er det viktig at vedkommande har denne eigenskapen. Vidare stiller Sandsleth spørsmålsteikn ved om det å vera observant, skulle vore pensum i lærarutdanninga (Sandsleth, 2007). Både det å vera observant, og å trenast på ”mobbar-samtalar”<sup>13</sup> er nyttig kunnskap og erfaring for ein lærar. Det kan vera vanskeleg å observera alt som skjer, i ein klasse på 28 elevar. Innsatsen til læraren om å førebyggja mobbing i klassen, handlar òg mykje om å vera ein tydeleg vaksenperson, og leiar i klassen. Han bør ha tilliten til elevane, og vera den som veit mykje om korleis elevane har det (Roland, 2007a). Tiltaka over er betydningsfulle på klassenivå. Det siste nivået på Olweus si tiltaksliste er ”individnivået”, som blir omtala nedanfor under punkt 2.5.3.

---

<sup>13</sup> Jf. Punkt 2.5.3

### 2.5.3 Tiltak på individnivå

Kva tiltak kan utførast på individnivå? Olweus (2001) legg m.a. vekt på bruken av samtalar med mobbar, mobbeoffer og foreldre. Ut frå desse samtalanane blir det laga individuelle tiltaksplanar (Olweus, 2001). Willard (2005) har forslag til kva foreldre, elevar og lærarar kan gjera på individnivå:

- Roleg og handlekraftig fortelja at ein skal slutta med den digitale mobbinga.
- Ignorera den digitale mobbaren.
- Foreldre til offeret kan kontakta foreldra til den digitale mobbaren, eller kontakta ein advokat, eller politi.

Sandsleth (2007) oppmuntrar i boka si om arbeid med ”Øvelse i samtale med mobbar”. I denne samtalen trenar læraren seg til å vera førebudd til eleven sine bortforklaringar og strategiar, for å ikkje bli avslørt. Han får òg øva seg på kva han skal gjera (ibid.). Sandsleth skriv følgjande om kva læraren bør:

- *Holde deg til saken*
- *Ikke bli sint, eller veldig moralsk*
- *Tydeliggjøre alvoret i saken*
- *Forlange stopp i adferden*
- *Unngå diskusjon*
- *Gi eleven mulighet til å gjøre opp for seg / få eleven på din side*
- *Bruk ikke for lang tid (Sandsleth, 2007, s. 158).*

Dette meiner Sandsleth at læraren treng å øva seg på, for å ikkje gå i fallgruvane. Dei lærarane som har vore involvert i mobbesaker, vil truleg kjenna igjen verdien av desse tipsa til Sandsleth.

Det er tilgjengeleg mange råd til foreldre og barn, om korleis dei skal handtera digital mobbing på Internett. På Foreldrenettet (2007) blir det sitert frå ein artikkel i Romerikes blad som handlar om digital mobbing, og problemet med at ein er tilgjengeleg heile døgnet. I denne artikkelen blir det gjeve følgjande tips til foreldre og barn, om korleis ein skal stella seg til mobbinga (Foreldrenettet, 2007).

#### ***Mobiltelefon***

- *Ikke svar på krenkende meldinger.*
- *Overfør meldinger eller krenkende bilder til en egen mappe (på mobiltelefonen) som bevis.*
- *Før logg over når meldingen kom, hvilket nummer den kom fra, og hva som stod i den.*



- *Før logg som viser hver gang barnet mottar en telefonsamtale som innebærer elementer av mobbing eller krenkelser. (også ukjente nummer)*
- *Ikke besvar ukjente nummer. (Hvis det er noe viktig, vil vedkommende legge igjen en beskjed).*
- *Gi barnehagen eller skolen beskjed om mobbingen som finner sted i fritiden, slik at de har kunnskap om barnets hverdag, og kan være støttende og hjelpe barnet.*
- *Dersom barnet blir taust, lei seg eller endrer adferd på en negativ måte etter en telefonsamtale eller etter å ha mottatt en SMS, snakk med barnet om hva som skjer.*
- *Vær støttende og lyttende. Ikke gi barnet skylden for mobbingen. (Enkelte barn vil ikke si fra, av frykt for å bli fratatt mobilen.)*
- *Vær selektiv med å gi bort nummeret til ukjente.*
- *Slå av mobilen om natten. (Foreldrenettet, 2007, s.1).*

### **Internett**

- *Skriv ut all e-post med krenkende tekster, og arkiver dem.*
- *Hvis teksten er lovstridig, kontakt politiet.*
- *Dersom det er et ukjent navn, ikke åpne e-posten.*
- *Blokker e-post fra avsendere en ikke ønsker å motta e-post fra.*
- *Skolen og foreldrene må vise interesse for hvor barnet surfer på Internett.*
- *Installer nettfiler på datamaskinen når barnet begynner å surfe.*
- *Barn kan også bli trakassert på chattesider. Snakk om personvern, og noen enkle regler knyttet til Internettbruk.*
- *Det viktigste filteret finnes i barnets hode. Snakk med barnet om bruk av Internett.*
- *Den beste forebyggingen mot all mobbing, er at barn og unge lærer til å vise respekt og empati for hverandre. Det grunnleggende menneskesynet har stor betydning for forebygging av mobbing (ibid.).*

Dette er ei detaljert liste om m.a. tiltak ved digital mobbing. Ein del av punkta er òg gode forholdsreglar for å unngå å bli utsett for digital mobbing.

Til slutt i denne tiltaksoversikta vil eg kort nemna ein del gode råd og tips som Roland (2007) gjev i boka si. Det er naudsynt å setja grenser den første skuledagen om hausten. Denne dagen er den viktigaste, og elevane bør sjå ”teikna” frå læraren som tyder kontroll frå alle sentrale arenaer, som skulegarden, korridoren, garderoben og klasserommet (Roland, 2007a). Desse ”teikna” frå lærarane bør vera synlege, slik at

elevane skjønner at dårleg åtferd vil få ein konsekvens. Desse teikna kan vera synlege vaksne i skulegarden (læraren brukar refleksvest) som er raskt på plass når noko skjer. I klassearenaen bør kontaktlæraren vera først i klasserommet, og gjerne handhelsa på kvar elev. Dette er eit teikn på myndigheit, og det viser kven som bestemmer i klassen (ibid.). Ved fellessamling første skuledag, er det viktig at lærarar og rektor set standarden for korleis slike fellesmøte skal vera. Skuleleiing og tilsette må på førehand vera einige om korleis uønska åtferd skal korrigerast, og kven som gjer dette (ibid.).

I dette kapittelet har eg henta forslag om tiltak frå fleire hald, som Foreldrenettet (2007), Olweus (2001), Roland (2007), Sandsleth (2007) og Willard (2005). Dette for å visa ei breidde på dei ulike tiltaka som er tilgjengelege i både bøker og som undervisningsopplegg. I punktet nedanfor vil eg utdjupa kvifor, og i kva situasjon, elevar og lærarar tenkjer ulikt. Med tanke på bruken av tiltak, og kva tiltak som fungerer, vil dette vera interessant. Ein kan på denne måten finna ut kvifor elevar og lærarar eventuelt er usamde.

## **2.6 Kvifor tenkjer elevar og lærarar slik dei gjer?**

Hovudmålet i undersøkinga mi er å visa korleis mobbeoffer, medelevar og lærarar oppfattar digital mobbing. Tenkjer elevar og lærarar ulikt, og kvifor gjer dei i så fall det? I høve til desse spørsmåla, ser eg nærare på korleis elevar og lærarar oppfattar mobbesituasjonar.

Nedanfor utdjupar eg ulike tilhøve som kan forklara kvifor mobbeoffer, medelevar og lærarar tenkjer ulikt. Deretter vil dette samanfatast i to forklaringsmodellar, ved hjelp av ein tabell. Denne tabellen viser kva mobbeoffer, medelevar og lærarar tenkjer om digital mobbing, og korleis dei oppfattar denne digitale mobbinga.

Forklaringsmodellane kan bidra til å gjera greie for kvifor det kan vera skilnad i oppfatning av digital mobbing mellom gruppene mobbeoffer, medelevar og lærarar. Desse perspektiva vil vera viktige i analysen av hovudproblemstillinga; ”Korleis oppfattar mobbeoffer, medelevar og lærarar digital mobbing?”.

Nedanfor blir det innleia med å sjå på misforståingar mellom elevar og lærarar, der det blir vist til tidlegare studiar på dette området.

### **2.6.1 Misforståing – Elevar og lærarar**

Det er utført fleire undersøkingar om korleis ungdommar og vaksne oppfattar kvarandre. Dette er studiar som viser kva ungdommar trur om seg sjølve, og om vaksne, og om kva vaksne meiner om seg sjølve, og om ungdommen.

Eit døme på ei slik undersøking er Bengt-Erik Andersson sin studie frå 1974. Her var 455 ungdommar, og 548 vaksne, med på undersøkinga. Deltakarane i studien skulle svara på kva haldningar/innstillingar dei hadde til kvarandre (Andersson, 1974). Studien viste at ungdom og vaksne ikkje såg særleg annleis på korkje ungdoms- eller vaksengenerasjonen. Likevel var det markerte skilnader når det gjaldt korleis ein trudde den andre generasjon såg på sin eigen generasjon. Ungdom misforstod altså korleis vaksne oppfatta ungdom, og dei vaksne misforstod korleis ungdom oppfatta vaksengenerasjonen. Studien viste vidare at ungdom misoppfatta dette meir enn vaksne (ibid.). Dette resultatet viser at ungdommen misforstod vaksne, meir enn kva vaksne gjorde når det gjaldt ungdommen.

Med tanke på mi undersøking, kan ei årsak til skilnad mellom elevar og lærarar, vera at dei ikkje forstår kvarandre si oppfatning av mobbesituasjonen. Det vil seia at dei til dømes ikkje oppfattar det same, fordi dei ikkje opplever det same. Når ei faktisk hending blir observert av tre ulike personar, blir det ofte observert tre ulike fenomen (Roland, 1995). Forenkla kan ein seia at verkelegheita er den private tolkinga som observatøren gjer av hendinga. På denne måten, vil ein mobbesituasjon ha like mange røynder som det er observatørar (ibid.).

I dei to neste underkapitla (punkt 2.6.2 og punkt 2.6.3) forklarar eg elevar og lærarar si oppleving av mobbing ut frå eit sjølvoppfatning- og identitetsperspektiv, og frå eit kulturperspektiv.

### **2.6.2 Sjølvoppfatning- og identitetsperspektiv**

Sjølvoppfatning er eit individ si bevisste oppfatning av seg sjølv, som er personen sine tankar, kjensler, motiv og handlingar (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Denne oppfatninga

gjeld ved alle sider av seg sjølv, og ved alle område der ein har gjort erfaringar. Dette betyr at sjølvoppfatninga òg gjeld ved digital mobbing. Korleis ein elev eller lærar oppfattar ein mobbesituasjon, kan då bli påverka av korleis vedkommande si sjølvoppfatning er.

Omgrepet sjølvoppfatning blir ofte delt inn i *sjølvvurdering*, som er sjølvoppfatning på bestemte område, og *sjølvverd*, som er den generelle eller globale vurderinga (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Sjølvverd er eit resultat av dei vurderingane ein gjer av seg sjølv, på ulike område (ibid.). Korleis ein person verdset seg sjølv, er eit viktig aspekt ved sjølvoppfatninga. Det å verdsetja seg sjølv lågt, eller å ha låg sjølvakseptering, er ein subjektiv ubehageleg tilstand. Personar med lågt sjølvverd, kan få fleire symptom på sviktande mental helse. Dette kan føre til utslag i psykosomatiske symptom (hovudverk, magesmerter), depresjon, angst og stress (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Desse symptoma gjeld òg ein elev sine reaksjonar på digital mobbing. Offeret kan få lågt sjølvverd av mobbinga, som igjen kan føra til låg sjølvoppfatning. Læraren kan, på bakgrunn av offera sine symptom (magesmerter, hovudverk, angst o.l.), få ein indikasjon på om eleven har blitt utsett for mobbing.

Sjølvoppfatninga blir òg danna gjennom persepsjon av andre sine reaksjonar på eiga åtferd. I George H. Mead sin teori, blir dette kalla ”symbolsk interaksjonisme” (Rosenberg, 1979, Skaalvik & Skaalvik, 2005). Her dannar eleven ei oppfatning av seg sjølv, ut ifrå ei tolking av medelevane si oppfatning av vedkommande. Det viktige er at det er signifikante andre som gir tilbakemelding, for at det skal ha betydning for oppfatninga av oss sjølve (ibid.). I høve til digital mobbing, er det m.a. viktig at elevar og lærarar innehar denne evna til å tenkja seg inn i den andre sin plass. Slik kan dei sjå seg sjølv frå den andre sin synsvinkel, og dermed oppdaga fleire mobbesituasjonar. Dette blir i teorien kalla *perspektivtaking*; det å sjå situasjonen frå den andre sin synsvinkel (jf. punkt 2.3 ) (Rogers, 1982, Skaalvik & Skaalvik, 2005).

Ulike studium viser at barn som har blitt mobba, har lågare sjølvoppfatning enn barn som ikkje har blitt mobba (Greiff, 2005). Korleis er då medelevar si evne til å rapportera om digital mobbing av andre elevar? Sidan medelevane ikkje har tilgang til sjølve opplevinga av å bli mobba, kan ikkje dei gje den sentrale informasjonen om mobbesituasjonen/fenomena. Dei vil heller ikkje kunne observera mobbeofferet si

sjølvoppfatning, eller føla det utstøtte offeret si einsemd. Dette gjeld òg lærarar, og deira evne til å kunna setja seg inn i mobbeofferet sin situasjon ved digital mobbing (ibid.). Lærarar har òg ulike faglege vurderingar om kven som blir mobba. Desse vurderingane stemmer ikkje alltid med vurderingane til elevane (Greiff, 2005). Greiff (2005) viser til ulike studium der innhenta informasjon viser at lærarar meinte at mobbeoffera var elevar som slåst, forstyrra og hadde vanskeleg for å samarbeida. Elevane meinte at offera var sky og hjelpesøkjande. Denne skilnaden mellom elevar og lærarar sine meininger, viser at lærarar kan ha vanskar med å sjå dei ”klassiske” offera, fordi dei er for fokusert på dei provoserande offera (ibid.). Dette kan vera ei årsak til at elevar og lærarar ser mobbesituasjonar ulikt.

### **Identitet**

Identitet er ei viktig side ved sjølvoppfatninga, både blant elevar og lærarar. Omgrepet identitet blir til tider brukt synonymt med sjølvoppfatning, men det er vanleg å bruka identitetsomgrepet til å beskriva ein person si ”sosiale plassering” i eit sosialt miljø (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Identiteten blir då bestemt på bakgrunn av vedkommande sine ulike roller i dette miljøet. Identiteten gjeld personen sitt namn, yrke, nasjonalitet, kjønn, alder, tilhøyrigheit til bestemte grupper osv. Identitet kan òg bli lagt til ulike verdiar. Eksempel på identitetskategoriar som kan leggjast til negative verdiar er kriminell, alkoholikar og arbeidslaus. I høve til dette, kan ein seia at mobbar og mobbeoffer er identitetskategoriar som kjem frå negative verdiar.

Det å ha ein identitet, inneber òg å ha ei stabil og trygg sjølvoppfatning, og å vera seg sjølv bevisst i si sosiale forankring (ibid.). Dette vil seia at viss ein elev ikkje føler tilhøyrigheit blant medelevar, vil dette føra til ei dårleg sjølvoppfatning, og ei identitetsforvirring<sup>14</sup>. Elevar som blir digitalt mobba, kan òg føla mangel på tilhøyrigheit, og dei kan få dårleg sjølvoppfatning, og ei identitetsforvirring. I samband med dette, er det nyttig å studera Erik H. Erikson sin teori om personlegdomsutvikling. Erikson deler livsløpet inn i åtte utviklingskrisar (periodar), der den eine av desse er ”identitet – identitetsforvirring” (Imsen, 2005). Denne perioden skjer i puberteten, og elevar i ungdomsskulen blir då råka av denne identitetskrisa. Dersom elevar i ungdomsskulen i tillegg blir utsett for mobbing, blir det endå tøffare å komma seg

---

<sup>14</sup> Sjå nedanfor om Eriksons teori om personlegdomsutvikling.

gjennom denne fasen. Resultatet av eit negativt utfall i denne utviklingskrisa blir identitetsforvirring. Ein elev med ei identitetsforvirring, vil ha problem med å finna plassen sin i omverda. Resultatet av dette gir utslag i utryggleik hos offeret (ibid.). Dette er signal som lærarar bør vera merksame på, for å komma den digitale mobbinga til livs. Dersom lærarar klarer å ta signala til elevane på alvor, kan dei avsløra fleire moglege mobbesituasjonar.

Elevar sitt behov for å høyra til, er sterkt og grunnleggjande. Ein ser difor at elevar kan strekkja seg langt for å oppnå tilhøyrighet eller for å unngå utestenging frå gruppa. I alle klasser/grupper blir det utvikla reglar/kodar som skapar identitet (Roland, 1995). Denne koden gjer det enklare for medlemmane å forhalda seg til kvarandre, og til situasjonar som oppstår. Koden klargjer òg krava for å høyra til i gruppa (ibid.). I klassar med mobbing og plaging, er det vanleg at elevar ikkje seier ifrå til læraren. Dette er i frykt for å bryta kodane i klassen, og å bli utestengde sjølve (ibid.). Dette gjer det vanskelegare for lærarane å oppfatta den digitale mobbinga.

Ser ein på læraren sin identitet, vil fokuset bli retta mot hennar/hans lærarrolle<sup>15</sup>, i tillegg til alder, kjønn, yrke o.l. Kva ansvar, krav og forventingar blir stilt til læraren? Læraren sin identitet byggjer på hennar/hans sjølvforståing, som igjen er avgjerande for kva handlingar læraren utfører (Fosslund & Grimen, 2001). Her kan ein vidareføra dette til korleis læraren oppfattar digital mobbing blant elevar. I Utdanningsdirektoratet (2008) si rettleiing av nyutdanna lærarar, står det at identitet og sjølvforståing ikkje kan utviklast utan at vedkommande forstår seg sjølv på bakgrunn av sterke vurderingar (Utdanningsdirektoratet, 2008). Språk, diskusjon og artikulasjon av kjensler og verdiar, blir viktig for identitetsskapinga til læraren (ibid.). På denne måten kan læraren utvikla identiteten sin, ved at han/ho fortolkar seg sjølv mot desse vurderingane vedkommande gjer.

### **2.6.3 Kulturperspektiv**

Korleis blir elevar og lærarar påverka av kulturen når det gjeld oppfatning av digital mobbing? Mennesket blir forma av, og formar kulturen som omgir det. Kulturen heng

---

<sup>15</sup> Jf. punkt 2.3

difor nøye saman med livserfaringar (Brattland, 2002). At ein ungdom er eit kulturelt vesen, betyr at han/ho lever i ein samanheng i lag med andre ungdommar som har noko felles. Denne fellesskapen kan vera like gjeremål, som å sende SMS, chatta og senda e-post. Dersom nokre av ungdommane ikkje har like stor tilgang til dei digitale verktøya som gjev livserfaringar til fellesskapen, vil desse individa falle utanfor denne fellesskapen. Dette kan i sin tur føra til utestengingar, og digital mobbing. Døme på mobilmobbing kan vera MMS (t.d. bilde frå dusjen etter gymsstund) som blir sendt vidare til klassekameratar, og latterleggjort når offeret er til stades. Det er ei alvorleg sak for ungdom å bli mobba i denne fasen av livet, der ein er meir knytta til venner enn til familie (Skaalvik & Skaalvik, 2005). Det som betyr noko, er anerkjenning av vennegjengen. For å få dette, må ein gjerne ha dei rette merkekleda, ein fancy mobiltelefon, og gjerne ein eigen berbar PC. Å eiga ein mp3-spelar, eller ein ipod kan òg gje innpass i vennegjengen. Ein får på denne måten visa at ein er som alle andre, noko som er viktig i denne alderen.

Ein kan forklare kultur som dei idear, verdiar, reglar, normer, kodar og symbol som eit menneske arvar/får frå den førre generasjonen, og som blir ført vidare, gjerne noko endra, til neste generasjon (Aagre, 2003). Ved overføring av mediekulturen frå vaksengenerasjonen til barne- og ungdomsgenerasjonen, blir barn og unge opplært til å bruka digitalt utstyr, som er ein del av dei vaksne sin kvardag. I samband med dette kan kultur òg vera ein livsstil (ibid.). Her kan ein t.d. bruka omgrep som chattekultur, SMS-kultur, spelekultur (spela på Internett) osv. Dette er ulike livsstilar som mange unge har teke del i. På denne måten overtek barn og ungdom delar av dei vaksne sin kultur og livsstil, som dei gjer til sin eigen. Når ungdommen blir vaksen, vil dei igjen overføra sin livsstil og kultur til sine barn.

Lærarane har den vaksne sin livsstil. Dette fører til at dei ofte ikkje er innforstått med elevane sin livsstil, med digitale medium. Ein studie blant 1213 ungdommar, utført av Eniro Norge, viste at nesten halvparten av elevane meinte at lærarane hadde mindre kunnskap om bruken av Internett, enn dei sjølve. Studien viste òg at elevane ville bruke venner dersom dei skulle ha hjelp på Internett (Adresseavisen, 2005). Undersøkinga viste at ungdom brukte Internett mykje til skularbeid, og at dei ville bruka Internett meir i arbeid på skulen (ibid.). Studien ovanfor viser at mange unge i dag har ein annan livsstil enn dei vaksne.

Eit eksempel på at det ofte ikkje er samsvar mellom ungdom og lærarar sin livsstil, er Internett-bruken deira. Ungdom er meir oppdatert i bruk av ulike verktøy og program, som t.d. "Facebook", "Nettby" eller andre Internett-samfunn og samtaleblogger. Få lærarar<sup>16</sup>, samanlikna med elevar<sup>17</sup>, har t.d. laga seg ein profil<sup>18</sup> til slike blogger og nettsamfunn. Årsaka kan vera at lærarar ikkje har tid til å setja seg inn i alt det nye som dukkar opp på Internett, eller at dei kanskje ikkje har interesse for det.

Unge i dag har overflod av tilgang til ulike medium og teknologi. I norske heimar er det vanleg med fleire tv-apparat og datamaskiner. PC-ane er gjerne kopla til eit trådløst nettverk slik at barnet kan sitje kor som helst i huset og surfa på Internett, chatta eller senda meldingar til venner. Studiar viser at dei fleste unge over 10 år har eigen mobiltelefon (Tønnessen, 2007). Barn og ungdom har såleis gode mogelegheiter til å utføra mobbing via Internett og mobiltelefon, og til å bli utsett for denne type mobbing. Mange unge i dag er "online" heile tida, noko som fører til at dei kan nåast av mobbarar heile døgnet. På bakgrunn av at bruken av digitale verktøy er ein livsstil, blir det å slå av mobiltelefon eller Internett, vanskeleg for ungdom. Frykta for å mista den digitale kontakten med vennegjengen, er dermed større enn frykta for å bli mobba.

Sjølv om dei unge tilsynelatande har integrert digitale medium i kvardagen sin, er det nokre barn og unge som ikkje har teke del i denne teknologien i så stor grad som dei andre (Tønnessen, 2007). Det kan vera at dei til dømes har mobiltelefon, men ikkje tilgang til Internett. Dette kan føra til at vedkommande blir utsett for t.d. sjikane via mobiltelefon, sidan han/ho ikkje er som alle andre.

Typisk for digital mobbing er at det kan utførast skjult på fleire måtar. Det kan skje anonymt ved at mobbaren har skjult telefonnummer ved telefonoppringing, SMS og MMS. Det er rimeleg enkelt for ein elev som har tilgang til Internett, å laga seg ein

---

<sup>16</sup> Hadde samtalar med ti lærarar frå tre ungdomsskular der berre to hadde registrert seg på Facebook, og ingen på Nettby

<sup>17</sup> Hadde samtale med to elevar frå ungdomsskule som fortalde at ca. 50 % av deira klassevenner var registrert i Facebook og nesten alle på Nettby.

<sup>18</sup> Registrerer seg med namn, og lagar brukarnamn og passord som blir brukt ved innlogging



anonym avsender-ID som vedkommande kan bruka til å senda SMS med mobbeinnhald (Anonyms.com, 2008 ). Det finst òg norske nettsider der ein kan registrera seg, og få moglegheit til å senda lureSMS-ar (Luresms.com., 2008b). Ved hjelp av slike nettsider kan mobbaren lett senda anonyme mobbe-SMS-ar til offeret. Sjølv om ikkje alle mobbarar har tilgang til Internett heimefrå, har alle mobbarar moglegheit til å utføra denne type SMS-mobbing via ein datamaskin, i ein skuletime. Det kan vera vanskeleg for ein lærar å kontrollera at alle elevar gjer skularbeid, når dei arbeider med PC-en. Difor blir det enkelt for ein mobbar å nytta datamaskinen til mobbing på skulen. Det er viktig å merke seg at på nettsider som desse<sup>19</sup> er det avtalevilkår for brukaren, som legg vekt på at ein ikkje skal misbruka denne tenesta. Dersom brukaren misbrukar tenesta, kan dette føra til utstenging av nettsida, og til politimelding (Luresms.com., 2008a). Nettsidene som registrerer brukarane, loggfører òg alle sendte meldingar (ibid.). Dette betyr at det går an for politiet å finna ut kven den digitale mobbaren er, men at dette kan vera tidkrevjande. Det er viktig å vera klar over at anonym mobbing òg kan skje direkte frå PC til PC, via Internett. Dette kan til dømes vera via chatting, MSN og websider. I høve til eksempla ovanfor om korleis mobbing kan utøvast anonymt, er det viktig at læraren har kjennskap til denne måten å plaga på. Dette er naudsynt for å kunna hjelpa og handtera denne forma for mobbing.

Nedanfor blir teorien i punkta ovanfor (2.6.2 og 2.6.3) samanfatta i to forklaringsmodellar, der den første omhandlar oppfatning av digital mobbing med vekt på identitet og sjølvopfatning, og den andre vektlegg oppfatning av digital mobbing, ut frå eit kulturperspektiv.

#### **2.6.4 Forklaringsmodellar – oppfatning av digital mobbing**

Mobbeoffer, medelevar og lærarar tenkjer ofte ulikt. Dette gjeld òg ved oppfatning av mobbesituasjonar. I tabellen nedanfor blir det å oppfatta ein mobbesituasjon delt inn i to forklaringsmodellar, som eg har laga på bakgrunn av teorien ovanfor (under punkta 2.6.2 og 2.6.3). Desse to modellane omhandlar i korte trekk på kva måte mobbeoffer, medelevar og lærarar oppfattar digital mobbing, og er basert på følgjande perspektiv: 1) sjølvopfatning og identitet og 2) kulturelt perspektiv.

---

<sup>19</sup> Td. [anonyms.com](http://anonyms.com), [luresms.com](http://luresms.com)

<b>Å oppfatta digital mobbing</b>	<b>Eleven (offeret)</b>	<b>Medeleven</b>	<b>Læraren</b>
<b>Via:</b> <b>- Sjølvopfatning</b> <b>- Identitet</b>	- oppfattar situasjonen ut ifrå kva ein ser, høyrer føler, og etter kva mobbing ein har opplevd	- kan ikkje gje sentral informasjon om mobbe-situasjonen, då vedkommande ikkje har tilgang til sjølve opplevinga av å bli mobba (Greiff, 2005)	- faglege vurderingar om kven som blir mobba (Greiff, 2005)  - læraren tenkjer seg til kva som skjer på bakgrunn av eit rasjonelt grunnlag  - oppfattar mobbing ut ifrå sin eigen identitet, som byggjer på deira sjølvforståing (Fossland & Grimen, 2001)
<b>Via eit kulturperspektiv</b>	- oppfattar situasjonen i samband med sine føresetnadar ut ifrå sin eigen kunnskap, og tilgang til mobiltelefon og Internett	- oppfattar mobbinga i høve til kva kjennskap vedkommande har til ulike digitale medium.	- oppfattar mobbinga på bakgrunn av kva kjennskap vedkommande har til ulike digitale medium.

**Tabell 3: Forklaringsmodellar: mobbeoffer, medelevar og lærarar si oppfatning av digital mobbing**

Ved hjelp av dei to forklaringsmodellane i tabellen, kan ein forklara elevar og lærarar si oppfatning av mobbing. Dei vil òg bli brukt i drøftingsdelen, for å forklara ulike funn i analysen.

## **2.7 Samanfating av mitt analytiske rammeverk**

I dette avsnittet vil eg kort samanfatta den mest sentrale teorien om digital mobbing som eg bruker i analysen av empirien min. Hovudproblemstillinga mi er korleis mobbeoffer, medelevar og lærarar oppfattar digital mobbing. Eg har spurt både lærarar og elevar,

fordi eg ynskjer å finna svar på korleis dei oppfattar digital mobbing. Ut frå desse spørsmåla vil eg finna ut om det er skilnader mellom gruppene mobbeoffer, medelev og lærarar sine meiningar om digital mobbing.

I teorikapittelet utdjupar eg kva digital mobbing inneber, og samanliknar det med ordinær mobbing. Mykje av litteraturen om digital mobbing er henta frå internasjonale nettsider. Viktig litteratur i den første delen av teorikapittelet er Willard (2005) og Belsey (2004). Nettsidene til desse to var oppdatert på både informasjon om digital mobbing, og om ulike studiar som var blitt utført på dette området.

Deretter drøftar eg førebygging, tiltak og handtering av mobbing i lys av ulike typar lærarroller (jf. punkt 2.3). Viktig litteratur i denne drøftinga er Eidsvåg (2005), Roland (2007), Rørnes (2007) og Ørslund (2004). Sentrale punkt om lærarrolla, er at læraren skal vera både autoritativ og medmenneske. Eit viktig stikkord er å vera ”den gode lærar”. Eleven må vita at læraren bryr seg om nettopp han/ho. Dette vil føra til eit betre skulemiljø, og til mindre mobbing. Kommunikasjon, respekt og tillit er nødvendige faktorar i samspelet mellom elev og lærar.

I det neste underkapittelet (punkt 2.4) vender eg blikket mot kva roller mobbar, offer og tilskodar har (jf. punkt 2.4.1). Deretter ser eg på skulestrukturen, og om denne kan påverka mobbinga i høve til omfang og tiltak (jf. punkt 2.4.2). Aktuell litteratur i den første delen om elevroller er Anfinset (1991), FUG (2005), Olweus (1992), Roland (1983), Roland (2007), Solli (1984) og Willard (2005). Under dette punktet om rollene til elevane, har eg m.a. fokus på kvifor nokon blir ein digital mobbar, og kven som er i faresona for å bli det. Eg ser òg på kvifor elevar blir mobbeoffer. I avsnittet om skulestrukturen er fokuset m.a. på korleis skuleleiing, klasseleiing og strukturen i skulen verkar inn på omfanget av mobbing. Viktig litteratur i dette punktet er Asmervik (1974), Eriksson et al. (2002), Hareide (2004), Olweus (2005) og Roland (2007).

I teorien om tiltak har eg teke utgangspunkt i Olweus-programmet si tiltaksliste<sup>20</sup> (jf. punkt 2.5). I tillegg til denne litteraturen, har eg henta inn utanlandsk litteratur. Sentral litteratur om tiltak er Olweus (2001), Nordahl (2005), Roland (2007) og Willard (2005).

---

<sup>20</sup> Sjå vedlegg 1: Olweus si tiltaksliste ved ordinær mobbing.

I problemstillinga mi stiller eg spørsmål om kva mobbeoffer, medelev og lærar meiner om seks ulike tiltak mot mobbing, på individnivå og klassenivå. I samband med bruken av ulike tiltak ved digital mobbing, legg Willard (2005) vekt på kor viktig det er å undervisa elevar og tilskodarar om kva som kan skje via Internett, med tanke på digital mobbing. Vidare seier Willard (2005) at det er viktig med utdanning av vaksne, og å utvikla gode strategiar for tilskodarane. Willard (2005) meiner m.a. at ein på individnivå roleg og handlekraftig kan fortelja til mobbar at han/ho skal slutta med den digitale mobbinga. Eit anna tiltak er at ein kan ignorera den digitale mobbaren. Ein kan òg kontakta foreldra til den digitale mobbaren, ein advokat eller politi (Willard, 2005).

I teorien blir det lagt opp til to forklaringsmodellar, som handlar om korleis mobbeoffer, medelev og lærar oppfattar digital mobbing (jf. punkt 2.6.4). Her blir det fokusert på sjølvopfatning & identitet (nr. 1) og på eit kulturperspektiv (nr. 2). Dette er viktig, sidan det kan vera ulike grunnar til at mobbeoffer, medelevar og lærarar oppfattar mobbing ulikt. Under både sjølvopfatning- og identitetsperspektivet, og kulturperspektivet, blir det drøfta ulike forklaringar på korleis offer, medelevar og lærarar oppfattar digital mobbing.

## 3 METODE

### 3.1 Utval og prosedyre

Vinteren 2007/2008 utførte eg ei undersøking om digital mobbing i ungdomsskulen. Utvalet i denne undersøkinga var 151 elevar og 22 lærarar frå 9. og 10. klasse frå tre ulike ungdomsskular. Alle skulane var heimehøyrande i same landsbygd-kommune på Vestlandet.

Elevane som blei valt ut representerte seks 9. klassar (skule 1 og 2) og to 10. klassar (skule 3). Alle lærarane på dei utvalde skulane blei inviterte til å inngå i totalutvalet. Av dei som melde seg, plukka eg ut tilfeldig 35 lærarar. Desse fekk invitasjon av meg på e-post. Dette vil det seia at utvalet av skulane var makelegheitsutval, ved at eg valde dei tre næraste ungdomsskulane i kommunen, av fire ungdomsskular i alt. Dette blir då eit geografisk klyngeutval (Ringdal, 2001, Aarø, 2007). Grunnen til at det blei gjort eit geografisk klyngeutval, var at eg såleis fekk mogelegheit til å vera med under datainnsamlinga til elevane på dei tre ulike skulane.

Innsamlinga av elevdata blei utført ved å besøkja dei tre ulike skulane. I forkant av utfyllinga av spørjeskjemaet<sup>21</sup> forklarte eg elevane korleis dei skulle finna skjemaet på Internett (It's Learning). Eg gjorde m.a. greie for korleis spørsmål med eitt mogeleg svaralternativ såg ut, og korleis fleirvalsspørsmål fungerte. Eg forklarte òg elevane korleis dei skulle logga seg inn på It's Learning, for å svara på spørjeskjemaet. Elevane svara på spørjeskjemaet i ein skuletime, og brukte mellom 10 og 15 minutt på sjølve utfyllinga. Eg var til stades under heile datainnsamlinga ved elevundersøkingane, slik at eg kunne forklara mogelege problem og spørsmål undervegs.

Ved innsamlinga av lærarundersøkinga fekk lærarane ein e-post med ei adresselenkje til spørjeskjemaet<sup>22</sup>. Spørjeskjemaet hadde eg laga ved hjelp av It's Learning sitt survey-verktøy. I e-posten til lærarane stod òg ei forklaring om at spørjeundersøkinga var frivillig og anonym.

---

<sup>21</sup> Elevspørjeskjema: <http://www.itslearning.com/test/r.aspx?XS=tsrztsratrz> (Sætre, 2007a).

<sup>22</sup> Lærarspørjeskjema: <http://www.itslearning.com/test/r.aspx?XS=tsrztsratry> (Sætre, 2007b).

### 3.2 Ethiske omsyn

Under dette punktet vil eg fokusere på to område: a) Forskaren sin eigenrefleksjon, og b) relasjonen mellom forskar og informant. Utgangspunktet for punkt a) er Merton sine fem normer for vitenskapleg praksis: Kommunisme (at kunnskap er felleseige), universalisme, upartiskheit, organisert skepsis og originalitet (Ringdal, 2001, kap. 19). Utgangspunktet for punkt b) er prinsippa om informert samtykke, anonymitet, konfidensialitet, openheit og personvern (ibid.).

#### A) Forskaren sin eigenrefleksjon

Forsking føregår ikkje i eit sosialt vakuum. Ein kan bli påverka av andre sine prioriteringar og verdiar. Dette kan òg påverka val av data, resultatpresentasjon og tolking (Ringdal, 2001). Her er det viktig med evne til eigenrefleksjon. Robert Merton nemner dette med sine fem normer som utgjer vitenskapen si ånd. I mi oppgåve er det upartiskheit, organisert skepsis og originalitet som er aktuelle i denne samanhengen. Med upartiskheit gjeld m.a. å ikkje bli påverka av eige syn eller favorittforklaringar på dei fenomen som blir studert (ibid.). Ein skal undersøkje med eit ope sinn, slik at dei sanne funna kjem fram. Organisert skepsis betyr å vera kritisk til funn frå tidlegare forskning (Ringdal, 2001). På denne måten kan feil og mistydingar bli avdekka. Med originalitet har eg i oppgåva mi lagt vekt på å gjera eit arbeid som kan vera nyskapande, og som kan auka kunnskapen vår. Her har eg delt elevgruppa inn i gruppene mobbeoffer og medelev, for å få kunnskap om det finst skilnader mellom dei.

#### B) Relasjonen mellom forskar og informant.

Hovudregelen ved eit forskingsprosjekt som inkluderer personar, er at dette berre kan setjast i gang etter deltakarane sitt informerte og frie samtykke (Ringdal, 2001). Fritt samtykke betyr at det ikkje skal leggjast press på dei som deltek i undersøkinga, eller at nekting skal medføra negative sanksjonar (ibid.). I mitt tilfelle gav eg ut eit informasjonsskriv til skulane, som kunne sendast heim til foreldra. Denne informasjonen inneheldt opplysningar om undersøkinga og at denne var frivillig. Eg forklarte det same i innleiinga av dei to nettbaserte spørjeskjema. Dette blei gjort for å ikkje pressa eventuelle usikre respondentar.

Kva metodar som skal veljast, vil bli bestemt ut ifrå ein analyse av det fenomenet ein skal undersøkje (Ringdal, 2001). Sidan digital mobbing er ei kjenslemessig og privat

sak, meiner eg det er viktig å studera problemområdet på ein forsiktig og anonym måte. Det blei då naturleg å velja ein metode der elevar og lærarar kunne svara anonymt, og der det var mogeleg å få ei breidde ved å ta med ei større gruppe. Datainnsamlinga frå elevar og lærarar blei utført ved hjelp av eit elektronisk spørjeskjema som gjorde det lettare for respondentane å vera anonyme. For å vera sikker på dette, hadde eg eit par telefonsamtalar og e-postar til support-tenesta ved It's Learning. I samtalane med support-tenesta blei det stadfesta at deltakarane, og svara deira var anonyme i spørjeskjemaet mitt. Det var spesielle innstillingar eg måtte gjera i It's Learning, som sikra anonymiteten til respondentane.

Etter personopplysingslova skal alle forskings- og studentprosjekt som gjeld handsaming av personopplysingar, meldast til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) (Ringdal, 2001). Før eg utførte spørjeundersøkinga, sendte eg inn eit meldeskjema til NSD. I meldeskjemaet forklarte eg m.a. kva eg skulle undersøka, kven eg skulle spørja, og korleis. Det var viktig å visa at respondentane ikkje var identifiserbare. Her viste eg til forsikringane eg hadde fått frå support-tenesta til It's Learning, som hadde godkjent innstillingane til dei to Internett-baserte spørjeskjema. På denne måten sikra eg òg at alle opplysningane blei handsama konfidensielt. Ein legg her til grunn respekten for privatlivets fred, som tek sikte på å verna personar mot uønska inngrep og innsyn (Ringdal, 2001).

### **3.3 Pilot**

For å vera sikker på at elevar og lærarar forstod spørsmåla som blei stilt, var det hensiktsmessig med ei pilot-undersøking på førehand. Her testa eg ut begge skjema ved at ei lita gruppe lærarar, og ei lita gruppe ungdomsskuleelevar, utførte kvar si undersøking. Elevane svara på spørjeskjemaet ved å gjera det på It's Learning. Lærarane fekk spørjeskjemaet i papirutgåve. Eg forklarte i starten kva undersøkinga gjekk ut på, og eksemplifiserte ord og uttrykk i spørjeskjemaet som eg trudde dei kunne stussa på. Denne forklaringa gav eg òg til elevar som utførte den verkelege undersøkinga.

I pilot-undersøkinga til lærarspørjeskjemaet fekk eg tilbakemelding om at spørsmåla var oversiktlege og forståelege, og at det var greie svaralternativ. Éin hadde merknad på

ordlyden i eitt av spørsmåla, som eg omskreiv etterpå. I pilotundersøkinga med elevgruppa fekk eg tilbakemelding om at alle skjønnte innhaldet på same måte. Elevane hadde ingen merknader til spørsmåla. Dei syntest svaralternativa var greie, og dei forstod måten det skulle fyllast ut på.

### **3.4 Om spørjeskjema**

Eg valde å bruka ei inndeling av digital mobbing i sju kategoriar, sidan dette òg har blitt gjort i tidlegare forskning. Desse sju kategoriane er telefonoppringing med mobiltelefon, SMS, MMS, E-post, chatterom, MSN (IM) og Web-sider (Anti-Bullying Alliance by Goldsmiths College, University of London, 2003). I mine spørjeskjema, for både elevar og lærarar, brukte eg denne inndelinga ved spørsmål om registrering av mobbing. Her kan eg samanlikna i kva grad mobbeoffer, medelevar og lærarar registrerer omfang av ulike former av digital mobbing likt/ulikt.

Spørsmål og svaralternativ er i hovudsak henta frå to ulike spørjeskjema<sup>23</sup> om digital mobbing, og dei er tilpassa slik at eg kan få svar på problemstillingane mine. Grunnen til at eg brukte spørsmål og svaralternativ frå utprøvde spørjeskjema, var å styrka reliabiliteten og validiteten i dei svara som eg fekk.

#### **”Zero”**

Mesteparten av spørsmåla og svaralternativa er henta frå Senter for adferdsforskning (SAF) sitt elevspørjeskjema mot mobbing. Dette skjemaet er utarbeidd for elevar i grunnskulen (Roland, 2007b). Elevspørjeskjemaet til SAF er ein del av antimobbeprogrammet deira, som blir kalla ”Zero”. Frå dette skjemaet henta eg alternativ på ordinalnivå, med fire og fem svaralternativ. Slike svaralternativ har vore utprøvd i Zero-skjemaet i fleire år. Forskjellen mellom fire og fem svaralternativ, er at ved fem alternativ får respondenten sjansen til eit ”både-og” alternativ (jf. døme nedanfor). Dette alternativet ligg midt på skalaen, og er aktuelt for respondentar som er usikre på kva dei skal svare.

Eksempel på spørsmål med fire svaralternativ er:

---

<sup>23</sup> Zero sitt spørjeskjema (Roland, 2007b) , Trøndelag Forsking og Utvikling (2007) sitt spørjeskjema.



- Brukar du mobiltelefon? Svar: ”Aldri”, ”Omtrent kvar veke”, ”Omtrent kvar dag” og ”Fleire gonger dagleg” (Roland, 2007b).
- Kor ofte har du dette skuleåret mobba/plaga andre gjennom samtaler på mobiltelefon? Svar: ”Aldri”, ”Av og til”, ”Omtrent kvar veke” og ”Omtrent kvar dag”(ibid.).

Eksempel på spørsmål med fem svaralternativ er:

- Påstand: ”Jenter mobbar meir via mobiltelefon enn gutar”. Svar: ”Usant”, ”Litt usant”, ”Nokre gonger sant og nokre gonger usant, ”Litt sant” og ”Sant” (Roland, 2007b, Sætre, 2007a, Sætre, 2007b).

I samband med desse svaralternativa, har respondenten mogelegheit til å gje eit nøytralt ”både – og” svar. Svaralternativa er frå spørjeskjemaet til Zero. Spørsmålet, som er frå mine spørjeskjema, er ikkje henta frå eit standardisert spørjeskjema.

Det er òg henta fleirvalsspørsmål frå Zero sitt spørjeskjema. Her kan respondentane kryssa av ved fleire svaralternativ. Døme på dette er:

- Dersom eg blir plaga / mobba, vil eg seia det til:
  - Ein eller fleire medelevar
  - Ein eller fleire vaksne på skulen
  - Foreldra mine
  - Andre
  - Ingen
  - Veit ikkje

### **”Trøndelag Forsking og Utvikling”**

På slutten av elevspørjeskjemaet har eg teke inn tre spørsmål frå Trøndelag Forsking og Utvikling, som hausten 2007 utførte ei undersøking om mobbing via mobiltelefon og Internett på to ungdomsskular. Her har eg m.a. brukt spørsmålsstillingar med tre svaralternativ. Dette er svaralternativ på nominalnivå som ”Ja”, ”Nei” og ”Veit ikkje” (Ringdal, 2001). Dette for å gje respondentane mogelegheit til å svara nøytralt ”veit ikkje”, i tillegg til positivt eller negativt svar, for m.a. å få opp svarprosenten til respondentane (Fink, 2003b).

Spørsmålet, til dømet ovanfor med tre svaralternativ, har eg laga sjølv med utgangspunkt frå inndelinga i sju kategoriar som viser kva reiskapar mobbaren brukar ved digital mobbing (Anti- Bullying Alliance by Goldsmiths College, University of London, 2003). Spørsmålet eg stilte var om respondenten hadde registrert desse mobbeformene på sin eigen skule, jf første del av dette punktet (3.4).

### 3.5 Reliabilitet og validitet i datasettet

Omgrepa reliabilitet og validitet er sentrale i kvalitetssikring av vitskaplege studiar. Reliabilitet handlar om korleis datamålingane er utført, og viser til nøyaktigheita i målingane (Ringdal, 2001). Utforminga på spørjeskjemaet vil vera av betydning for reliabiliteten i undersøkinga. Reliabilitet (pålitelegheit) går på om gjentekne målingar med same måleinstrument gjev same resultat (ibid.).

Reliabilitetsteorien går ut ifrå at kvar skåring ( $x$ ) er summen av to verdiar, som er den sanne verdi, og målefeil. Dersom ein har større målefeil, vil det gje lågare reliabilitet. Låg reliabilitet gjev låg validitet (Friis & Vaglum, 1999). Målefeil har innverknad på reliabiliteten. Dette kan illustrerast ved formelen nedanfor.

$$x \text{ målt} = x \text{ sann} + x \text{ feil}$$

Mitt mål blir då å redusera målefeil gjennom prosedyrane for datainnsamling. Dette blei gjort ved at eg forklarte i forkant korleis elevane skulle logga seg på nettsida/spørjeskjemaet. Eg forklarte òg elevane skilnaden på dei ulike svaralternativa før elevane utførte undersøkinga. Målefeila blei òg redusert ved at data blei registrert direkte på PC, ved at deltakarane fylte ut skjemaet på PC via It's Learning. Resultatet blei lagra i Excel-format<sup>24</sup>, som kan lastast direkte inn på SPSS<sup>25</sup>. Dette styrkjer reliabiliteten. Her slapp eg den potensielle feilkjelda som det blir ved manuell inntasting i Excel/SPSS. Det at eg var tilgjengeleg under heile undersøkinga, styrkjer òg reliabiliteten (pålitelegheita). Med dette meiner eg at kunne forklara elevane eventuelle uklarheiter undervegs. Det er viktig å presisera her at eg forklarte berre ved spørsmål frå

---

<sup>24</sup> Sjå vedlegg 4 som viser korleis ein overfører data frå It's Learning til SPSS.

<sup>25</sup> SPSS står for *Statistical Package for the Social Sciences*, og er ein programvarepakke med grafisk grensesnitt for statistiske berekningar (Christophersen, 2006).

elevlar. Eg kontrollerte òg at undersøkinga blei gjort individuelt ved at eg var til stades. Holme (1996) seier at *”påliteligheten (reliabiliteten) blir bestemt av hvordan målingene er gjort, og hvor nøyaktig en så er i den videre behandlingen av dataene”* (Holme, 1996, s.153). I høve til Holme (1996) si utsegn, blei reliabiliteten i oppgåva mi betra ved at eg utførte dei grepa / prosedyrane for datainnsamling som eg viser til ovanfor.

Validitet omhandlar i kva grad ein måler det ein hadde som hensikt å måla. Omgrepet viser kva relevans data har for problemstillinga i undersøkinga. Høg reliabilitet er ein føresetnad for høg validitet. Data som er mest moglege relevante (valide) for problemstillinga er òg mest moglege pålitelege (reliable) (Ringdal, 2001). Omgrepet validitet inneber at det resultatet ein får i undersøkinga, er eit mål som faktisk måler det ein vil måle (Svartdal, 1998). Dette går på at resultatet i undersøkinga har gyldigheit.

I undersøkinga valde eg å bruka Zero si inndeling av svaralternativ, då eg syntest denne var mest klar og oversiktleg. Zero sitt spørjeskjema er blitt prøvd ut mange gonger blant elevlar, og analyser av ulik forskning viser at bruk av slike spørjeskjema gir valide resultat (Larsen & Manger, 2005). Ein del av spørsmåla som eg har henta frå Zero sitt spørjeskjema<sup>26</sup> om Internett-mobbing er nye dette året<sup>27</sup>, og dei er ikkje blitt testa for reliabilitet og validitet. Når det gjeld validiteten i Zero sitt spørjeskjema, meiner Roland<sup>28</sup> at den er bra.

”Trøndelag Forsking og Utvikling” har Olweus sitt spørjeskjema som utgangspunkt med tanke på validitet og reliabilitet. Olweus skriv for Utdannings- og forskingsdepartementet, at Olweus sine spørjeskjema mot mobbing har blitt nøye vurdert med tanke på reliabilitet og validitet (Olweus, 2002). Her har eg Olweus si eiga vurdering av eigne spørjeskjema. Eg kan forstå dersom det blir retta kritikk mot dette, sidan det er forskarane sjølve som går god for eigne spørjeskjema. Dette gjeld både Roland sitt Zero-spørjeskjema, og Olweus sitt skjema.

---

<sup>26</sup> Sjå Zero sitt spørjeskjema (Roland, 2007)

<sup>27</sup> 2006/2007

<sup>28</sup> Sjå vedlegg 3: E-post frå Erling Roland

Med tanke på validiteten av dei to spørjeskjema<sup>29</sup> eg nytta i utforminga av mine spørjeskjema, kan ein òg argumentera med "face validity". Med "face validity" vurderer ein sjølv om spørjeskjemaet ser ut til å måla det som det skal måla (Svartdal, 1998). Dette vil seia at ved å lese igjennom og studera oppsettet og leselegheita til dei ulike skjema, kan ein vurdere om innhaldet og spørsmåla verkar rimeleg i tilhøve til respondentgruppa som skal svara på spørsmåla. Dette blei òg gjort med mine spørjeskjema, ved at eg i lag med rettleiar, studerte spørjeskjemet og utførte ein "face-validity". I tillegg blei det gjort ein "pilot" som er nærare beskrive under punkt 3.3.1.

Bruken av It's Learning betra òg validiteten. Ved at eg brukte elektronisk spørjeskjema, nådde eg eit større utval, sidan respondentane fylte ut skjemaet sjølv. Eg fekk òg på denne måten opp svarprosenten, som betrar validiteten ved undersøkinga.

Ein svakheit med spørjeskjemaet på It's Learning med tanke på reliabilitet, er at det ikkje var lik avstand mellom to svaralternativ, ved eitt av spørsmåla på spørjeskjemaet. Dette er pga. at teksten på det eine svaralternativet ("både sant og usant") var lengre enn dei andre. Dette kan ha noko å seia på pålitelegheita, sidan avstanden ikkje er lik, og kan misoppfattast av respondenten (Friis & Vaglum, 1999).

Ser ein på kva dei tre skulane har brukt av antimobbeprogram og førebyggjande program, kan ein få ei meining om dette kan ha hatt nokon innverknad på mogelege målefeil i undersøkinga mi. Klassane ved skulane som var med i spørjeskjemaundersøkinga, har arbeidd med programma Olweus, LP-modellen og MOT på ungdomsskulen, sjå tabell nedanfor.

	Olweus	Zero	Du bestemmer	LP-modellen	MOT
Skule nr. 1	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja
Skule nr. 2	Nei	Nei	Nei	Ja	Ja
Skule nr. 3	Ja	Nei	Nei	Ja	Ja

**Tabell 4: Oversikt over antimobbeprogram, og førebyggjande program mot mobbing på dei tre ungdomsskulane.**

<sup>29</sup> Zero og "Trøndelag Forsking og Utvikling" sitt spørjeskjema.

Det viser seg at sjølv om det ikkje har blitt arbeidd med antimobbeprogram i noko særleg grad på ungdomsskulane, har nesten alle elevane på dei tre skulane arbeidd med antimobbeprogrammet Olweus på barneskulen<sup>30</sup>. Ut frå tabellen ovanfor, verkar det tilfeldig kva av dei ulike programma dei tre ungdomsskulane har hatt. Det er lite truleg at denne fordelinga verkar inn på resultatet i studien min. Dette tyder på at den ulike bruken av antimobbeprogram og førebyggjande program, ikkje utgjer noko målefeil i undersøkinga mi.

Det er fleire aspekt i denne studien som er viktige for å få betra reliabiliteten og validiteten, og for å få redusert målefeila i undersøkinga mi. Det blei brukt standardiserte spørjeskjema for å laga spørjeskjemaet på It's Learning, og det blei utført pilot og "face-validity". I tillegg til dette var eg til stades under elevundersøkinga. På bakgrunn av dette, meiner eg at reliabiliteten og validiteten i denne studien er tilfredsstillande.

### **3.6 Analysemetodar**

I mine spørjeskjema er det i hovudsak variablar på nominal- og ordinalnivå. Pga. dette høver det best å bruka analysar og testar som fell inn under ikkje-parametrisk statistikk (Befring, 2007, Ringdal, 2001). Eit anna argument for å bruka ikkje-parametrisk statistikk, er at lærarresultatet er av eit utval som er mindre enn 30 ( $n < 30$ ) (Ringdal, 2001).

Andre forskarar<sup>31</sup> som har undersøkt mobbing ved hjelp av spørjeskjema, brukar bl.a. statistikk-tabell som viser frekvensar, tabellanalyse ved krysstabellar, kji-kvadrat som signifikanstest, analyse ved t-test, ANOVA og korrelasjonsanalyse. Sidan eg arbeider med ikkje-parametrisk statistikk, vel eg å bruka tabellar og diagram ved presentasjon av data, og kji-kvadrat som signifikanstest ved samanlikning jente og gut.

---

<sup>30</sup> Dette fann eg ut etter fleire samtalar med lærarar frå dei ulike barneskulane i kommunen

<sup>31</sup> Eg hadde her samtalar med forskarar som var involvert i spørjeskjemaundersøking til "Trøndelag Forsking og Utvikling" og til antimobbeprogramma "Olweus" og "Zero", sjå òg e-post frå Erling Roland i vedlegg 3.

## DEL I

Analysen i denne oppgåva er todelt, der den første delen omhandlar deskriptive tilhøve.

Her blir det spurt om:

- Kva er omfanget av digital mobbing generelt og i høve til ulike former for digital mobbing?
- Er det forskjellar mellom kjønna når det gjeld førekomsten generelt og når det gjeld ulike former for digital mobbing?
- Kva arena skjer den digitale mobbinga på?

### **Frekvenstabellar og stolpediagram**

Det er vanleg i spørsmål som dette (jf. Del I ovanfor), at resultatet blir vist i prosent, i frekvenstabellar. Ein vil på denne måten få ei oversikt over ulik mengd svar ved dei ulike svaralternativ.

Tabellar viser meir informasjon enn diagram (Fink, 2003a), men eg vil bruka stolpediagram i tillegg, for å visualisera resultata i oppgåva mi.

### **Krysstabell og Kji-kvadrat-test**

Ved krysstabellanalyse vil eg bruka krysstabellar med to variablar. Hensikta med å bruka tabellanalyse, er å få fram tendensane i materialet på ein oversiktleg måte. For å gjera det enkelt og forståeleg, kan det vera hensiktsmessig å visa resultata i prosent ved stolpediagram (sjå eksempel under punkt 4.2.3).

Ved spørsmål om kjønn i den første delen, blei det gjort kji-kvadrat-test, der eg ser etter forskjellar mellom dei uavhengige variablane, jente og gut. Test ved kji-kvadrat blir utført for å finna ut om det er ein signifikant (statistisk sikker) forskjell i svarresultata blant jentene og gutane. Viss ein her får ein signifikansverdi som er mindre enn 0,05, seier ein at hypotesen om at det ikkje er forskjell (nullhypotesen  $H_0$ ), blir forkasta. Her konkluderer ein med at det er forskjell blant svargruppene. Viss ein derimot får ein signifikansverdi som er over 0,05, vil ein forkasta forskingshypotesen om at det er forskjell ( $H_1$ ), og behalda nullhypotesen. Dette vil då bety at det ikkje er signifikant forskjell mellom dei grupper som er blitt signifikantstesta.

## DEL II

I den andre delen av analysen blei det spurt om:

- I kva grad oppfattar mobbeoffer, medelev og lærarar skilnader i høve til:
  - registrering av ulike former for digital mobbing?
  - tiltak retta mot den digitale mobbinga?
  - læraren si handtering av digital mobbing?

## 4 RESULTAT

### 4.1 Respondentane, problemområde og konteksten

Respondentane i undersøkinga er utvalde elevar og lærarar frå 9. og 10. Klasse, ved tre ungdomsskular. Desse fekk nesten like spørjeskjema. Elevane fekk i tillegg spørsmål om dei var blitt utsett for, eller utførte digital mobbing. Undersøkinga blei gjort via Internett, og eg var til stades under elevane si utfylling av skjemaet. Lærarane svara òg på spørjeskjema på Internett, men då utan at eg var tilgjengeleg. 151 av 170 elevar, og 22 av 35 lærarar, fylte ut skjemaet. Dette gir ein svarprosent på 89 % blant elevar, og 63 % blant lærarar. Det er vanleg med eit fråfall på 50 % ved spørjeundersøkingar (Ringdal, 2001). I høve til dette vurderer, eg svarprosenten i min studie som tilfredsstillande. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over respondentar i undersøkinga:

	<b>9. kl.</b>	<b>10. kl.</b>	<b>Sum</b>
<b>Jente</b>	62	17	79
<b>Gut</b>	60	12	72
<b>Sum</b>	122	29	151

Tabell 5: Fordelinga over talet på elevrespondentar

I samband med ein missinganalyse gjort i It's Learning, blei missingprosenten mellom 2 % og 6 % på dei ulike spørsmåla. Eit unntak var eit spørsmål om kjensler, der prosenten låg på 33,5 %. På grunn av den høge missingprosenten, blei dette spørsmålet tolka som uklårt, og fjerna frå analysen.

Ut frå problemområdet i denne undersøkinga, blir det først sett på omfanget av digital mobbing, deretter på ulike problemstillingar som gjeld dei tre gruppene, mobbeoffer, medelev og lærar. Sentrale hovudpunkt i studien er respondentane si meining om omfanget av ulike former av digital mobbing, om jenter mobbar meir enn gutar, om tiltak gjort av lærar, og i kor stor grad elevar og lærarar hjelper mobbeoffer.

### 4.2 Data og funn som gjeld førekomst av digital mobbing

Under dette punktet blir det belyst ulike resultat i samband med forskingsspørsmål frå Del I i oppgåva mi. Dette er spørsmåla:




- Kva er omfanget av digital mobbing generelt, og i høve til ulike former for digital mobbing?
- Er det forskjellar mellom kjønn både ved førekomsten generelt, og ved ulike former for digital mobbing?
- Kva arena skjer mobbinga på?

Funna som blei gjorde i høve til problemstillingane ovanfor, blir viste i tabellar og stolpediagram.

### 4.2.1 Digital mobbing og kjønnsforskjellar

På bakgrunn av forskingsspørsmåla ovanfor, har eg laga ei oversikt over omfanget av digital mobbing blant jenter, gutar og elevar. Her kjem det fram om det er forskjellar mellom kjønna, når det gjeld omfanget av mobbinga. Stolpediagrammet nedanfor viser ei prosentfordeling over omfanget av mobbinga blant gruppene jente, gut og elev.




**Figur 1: Omfang av digital mobbing blant jente, gut og elev.**

Diagrammet viser at 15,3 % av elevane har opplevd digital mobbing. 20,8 % jenter og 9,2 % gutar, blei utsett for denne mobbinga. Ved ein kji-kvadrat ( $\chi^2$ ) analyse, blir signifikansverdien  $p = .06$ . Det er ikkje ein signifikant samanheng mellom kjønn og omfang av digital mobbing  $\chi^2 (1) = 3.54, p > .05$ . Dette vil seia at forskingshypotesen om at det er forskjell ( $H_1$ ) blir forkasta, og at ein beheld nullhypotesen ( $H_0$ ). Dette betyr at det ikkje er ein signifikant skilnad når det gjeld omfanget av mobbing blant jenter og gutar.

## 4.2.2 Omfang av ulike former av digital mobbing og kjønnsforskjellar

I samband med forskingsspørsmålet om *kva omfanget er av ulike former for digital mobbing*, har eg ved å bruka inndelinga i dei sju kategoriane til Antibullying Alliance, fått sett på korleis omfanget av ulike former for digital mobbing fordeler seg på kjønn.



Figur 2: Førekost av ulike former av digital mobbing.


Stolpediagrammet viser at den digitale mobbinga fordeler seg ganske likt mellom jenter og gutar. Unntaket er mobbing via e-post, der 4 % jenter, og 1,5 % gutar, har svara at dei har blitt utsett for denne mobbeforma. Det viser seg at like mange jenter og gutar, har svara at MSN er den mobbeforma som er mest plagsam. Mobbing gjennom chatterom er den forma som er minst vanleg blant begge grupper. Ved å studera stolpediagrammet ovanfor, ser ein nesten like resultat ved dei fleste digitale mobbeformene. Når det er små forskjellar i små utval, er det sannsynleg at det ikkje er signifikante forskjellar mellom desse utvala (Johannessen, 2007). Dette betyr at det er lite truleg at det er signifikante forskjellar mellom gruppene jente og gut. Dette belyser òg kji-kvadrat analyse, der  $p > .05$  (sjå tabellen nedanfor).

	p (probability)	$\chi^2$	df (degrees of freedom)
Telefonoppringing	.876	.024	1
SMS	.522	.410	1
MMS	.872	.026	1
Chatterom	.901	.015	1
E-post	.375	.786	1
MSN	.918	.011	1
Websider	.514	.426	1

Tabell 6: Kji-kvadrat-analyse. Omfang av ulike former av digital mobbing og kjønnsforskjellar.

#### 4.2.3 På kva arena skjer den digitale mobbinga?

For å belysa forskingsspørsmålet om på kva arena den digitale mobbinga skjer, har eg laga ei oversikt (sjå stolpediagrammet nedanfor).




Figur 3: Dersom du har blitt mobba digitalt, kor har dette skjedd?

15,3 % av elevane blir mobba digitalt, jf. punkt 4.2.1. Av desse elevane blir 8 % mobba utanom skuletid, og 7,3 % i skuletida. Ved å sjå på kjønnskilnader, ser ein at fleire jenter enn gutar blir mobba, både i skuletida og utanom skuletid. Ved kategorien utanom skuletid blir 10 % av jentene plaga, og 6 % av gutane. 11 % av jentene, og 3 % av gutane blir utsett for plaging i skuletida. Ved å utføra ein kji-kvadrat-test i ein krysstabell, der kjønn er den uavhengige variabelen, og spørsmålet om å bli mobba i


skuletida er avhengig variabel, blir resultatet  $p = .064$ . Resultatet viser at det ikkje er ein signifikant samanheng mellom kjønn og skulen som mobbearena  $\chi^2 (1) = 3.439, p > .05$ .

Eg har sett nærare på kor ofte ungdommen brukar Internett på dei ulike arenaene. I spørjeskjemaet til elevar, stilte eg spørsmål om kor ofte dei nytta Internett på arenaene ”skulen” og ”heime”. Dei to stolpediagramma nedanfor viser korleis svara fordeler seg på dei ulike svaralternativa (”aldri”, ”omtrent kvar veke”, ”omtrent kvar dag” og ”fleire gonger dagleg”).



**Figur 4: Kor ofte er du på Internett på skulen?**

N = 143 (gutar og jenter til saman)



**Figur 5: Kor ofte er du på Internett når du er heime?**

N= 149 (gutar og jenter til saman)

Diagramma ovanfor viser at elevane i undersøkinga mi brukar Internett mest heime, der dei fleste melder om "fleire gonger dagleg". Ved spørsmålet om databruk på skulen, var det flest elevar som svara "omtrent kvar veke". Denne observasjonen er interessant med tanke på kva arena som blir nytta mest til digital mobbing. Eit interessant spørsmål i denne samanheng, er om teknologiutviklinga har ført til at mobbinga føregår på andre arenaer enn før. Ein kan òg stilla seg spørsmålet om auken i databruk, og tilgangen til ny teknologi, har resultert i ein auke av mobbeomfanget. Under punkt 5.2.1 ser eg nærare på samanhengen mellom databruk, arena og omfang av mobbing.

### **4.3 Data og funn om forskjellar mellom mobbeoffer, medelev og lærar**


Forskingsspørsmåla i "Del II" omhandlar *i kva grad mobbeoffer, medelev og lærar oppfattar omfang, kjønnsforskjellar, tiltak og læraren si handtering av digital mobbing ulikt*. I spørsmålsformuleringane nedanfor vil eg prøva å få fram ulike sider ved mobbeofferet, medeleven og læraren si forståing av digital mobbing, og om korleis dei oppfattar slik mobbing.

- I kva grad mobbeoffer, medelev og lærarar registrerer omfang av ulike former av digital mobbing ulikt?
- Kva seier mobbeoffer, medelev og lærarar om ulike tiltak som blir brukte av lærar ved digital mobbing?
- Kva meiner mobbeoffer, medelev og lærar om korleis elevar og lærarar handterer digital mobbing?

#### **4.3.1 Registrering av ulike former av digital mobbing**

Ved forkingsspørsmålet om *i kva grad mobbeoffer, medelev og lærarar oppfattar omfang av digital mobbing ulikt*, ser eg på korleis offer, medelev og lærar oppfattar ulike typar av digital mobbing. Her blei dei tre respondentgruppene spurde om dei har registrert ulike former av digital mobbing. Desse mobbepormene er via telefonoppringing, SMS, MMS, chatterom, e-post, MSN og websider. Analysen blei

gjort med krysstabell, og visualisert ved stolpediagram. Stolpediagrammet nedanfor viser dette resultatet.



Figur 6: Registrert at andre er blitt digitalt mobba.

Stolpediagrammet viser at mobbeoffer og lærarar registrerer jamt over mest digital mobbing. Medelevar er den gruppa som registrerer minst digital mobbing.

Her registrerer mobbeoffer (69 %) mest MSN-mobbing, medan medelevar (36 %) og lærarar (64 %) registrerer mest mobbing via websider. Mobbing via MMS er det minst plagsame for mobbeoffera (25 %). Blant medelevar er det e-post som fører med seg minst mobbing (7 %). E-post er òg det som lærarar opplever som minst plagsamt (36 %).

### 4.3.2 Lærartiltak mot digital mobbing

Ut frå problemstillinga om i kva grad det er forskjellar mellom mobbeoffer, medelevar og lærarar med tanke på tiltak mot digital mobbing, studerer eg kva desse tre respondentgruppene meiner om tiltaka som er lista opp nedanfor. Desse tiltaks-kategoriane er henta frå antimobbeprogramma til Olweus og Zero (Olweus, 1992, Olweus, 2001, Roland, 1983).

#### Lærar snakkar om mobberegane i klassen.

1. Lærar snakkar om mobberegane i klassen.
2. Lærar snakkar om mobbing på klasseforeldremøte.

3. Lærer snakkar med mobbar og mobbeoffer.
4. Lærer snakkar med foreldra til mobbar og mobbeoffer.
5. Lærer fortel til klassen kva mobbar har gjort.
6. Åtferda til mobbaren blir diskutert i klassen

Her blir svaralternativa ”Ja” og ”Nei” etter omkoding i SPSS.

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over svarresultata. Dei viser kor mange prosent av mobbeoffer, medelevar og lærarar som har svara ”ja” på at lærar *kan* bruka tiltaket i klassen.

Tiltak	Mobbeoffer	Medelev	Lærer
1. Lærer snakkar om mobbereglane i klassen.	82 %	93 %	100 %
2. Lærer snakkar om mobbing på klasseforeldremøte.	57 %	88 %	100 %
3. Lærer snakkar med mobbar og mobbeoffer.	78 %	93 %	100 %
4. Lærer snakkar med foreldra til mobbar og mobbeoffer.	67 %	91 %	100 %
5. Lærer fortel til klassen kva mobbar har gjort.	56 %	48 %	22 %
6. Åtferda til mobbaren blir diskutert i klassen	65 %	41 %	35 %

**Tabell 7: Oversikt over tiltak på individ- og klassenivå.**


Resultata i tabellen viser at det er størst forskjell mellom gruppene mobbeoffer og lærar. Ved dei fire første tiltaka, som omhandlar ”snille” tiltak, er medelevar og lærarar mest einige om at dette er bra tiltak å gjennomføra i ein klasse. Prosentresultata ligg her på mellom 88 % og 100 %. Mobbeoffera svara ved desse fire første tiltaka med prosentverdiar frå 57 % til 82 %.

Ved dei to siste tiltaka, som er ei slags konfrontasjon av mobbar i klasserom, har mobbeoffera høgast svarprosent (56 % - 65 %), medan medelevar og lærarar har lågast

svarprosent (22 % - 48 %). Det som er mest interessant å sjå her, er at mobbeoffera ikkje er like interesserte som medelevene i å snakka om mobbing, verken i klassen, på foreldremøte eller med foreldre. Dette er litt spesielt, då ein skulle tru at mobbeoffera syntest at det var bra at ein snakka om mobbing i klassen, for å få dette redusert.

### 4.3.3 Elevar og lærarar si handtering av digital mobbing

Respondentane har svara i spørjeskjemaet på spørsmålet om ”kor ofte dei meiner elevar og lærarar hjelper ein elev som blir utsett for digital mobbing”. Stolpediagrammet viser i prosent kva mobbeoffer, medelev og lærar meiner om dette spørsmålet.




Figur 7: Kor ofte hjelper læraren?

Stolpediagrammet viser at 48 % av mobbeoffera, 12 % av medelevene og ingen av lærarane, har svara at læraren ”nesten aldri” hjelper. Dette viser ein stor forskjell mellom mobbeoffer og lærarar. Ved svaret ”nesten alltid” er det medelevene som har høgast svarprosent, med 25 %. Berre 10 % av offera svarar at læraren hjelper ”nesten alltid”. Dette viser at offera ikkje er nøgde med hjelpa dei får av læraren.

Det andre spørsmålet i spørjeskjema er om *kor ofte det er vanleg at ein elev hjelper ein digitalt mobba elev*. Stolpediagrammet nedanfor viser resultatet i prosent.





**Figur 8: Kor ofte hjelper medeleven?**

Stolpediagrammet viser ein del forskjellar i prosentresultata mellom dei fire svaralternativa, blant mobbeoffer, medelevar og lærarar. Ved alternativ 2, ”av og til”, har over halvparten av lærarar svara at ein elev berre av og til hjelper ein medelev som blir digitalt mobba. Mobbeoffera er den gruppa som sterkast meiner at medelevar ”nesten aldri” hjelper. Heile 19 % av mobbeoffera meiner dette.

## 5 DRØFTING

### 5.1 Sentrale funn i lys av teorigrunnlaget

Det blir først gjort eit samandrag (i punkt 5.2) av dei ulike funna som er omtala i empiridelen i punkt 4. Dette er funn som er blitt gjort i høve til problemstillingane (jf. punkt 1.2.1) i oppgåva. Deretter blir relevante funn drøfta i forhold til teorigrunnlaget (i punkt 5.3).

### 5.2 Eit samandrag av funna, med generelle konklusjonar

I dette samandraget blir dei viktigaste, og mest interessante funna trekt fram. Funna blir her sett i lys av tidlegare forskning. Funna som omhandlar registrering av digital mobbing, tiltak og handtering av digital mobbing, blir sett i lys av moglege forskjellar mellom dei tre ulike gruppene, mobbeoffer, medelev og lærar.

#### 5.2.1 Førekost og arena

I undersøkinga mi blir 15,3 % av elevane utsette for digital mobbing. Flest elevar (6,4 %) blir mobba via MSN. Deretter kjem mobbing via telefonoppringing (5 %) og nettsider (4,4 %). Om lag 3 % melder at dei blir mobba via SMS (3,6 %), MMS (2,9 %) og/eller e-post (2,8 %), medan berre 1,4 % seier at dei blir mobba via nettprat. Undersøkinga mi viser elles at 8 % av elevane blir mobba digitalt utanom skuletida, og 7,3 % i skuletida. Resultatet viser at det ikkje er prosentvis stor skilnad mellom mobbing i skuletid, og utanom skuletida.

I dei to studiane til NCH blei det i 2002 funne ut at 25 % av elevane blei mobba digitalt, og i 2005 var det 20 % elevar som blei utsett for slik mobbing. Hinduja & Patchin (2005) fann ut at om lag 34 % unge blei utsett for nett- og mobilmobbing. Resultata frå NCH (2002, 2005) og Hinduja & Patchin (2005) viser at omfanget av digital mobbing i undersøkinga mi (15,3 %), er mindre enn i tidlegare forskning.

NCH (2002) sin studie om digital mobbing viser at 14 % blir mobba via SMS, 5 % via chatterom, og 4 % via e-post. Hinduja & Patchin (2005) fann ut at flest unge blei utsett

for mobbing frå chatterom (halvparten av 34 %). Deretter frå IM<sup>32</sup>, e-post og SMS. I studien til Smith et al. (2006) var det flest elevar som hadde blitt mobba via telefonoppringingar, SMS og e-post, medan det var færrest som blei plaga via chatterom. Dette viser at førekomsten av ulike former for digital mobbing varierer mellom dei ulike studiane. I høve til undersøkinga mi, blei denne førekomsten jamt over lågare enn i dei andre undersøkingane.

Undersøkinga mi viste ingen prosentvis store skilnader mellom omfanget av mobbing på arenaene ”på skulen” og ”heime”. Eg vil i høve til resultata om mobbeomfang og arena, stilla spørsmålsteikn ved teknologiutviklinga. Har teknologiutviklinga ført til at mobbinga føregår på andre arenaer enn før? Først vil eg fokusera på elevane sin tilgang til teknologien, og deretter på elevane sin databruk. Etterpå vil eg sjå om desse to faktorane kan ha innverknad på omfanget av mobbinga, og kva arena mobbinga føregjekk på. Det kjem heile tida nye funksjonar på mobiltelefonane, som mp3, bilde og video. Slike nye funksjonar blir etter kvart heilt vanlege, og det blir produsert billigare telefonar. Desse telefonane blir tilgjengelege, og allemannseige for elevar i ungdomsskulen. Datamaskinar blir òg billigare, noko som fører til at fleire ungdommar får råd til slik teknologi. ITU Monitor 2007 gjennomførte ei kartlegging av IKT-bruken til elevar i 7. og 9. klasse i grunnskulen, og VK1 i den vidaregåande skulen i Noreg. Rapporten til ITU Monitor 2007, viste ein klar auke i bruk av tid ved datamaskina på skulen frå 2005 til 2007 (Arnseth et al., 2007). Denne auken i IKT-bruk, galdt særleg elevar i 7. og 9. klasse. Eit liknande resultat fann ein òg i studien ”Ung i Norge 2002”<sup>33</sup> som omfatta om lag 12 000 ungdommar frå ungdomsskule og vidaregåande skule. Ein rapport som baserer seg på resultata til ”Ung i Norge 2002”, viser at jenter og gutar brukar PC mest utanom skuletid (Torgersen, 2004). Dette funnet stemmer overeins med studien min, som viser at ungdommane er oftare på Internett heime, enn på skulen (jf. 4.2.3). Sidan resultata frå undersøkinga ”Ung i Norge 2002” og frå studien min, viser at det er mest databruk i fritida, kan det vera naturleg å tru at det òg føregår mest digital mobbing utanom skuletida. Studien min stadfestar ikkje dette. Det er ikkje store

---

<sup>32</sup> IM betyr ”Instant Messaging ”som er prat via direkte sendte tekstmeldingar på Internett mellom to eller fleire personar (i Noreg er MSN eit døme på IM).

<sup>33</sup> Nasjonal undersøking med datainnsamling som føregjekk februar 2002.

prosentvise skilnader mellom mobbing i skuletida og utanom skuletid, i funna mine (jf. punkt 4.2.3).

I drøftinga ovanfor peika eg m.a. på at mobbeomfanget på arenaen ”utanom skuletida” ikkje nødvendigvis treng auka, sjølv om elevane brukar data mest på denne arenaen (jf. fig. 4 og 5 i punkt 4.2.3). I høve til dette vil eg sjå nærare på bruken av tiltak mot mobbing. Kan bruken av tiltak i skulen vera ei forklaring på reduksjon i omfanget av mobbing? Ein del av klassane som var med i undersøkinga mi, hadde vore med på dei førebyggjande opplegga, LP-modellen og MOT. Dei fleste elevane hadde òg kjennskap til Olweus-programmet frå barneskulen. Sidan eg i undersøkinga mi ikkje har data som synleggjer kva ulike antimobbeprogram og førebyggjande program dei enkelte elevane har hatt på skulane, vil dette bli handsama på generelt grunnlag. Fleire vitskaplege studiar viser at Olweus-programmet har hatt positive effektar i Noreg, og internasjonalt, der det ofte blir vist til ein reduksjon av nivået på mobbing med 30 – 50 %. Programmet er valt ut som ”modell-program” både i Noreg og i USA, og er blitt eitt av 10 verke same program mot vald i USA (Lærings- og oppvekstmiljøet, 2005, Roland, 2008, Schancke, 2005). På den andre sida viser SAF si siste landsomfattande mobbeundersøking, frå 2008, at talet på mobbarar og offer har auka sidan undersøkinga i 2004 (Roland, 2008, Utdanning, 2009). Denne auken var større på ungdomsskulen, enn i barneskulen. Ved å samanlikna resultatane i 9. klasse i studiane frå 2004 og 2008, auka talet på offer med 134 %, og talet på mobbarar med 126 %. Begge desse resultatane gjeld ved både ordinær mobbing og mobilmobbing (ibid.). Reduksjonen i mobbing i tidsrommet 2001 – 2004, og auken i mobbing i tidsrommet 2004 – 2008, kan ha ulike årsaker. På landsbasis i 2002 - 2004 var det stort fokus frå både regjering, med Manifestet mot mobbing, og frå skular, som starta med antimobbeprogram. Fokuset på manifestet og antimobbeprogramma, har truleg minka etter 2004 (Roland, 2008). Dette viser at bruk av antimobbeprogram kan gje reduksjon av mobbing når det er fokus på dette arbeidet, både hos styresmakter og på skulane. Olweus-programmet kjem eg attende til seinare i drøftinga, der eg stiller spørsmålsteikn ved fokuseringa på individet i høve til skulen, og strukturen ved både mobbetiltak og førebyggjande tiltak.

Tiltak er nødvendige for å førebyggja og handtera mobbing. Det er tilgjengeleg ulike nettsider som omhandlar tiltak ved digital mobbing, i både Noreg og andre land (som USA og Canada). Desse nettsidene har som mål å gje råd og rettleiing til m.a.

mobbeoffer og foreldre. Eit eksempel frå USA er Willard (2005) sine ulike forslag om tiltak som gjeld både skulenivå, klassenivå og individnivå. Dette har òg Olweus-programmet og Zero. I tillegg til desse forslaga om tiltak, har elevar tilgang til undervisningsmateriale<sup>34</sup> som skal førebyggja mobbing via mobiltelefon og Internett. I avsnittet ovanfor blei det konkludert med at førebyggjande arbeid og antimobbeprogram truleg kan vera ei av årsakene til reduksjon i omfanget av digital mobbing. I høve til denne stadfestinga, vil eg fokusera på mogelege skilnader mellom førebyggjande arbeid ( ”LP-modellen” og ”MOT”) og antimobbeprogram (Olweus-programmet og Zero). Deltakarane i studien min hadde vore aktive brukarar av fleire undervisningsopplegg/program (jf. Tabell 4) då eg utførte undersøkinga. I datasettet mitt blei det ikkje registrert kven av elevane som hadde fått undervisning i dei ulike programma då eg ikkje hadde spørsmål i studien min som omhandla dette. Sidan dette ikkje blei registrert, omtalar eg samanlikninga mellom førebyggjande arbeid og antimobbeprogram på eit generelt grunnlag. Bakgrunnsundersøkingar til studien min viste at det er mest vanleg å bruka Olweus-programmet og Zero i barneskulen, medan LP-modellen og MOT blei mest nytta i ungdomsskulen. Med tanke på skilnaden mellom førebyggjande arbeid og antimobbeprogram, er dei første eit undervisningsopplegg som skal hjelpa unge til å ta dei rette vala, ved m.a. personvern for seg sjølv og andre. Antimobbeprogramma tek i hovudsak sikte på å hjelpa lærarar med handtering av mobbeproblema, med førebyggjande arbeid, og med å rettleia elevar, slik at ingen blir plaga. Det er usikkert kvifor Olweus-programmet blei brukt mest i barneskulen, og førebyggjande program i ungdomsskulen, men det er grunn til å tru at elevane blir lei og umotiverte etter sju år med Olweus sin mobbesirkel og tiltak. Det kan då vera taktisk lurt av lærarar å gå over til eit meir førebyggjande program, som skal læra ungdommen til å visa fornuft når dei brukar Internett (Lillegården Kompetansesenter et al., 2005, MOT, 2008). I høve til vurderingane ovanfor kan det sjå ut som at dei største skilnadane mellom førebyggjande program og antimobbeprogram er på kva klassesteg dei blir brukt mest. Sidan antimobbeprogram blir mest brukt barneskulen, og førebyggjande arbeid/program blir mest brukt på ungdomsskulen, kan det vera eit resultat av at det er på desse trinna, dei ulike programma fungerer best. Det er lite truleg at ein ungdomsskuleklasse terpar på Olweus-programmet sin mobbesirkel, dersom elevane ikkje er mottakelege for det. Sett frå den andre sida, er det naturleg at

---

<sup>34</sup> Til dømes LP-modellen og MOT

ein på ungdomsskulen arbeider med førebyggjande arbeid, fordi dette appellerer meir til elevane. Sagt på ein annan måte; hadde ikkje det sistnemnte fungert, hadde truleg skuleleiinga teke i bruk andre verkemiddel. Å setja i verk tiltak ved mobbing, og å arbeida med førebyggjande undervisingsopplegg, er nødvendig for å få den digitale mobbinga redusert i skulene. Likevel verkar det som at tiltak mot mobbing og førebyggjande arbeid, ikkje alltid fungerer i skulane slik hensikta er (Olweus & Solberg, 1997). På bakgrunn av dette, studerer eg i avsnittet nedanfor om skulestorleik kan vera ei årsak til at tiltak, og førebyggjande arbeid, ikkje alltid har hatt god nok effekt i kampen mot mobbinga.

Kan skulestorleiken ha innverknad på reduksjon eller auke i mobbeomfanget i skulane? Psykologen, Asmervik, meiner at mindre skular gjev mindre mobbing. Sidan eg ikkje har data til å samanlikna skule- og klassesorleik mellom undersøkinga mi og tidlegare mobbeforskning, drøftar eg nedanfor klassesorleikar på generelt grunnlag. Asmervik argumenterer for at skulestorleiken har ein samanheng med mobbing. Han ytrar følgjande:

*Til tross for at Olweus ikke finner at skolestørrelse spiller noen rolle for utbredelse av mobbing, er det likevel et utbredt inntrykk i Norge at problemet vokser, noenlunde proporsjonalt med skolens størrelse. På større skoler blir elevene så mange at de lett blir fremmedgjorte i forhold til hverandre, hvilket gjør at man føler mindre forpliktelse i sitt forhold til andre. Det er også mer problematisk for lærere å utøve inspeksjon når elevene blir mange og man kjenner desto færre (Asmervik, 1974, s. 91-92).*

På den eine sida er det forståeleg at det er lettare for lærarvakter i friminutta å halda oversikt, og å oppdaga mobbing, ved små, enn ved store skular. På den andre sida treng ikkje skulestorleiken ha innverknad på den digitale mobbeførekosten, då denne mobbeforma er meir skjult, og er vanskelegare å oppdaga. Olweus og Roland er ikkje einig i Asmervik si vurdering av skulestorleik og mobbing (Knutsen, 2005, Olweus, 1992). Tidlegare forskning viser at sjølv om omfanget av mobbing varierer, ser det ikkje ut til at skulestorleik, eller om skulen ligg i byen eller på landet, kan forklara desse skilnadane (Knutsen, 2005). I høve til tidlegare studiar, er det ikkje funne nokon systematisk samanheng mellom skule- eller klassesorleik, og omfanget av mobbing blant elevane (ibid.). I samband med desse funna frå tidlegare studiar, konkluderer eg

med at det ikkje kan provast at skulestorleik gir meir eller mindre mobbing, sjølv om Asmervik (1974) har sterke meiningar om det motsette.

### **5.2.3 Kjønnsskilnader**

I undersøkinga mi er det fleire jenter (20,8 %) enn gutar (9,2 %) som seier at dei blir utsett for mobil- og Internett-mobbing. Ved ulike former for digital mobbing er det ganske likt tilhøve mellom jenter og gutar, med unntak av e-post, der 4 % jenter, mot 1 % gutar, har svara at dei har blitt utsett for denne mobbeforma. Elles er det litt fleire jenter enn gutar som blir mobba via telefonoppringing og web-sider, medan litt fleire gutar enn jenter, blir mobba via SMS. Ved spørsmålet om arena, meiner fleire jenter (11,1 %) enn gutar (3,1 %) at det føregår mest digital mobbing i skuletida. Hos små utval, kan dette bety ein del. Sidan det i studien min er nokre fleire deltakarar som er jenter enn gutar, vil eg ikkje trekkja for bastante konklusjonar når det gjeld kjønnsskilnader. Likevel vil eg kort nemna kva undersøkinga mi viser i høve til dette, og drøfta resultatata i lys av tidlegare forskning.

Korleis samsvarar mobbeførekosten med tidlegare forskning? På den eine sida er det ein del studiar som har funn som stemmer overeins med mitt funn, om at jenter blir mobba meir digitalt enn gutar (Smith et al., 2006). På den andre sida er det undersøkingar som viser til funn med motsett resultat, som t.d. SAF sin studie i 2004. Dei fann ut at gutar blir plaga mest digitalt (ved hyppig mobilmobbing) (Roland & Auestad, 2005). Det er òg studiar som viser til likt omfang av digital mobbing blant jenter og gutar (Li, 2006). Dette viser at forskinga på dette området gjev så ulike resultat, at det er vanskeleg å dra kvalifiserte slutningar.

### **5.2.3 Interessante funn som belyser mobbeoffer, medelev og lærar sine opplevingar av digital mobbing**

I dette avsnittet vil eg ta utgangspunkt i problemstillinga til del II, der fokus er på i kva grad dei ulike gruppene, mobbeoffer, medelev og lærar, oppfattar ulike aspekt ved digital mobbing ulikt. I samband med dette, viser den statistiske analysen av materialet mitt m.a. følgjande:

- Mobbeoffer og lærarar registrerer jamt over meir digital mobbing enn medelevane (sjå Figur 6)

- Det er forholdsvis brei semje mellom alle gruppene når det gjeld iverksette tiltak mot mobbing. Resultatet viser likevel at elevane, i større grad enn lærar, vil at mobbe-episodar kan bli lagt fram, og drøfta i klassen, som eitt førebyggjande tiltak (sjå Tabell 7 )
- Nesten halvparten av mobbeoffera opplever at læraren nesten aldri hjelper til ved mobbesituasjonar. Her skil denne gruppa seg klart ut frå dei andre gruppene. Når det gjeld i kva grad medelevar hjelper til, er det berre små forskjellar mellom gruppene (sjå figur 7 og figur 8)

Det mest tydelege generelle resultatet som kan utleiast av analysen, er at mobbeoffer opplever mobbeproblemet som større enn både medelevar og lærarar. Dette går både på omfang, og i kva grad lærarane tek problemet på alvor, og set i verk tiltak for å førebyggja og motverka mobbing. Det at så mange av mobbeoffera opplever at læraren ikkje set i verk tiltak, er eit resultat som vekker ekstra ettertanke, sjølv om talgrunnlaget her er så lite, at resultatet ikkje kan seiast å vera signifikant.

### **5.3 Drøfting av funna som belyser i kva grad mobbeoffer, medelev og lærar oppfatar digital mobbing ulikt**

Interessante og viktige funn som blei samanfatta under punkt 5.2.3, blir her drøfta i lys av teori, der det m.a. blir vist til dei to forklaringsmodellane (sjå Tabell 3) under punkt 2.6.4, som dannar mitt analytiske rammeverk. Ut ifrå drøftingane, vil det bli gjeve svar på hovudproblemstillinga om korleis mobbeoffer, medelev og lærar opplever digital mobbing.

Hovudfokuset i drøftingane nedanfor blir lagt på omfang av digital mobbing, om læraren si handtering av mobbinga, og kva tiltak som blir sett i verk av m.a. lærar.

#### **5.3.1 Hovudfunn og sjølvoppfatning- og identitetsperspektiv**

Hovudresultatet i undersøkinga mi (sjå punkt 5.2.3) er at mobbeoffer og lærarar er dei to gruppene som generelt sett opplever dei ulike aspekta ved den digitale mobbinga mest ulikt. Dette gjeld til dømes i høve til kjønnsforskjellar, og i kva grad dei opplever at lærarane set i gang tiltak for å hjelpe mobbeoffera. Når det gjeld omfang er likevel



tendensen litt annleis. Her synes lærarane og offera å vera meir samstemte enn gruppa medelevar. Kvifor er det meir semje mellom mobbeoffer og lærar ved registrering av omfang av digital mobbing, enn kva det er ved spørsmåla om tiltak og læraren si handtering av digital mobbing? I lys av eit sjølvopfatnings- og identitetsperspektiv, kan synspunktet til mobbeofferet forklarast ved at offeret oppfattar situasjonen på bakgrunn av kva han/ho ser, høyrer og føler. Han/ho kan kanskje ha ei betre evne til å oppfatta digital mobbing, då vedkommande har opplevd dette sjølv. Ein må her fokusera på den mobbeutsette si kjensle av å kanskje oppfatta mobbinga meir rett enn andre. Offera registrerer truleg plaging lettare, då vedkommande er ein av dei som blir plaga. Læraren vurderer ut ifrå kunnskapen sin om digital mobbing, om kor alvorleg denne mobbesituasjon er, kven som blir utsett for mobbinga, tiltak og handtering av plaginga (Greiff, 2005). Ved hjelp av desse vurderingane, klarer læraren å danna seg eit bilde av kva mobbing som skjer. Resultatet (Figur 6) viser at dei på denne måten oppfattar omtrent same førekomsten av ulike former av digital mobbing, som det mobbeoffer gjer. Medeleven har ikkje den same mogelegheit som offer til å rapportera om digital mobbing, då han/ho ikkje kan gje den sentrale informasjonen om mobbesituasjonen, eller føla mobbeofferet si einsemd (Greiff, 2005). Medelevene har heller ikkje den kjennskapen som lærarane har, til kor mykje hjelp mobbeoffer får. Dei er ikkje nødvendigvis involvert i mobbesituasjonen, og ofte har dei heller ikkje tilgang til sjølve opplevinga av å bli mobba (ibid.). På denne måten kan ein forklara kvifor lærar og mobbeoffer registrerer omtrent like mykje mobbing, og kvifor medelevar har ei anna oppfatning av kor mykje mobbing som førekjem.

### **5.3.2 Hovudfunn og kulturperspektiv**

Resultata i studien min kan òg sjåast i lys av eit kulturperspektiv. Med dette perspektivet som utgangspunkt, oppfattar mobbeoffer, medelev og lærar digital mobbing i høve til sin eigen kunnskap om kommunikasjonsverktøy. Korleis tilgangen til desse verktøya har vore for eleven, er òg avgjerande. Døme på kommunikasjonsverktøy er mobiltelefon og Internett. Barn som er fødd på 1980- og 1990-talet, er blitt kalla Nettgenerasjonen, eller den digitale generasjonens barn (Torgersen, 2004). Det viser seg òg at dagens unge ofte beherskar den nye teknologien betre enn dei vaksne (ibid.). Grunnen kan vera at dei brukar mykje meir tid på å "leika" seg med ulike funksjonar som finst på PC, Internett og mobiltelefonar. Forklart på

bakgrunn av eit kulturperspektiv, vil læraren oppfatta den digitale mobbinga ut frå sin eigen kjennskap til dei ulike digitale medium som blir brukt i mobbesituasjonen. Læraren si forståing av situasjonen forutset at ein har den nødvendige kunnskapen om korleis mobbinga føregår. Mobbinga kan ha ulikt innhald, som krancling, trakassering, baktaling, utgje seg for å vera ein annan, avsløra løyndommar, bedrageri, utestenging, og ein kombinasjon av gjentekne trakasseringar, baktaling og truing (Willard, 2005). Det er då viktig at læraren kjenner til desse ulike mobbesjangrane, slik at vedkommande skjønner korleis mobbinga blir utført. Sidan det heile tida er ei utvikling på dette området, klarer ikkje alle lærarar å halda seg oppdatert, då dette er blitt elevane sin livsstil. Eit eksempel er elevane sine Internett-samfunn, som facebook.com, og nettby.no (jf. punkt 2.6.3). Få lærarar<sup>35</sup>, samanlikna med elevar<sup>36</sup>, har laga seg ein profil<sup>37</sup> til slike bloggar og nettsamfunn. Dette er eit interessant aspekt, som tyder på at elevane held tritt med utviklinga på Internett, noko lærarar ikkje er så flinke til. Årsaka til at lærarar ikkje klarar å følgja med på utviklinga, kan vera mangel på tid og interesse. Når skal læraren få tid til å setja seg inn i korleis elevar kan utføra digital mobbing? Skal dette skje i læraren si ubundne arbeidstid, eller er dette noko som læraren bør setja seg inn i på fritida? Dette er sensitive spørsmål for ein overarbeidd lærar, som føler at ein ikkje strekk til, i ei verd med planar, møte, forarbeid, undervising og etterarbeid. I høve til eit kulturperspektiv, kan ein oppsummera at det er nyttig og viktig for læraren, å vera oppdatert på den nye teknologien som elevane brukar. Det skulle vore avsett tid til nettopp dette i læraren si arbeidstid, som eit førebyggjande tiltak mot digital mobbing. Dette burde vore med i skulane sine handlingsplanar mot mobbing. I teoridelen utdjupear eg korleis digital mobbing kan utførast, og kor lett dette er å gjennomføra, for ein elev som har den nye teknologien som ein livsstil. Dette avsnittet i teorien viser òg kor viktig det er at læraren er oppdatert på dei nye mobbeverktøya, som mobiltelefon og Internett (jf. punkt 2.6.3).

---

<sup>35</sup> Hadde samtalar med ti lærarar frå tre ungdomsskular, der berre to hadde registrert seg på Facebook, og tre på Nettby.

<sup>36</sup> Hadde samtale med to elevar frå ungdomsskule, som fortalde at ca. 50 % av deira klassevenner var registrert i Facebook, og nesten alle på Nettby.

<sup>37</sup> Registrerer seg med namn, og lagar brukarnamn og passord som blir brukt ved innlogging.

I samband med omfang av nett- og mobilmobbing, vil eg setja søkjelyset på deltakarane si oppleving av tiltak mot mobbing som lærar utfører i klasserommet (jf. punkt 5.3.3).

### **5.3.3 Tiltak: lærar snakkar om mobbing i klassen**

I spørjeskjemaet til respondentane blei det stilt spørsmål om kva elevar og lærarar meinte om åtte ulike tiltak (jf. punkt 4.3.3). To av tiltaka merkte seg ut i høve til resultatet. Desse tiltaka set eg søkjelyset på. Det eine tiltaket blir omhandla under dette punktet (5.3.3), og det andre tiltaket blir handsama under punkt 5.3.4. I lys av resultatet til dei to utvalde tiltaka, er det naturleg å sjå nærare på kva mobbeoffer, medelev og lærarar meiner om tiltaka. Funna, som er oppsummert i punkt 5.2.3, viser at færre mobbeoffer, enn medelevar og lærarar, vil at lærar skal snakka om digital mobbing i klassen. Kva kan grunnen vera til dette? Det er truleg at offeret synest at det blir ubehageleg å bli påminna om noko ein vil fortregja. Det er forståeleg at mobbeoffera fortregjer ubehagelege mobbeminne (Psykisk Helse nr. 1, 2007). Det kan vera fleire grunnar til at barn fortregjer mobbinga. Ei side ved fortregning av mobbing, er at offeret ikkje fortel om mobbinga til vaksne. Kvifor lèt barn vera å fortelja om dette til vaksne? Ein gut på 16 år, fortel i bloggen sin om mobbinga han blei utsett for på skulen. Han fortalde det ikkje til foreldra sine, men visste ikkje sjølv kvifor (VG Blogg, 2007). Foreldreutvalet i grunnskulen (FUG) si nettside, belyser dette aspektet med fire punkt:

- *De er redde for å bli mobbet enda mer.*
- *De vil ikke være sladrehanker.*
- *De vil ikke bekymre sine foreldre.*
- *De skammer seg over ikke å kunne klare seg selv (FUG, 2006, s.1).*

Desse punkta ovanfor kan vera ein del av forklaringa til kvifor mobbeoffer ofte hemmeleggjer mobbinga, og heller fortregjer ho. Det å fortregja, blir då ein måte vedkommande har for å kunna fungera i kvardagen. Eit eksempel på at offeret ikkje vil fortelja om mobbinga til læraren, er at vedkommande trur at plaginga blir verre (Klara Klok, 2008). Offeret kan ha ei meining om at mobbaren vil hevna seg ved å mobba meir. Den som blir plaga, kan òg vera flau over mobbinga (Helsenytt, 2007) Ei anna årsak til den mobbeutsette si redsle, kan vera at sjølvtiliten/sjølvkjensla til vedkommande er broten ned. Skal sjølvtiliten til ungdommen vera på topp, er det er ein føresetnad at ein er med i gjengen, er populær, og ikkje blir mobba. Det er òg viktig at

ein person verdset seg sjølv. Samla vil desse momenta byggja opp sjølvkjensla og sjølvtiliten, jf. kap 2.6.2.

Det er mange faktorar som verkar inn på eit offer. Det er ikkje noko fasitsvar på i kva rekkjefølgje desse faktorane påverkar den plaga. Ovanfor er det nemnt at barn fortrengrer mobbinga, i staden for å fortelja om ho. Barn med låg sjølvtilitt kan ha problem med å fortrengrja mobbinga godt nok. Dei er ulukkelege, skammar seg og er einsame. Til slutt kan barnet mista sjølvtiliten, bli innadventd og kanskje sjuke (Fauske kommune, 2005). I verste fall kan offeret få sjølv mordstankar, eller søkja til rusmiljø der ein brukar alkohol og narkotika, for å gløyma. Mobbeutsette med psykiske lidningar kan føla tristheit, håpløyse, mangel på energi og pågangsmot (jf. punkt 2.4.1). Det viser seg at sjansen for milde, eller alvorlege depresjonar, aukar ved langvarig mobbing. Sidan sjølv mordsfaren aukar ved depresjonar, har mobbeoffer langt oftare sjølv mordsstankar enn andre (Roland, 2007a). Det blir viktig å gje hjelp til barn som er i ulike risikosituasjonar (Killén, 2007). Barna må vera i fokus. Pedagogane i skulen må prøva å oppfatta og observera barn som signaliserer eit behov for hjelp (ibid.). Dersom ikkje skulen klarer å oppnå noko med tiltaka sine, blir PP-tenesta og barnevern dei neste instansane (Solli, 1984). Dette kan t.d. vera ungdomsheimar, fosterheimar eller barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar (ibid.).

Funnet (jf. Tabell 7) om at færre mobbeoffer, enn medelevar og lærarar, vil at lærar snakkar om digital mobbing i klassen, kan òg sjåast frå ei anna side. Funnet viser truleg at det er ei misforståing om kva som er hensiktsmessig å prata om, for å oppnå målet om null mobbing i klassen. Dette kan sjåast i lys av Anderson (1974) sin studie om misforståing mellom vaksne og unge. I undersøkinga til Andersson er det markerte forskjellar når det gjeld korleis vaksne og unge trur at den andre generasjonen ser på sin eigen generasjon (Andersson, 1974). Sett ut ifrå korleis vaksne og unge ofte misforstår kvarandre, kan ein forklara funnet i mi undersøking med at læraren trur at mobbeoffer ønskjer at han/ho skal snakka om mobbing i klassen. Offeret derimot kan synast at dette er ubehageleg, fordi vedkommande ikkje vil bli påminna om at han/ho er eit offer, (jf. førre avsnitt, der fokuset var på mobbeofferet si fortrengring av plaginga). Ikkje alle offer fortrengrer mobbinga. Ein del elevar tek kontakt med Barneombudet. Spørsmål som gjentek seg, er kva dei skal gjera for å få slutt på mobbinga. Svaret dei får, er å fortelja om plaginga til ein vaksen som dei er trygg på (Barneombudet, 2008). Det kan

anten vera foreldre, læraren eller helsesøster. Dersom offera ikkje føler at dei får hjelp nok av skulen, kan dei klaga til Fylkesmannen (ibid.). Andre råd som blir gjeve av Barneombodet, er at foreldra skal be om eit møte med skulen. Skulen kan òg syta for å finna ein venn til offeret (ibid.). Dette er tiltak som er noko meir konkrete enn berre det å prata om mobbing i klasserommet. Truleg manglar dei konkrete tiltaka i skulen. Det blir for mykje prat med offer, mobbar og foreldre, og for lite handlingar, som t.d. å finna ein god venn til offeret. Fleire faktorar peikar seg ut, i høve til konklusjonen av kvifor *færre mobbeoffer, enn medelevar og lærarar, vil at lærar snakkar om digital mobbing i klassen*. I samband med drøftinga ovanfor, konkluderer eg med at offeret oppfattar synleggjeringa av mobbinga som ubehageleg. Offeret vil helst fortregja hendingane, fordi han/ho er skamfull over å bli mobba. Den mobbeutsette har òg for låg sjølvtilitt, til å ta eit oppgjær med problemet. Samstundes er offeret redd for represaliar frå mobbar.

#### **5.3.4 Tiltak: mobbinga blir diskutert i klassen**

Eit interessant funn ved spørsmålet om tiltak, er at færre lærarar (22 %) enn medelevar (48 %) og mobbeoffer (56 %), vil at mobbinga skal diskuterast i klassen. Kva er årsaka til dette resultatet? Funnet viser at omtrent halvparten av elevane har sagt seg samde i bruk av dette tiltaket, medan berre litt over 1/5 av lærarane meiner det same. Dette resultatet vil eg først studera ut ifrå læraren sin synsstad. Deretter vil eg sjå resultatet i samband med synspunkta til elevane. Til slutt vil eg utdjupa mogelege endringar i skulestrukturen, som kan føra til mindre mobbing. I samband med oppfatninga til læraren, er det truleg at dei på den eine sida tenkjer at dette tiltaket blir ein altfor kraftig reaksjon på den digitale plaginga, og at dette kan slå tilbake, og gjera mobbinga verre. Her er det naturleg å trekkja inn kodar og uskrivne reglar som finst i klassen. Sidan elevane sine behov for å høyra til i klassen er sterke og grunnleggjande, kan elevar strekkja seg langt for å oppnå tilhøyrsløse, og for å unngå utestenging (Roland, 1995). På denne måten kan læraren si uthenging av mobbaren slå tilbake på mobbeofferet, ved at offeret blir endå meir utestengt og plaga, då ev. uskrivne reglar og kodar i klassen er blitt brotne. På den andre sida kan det vera at læraren ser på dette tiltaket som ei uthenging av mobbar i klassen, noko som blir urett i høve til læraren sin identitet og lærarrolle (jf. punkta 2.6.2 og 2.3). Her baserer læraren seg på samfunnet sine forventningar til hans/hennar framferd i klassen (Fossland & Grimen, 2001, Roland, 2007a). Det å fortelja til alle i klassen kva mobbar har gjort, blir då feil for mange

lærarar. Læraren kan sjølv føla seg som ein mobbar, eller at vedkommande føler at ein set mobbaren i ein slags gapestokk. Dette blir for mange lærarar ein feil måte å handtera den digitale mobbinga på. I høve til dette resonnementet, kan det vera forståeleg at lærarane svarar slik som dei gjer. Dei svarar ut ifrå forventningar, og i samband med å vera ”den gode lærar” (jf. punkt 2.3).

Undersøkinga viser at om lag halvparten av elevane vil at mobbinga skal diskuterast i klassen. Dette resultatet kan granskast eller tolkast på fleire måtar. Sidan dette funnet ”midt på treet”, meiner eg at resultatet korkje viser at elevane er for eller imot å diskutera mobbeepisodar i klassen. Funnet viser såleis at elevane, generelt sett, er noko usikre på om eit slikt tiltak fungerer. Eg vil difor retta søkjelyset på korleis lærarar og skuleleiing kan utarbeida tiltak som fungerer. Det er kanskje på tide å tenkja nytt m.o.t. tiltak, og kva som fungerer/ikkje fungerer. Denne drøftinga kjem eg nærare inn på under punkt 5.3.6, der eg set søkjelyset på tiltak mot mobbing.

Nedanfor oppsummerer eg lærar- og elevresultatet som gjeld spørsmålet ”om å diskutera mobbinga i klassen som eit tiltak”. Lærarane svara på spørsmålet ut ifrå egne vurderingar, om kva som var fornuftig i høve til mobbar og offer. I tillegg svara dei i høve til si eiga lærarrolle og identitet. I samband med elevresultatet blir det meir usikkert å trekkja nokon klare konklusjonar. Elevfunnet viser at om lag halvparten syntest det var lurt å diskutera mobbinga i klassen, medan den andre halvparten meinte det motsette. Det viktige i denne diskusjonen om tiltak, er å finna, og å bli einige om tiltak/førebyggjande tiltak som fungerer. Det er òg avgjerande å klårgjera korleis ”den digitale mobbinga” blir handtert av elevar og lærarar. Det er sjølvsagt nødvendig med tiltak som fungerer, men det er òg avgjerande at mobbeofferet får den hjelpa som vedkommande treng. Dette utdjupar eg i punktet nedanfor (5.3.5) der eg set søkjelyset på kor ofte læraren hjelper offeret.

### **5.3.5 Handtering av mobbing: Kor ofte hjelper læraren?**

I dei to punkta (5.3.3 og 5.3.4) ovanfor om tiltak, utdjupar eg kva elevar og lærarar meiner om bruken av ulike tiltak. Det er utan tvil nødvendig at ein set i verk tiltak som fungerer, men det som er like viktig, er at desse tiltaka blir utført kvar gong mobbing blir oppdaga. Skal mobbinga bli redusert, må tiltaka skuleleiing og lærarar har

tilgjengelege, bli sett i verk og gjennomførte. Resultatet frå undersøkinga mi viser fleire tankevekkjande synspunkt med omsyn på ”kor ofte læraren hjelper ved mobbing”. Eit interessant aspekt er at 48 % av mobbeoffera opplever at læraren nesten aldri hjelper til ved digitale mobbesituasjonar, medan ingen av lærarane har den same oppfatninga. Kva er årsaka til dette? Ein grunn kan vera at eit offer som har mobbinga friskt i minnet, føler at han/ho ikkje alltid har fått hjelp med plaginga, og difor kryssar nesten halvparten av offera av ved svaralternativet ”nesten aldri” (Greiff, 2005). Det kan òg vera at lærarane konkluderer på bakgrunn av eigne erfaringar og meiningar om *at ein lærar alltid hjelper eit mobbeoffer*, sidan vedkommande sjølv ville ha gjort det. Dette kan vera ei forklaring på at ingen av lærarane i undersøkinga kryssa av ved svaralternativet ”nesten aldri”. Denne forklaringa kan sjåast ut ifrå identiteten til læraren, jf. punkt 2.6.2, om læraren som er i ei lærarrolle der det blir forventa at han/ho gjer sitt for å hjelpa eit mobbeoffer (Fossland & Grimen, 2001). Her kan det vera nyttig å poengtera skilnaden mellom intensjonar og realitetar. Sjølv om læraren har som intensjon å hjelpa, er ikkje alltid realitetane slik at lærarane veit om alle mobbesituasjonar o.l. Dette kan altså vera ei reell forklaring på avviket mellom gruppene. Motiva for ikkje å hjelpa, kan såleis vera ulike. Likevel lyt ein her konkludera med at offera føler at lærar hjelper for lite. Samstundes viser både mi, og andre undersøkingar, at elevane ikkje alltid er samde med lærar, om kva tiltak som er best. Det er her nødvendig at ein òg tek omsyn til elevane sitt perspektiv, i utforminga av handlingsplanar mot mobbing.

### **5.3.6 Viktige aspekt i drøftinga og vidare tenking**

I dei følgjande avsnitta vil eg m.a. studera nærare tiltak, individorientering og skulestruktur. I høve til dette vil eg prøva å samla nokre viktige aspekt frå drøftingane ovanfor. Eit interessant spørsmål er kva elevar meiner om tiltak i skulen. Dei førre avsnitta viser m.a. at mobbeoffera ikkje er så interessert i å prata om mobbing i klasserommet, samanlikna med lærarane. Sidan det er rimeleg stor skilnad mellom offer og lærarar sine meiningar om tiltak mot mobbing, kan det vera lurt å ta elevane med i prosessen ved utarbeidinga av nye tiltak. Spørsmålet blir i høve til dette om elevane har forslag til tiltak som dei trur fungerer. Døme på tiltak på skulenivå er etablering av miljøgruppe. I opplæringslova, som kom 17. juni 2005, § 11-1a, blei skulane pålagt dette (Kunnskapsdepartementet, 2005). Sandsleth viser med eksempel i boka si, korleis

skulen kan starta slike miljøgrupper (Sandsleth, 2007). Denne gruppa kan ha i oppgåve å utarbeide handlingsplan mot mobbing på sin eigen skule. I miljøgruppa skal det vera representantar frå både skuleleiing, elevar, lærarar, helsesøster og PPT. Eit anna døme om å bruka elevar sin kunnskap om mobbing i tiltaksprosessen, er frå Trondheim. Her var 200 elevrådsrepresentantar, rektorar, lærarar og andre som arbeider med temaet mobbing, samla til seminar om mobbetiltak (Adresseavisen, 2007). Poenget med samlinga var at deltakarane skulle komma med innspel til kva auken i mobbinga skuldast, og korleis dei skulle snu denne trenden (ibid.). På dette seminaret fann dei ut at det var viktig å støtta dei som blei mobba. Dei var òg einige om at det var lettare å oppdaga mobbing i mindre klassar og grupper (ibid.). Dette er eit argument som kan tala for å redusera talet på elevar i klassane. Eit logisk resonnement er at det blir lettare for læraren å avsløra mobbing, dersom det er færre elevar i klassen. Dette støttar psykologen Sverre Asmervik (Asmervik, 1974). Han meiner at det er eit utbreidd inntrykk i Noreg, at mobbeproblema veks nokolunde proporsjonalt med storleiken til skulane (jf. punkt 2.4.2). Tidlegare forskning viser at skule- og klassestorleik ikkje har nokon innverknad på mobbeførekosten (Knutsen, 2005, Olweus, 1992). Knutsen (2005) seier at sjølv om omfanget av mobbinga i norske grunnskular varierer, kan ein likevel ikkje forklara desse skilnadane ut ifrå skulestorleiken, eller om skulen ligg i byen, eller på landet (Knutsen, 2005). Argumenta ovanfor viser at både opplæringslova, psykologar og elevar, meiner at det er nyttig å ta elevane med i prosessen, ved utarbeiding av tiltak mot mobbing. Eg trur, i høve til denne oppsummeringa, at ein må fokusera på å utnytta elevane sin kjennskap og kunnskap om mobbing. Det blir såleis viktig å involvera elevane i arbeidet mot mobbing, der utarbeiding av tiltak er ein del av dette arbeidet. Det å få fram funksjonelle tiltak i lag, som t.d. ved arbeid i ei miljøgruppe, bør absolutt vera oppnåeleg i både barneskule og ungdomsskule. Med tanke på skulestorleik, som eg nemnte avslutningsvis i drøftinga ovanfor, trur eg det er vanskeleg å konkludera at storleiken på skulen verkar inn på omfanget av mobbinga. Det viser seg at mange meiner at større skular gjev meir mobbing, medan tidlegare forskning motbeviser dette (Knutsen, 2005, Olweus, 1992).

Ei anna side ved dei ulike tiltaka som blir lagt fram på skulane, er vektlegginga av individet og skulestrukturen. Tiltaka som eg viser til i spørjeskjemaet mitt har m.a. fokus på individ: offer, mobbar, lærar, medelevar og foreldra til offer og mobbar. Det er difor rimeleg å utdjupe ulike synspunkt når det gjeld bruken av tiltak som er knytte til



individua, eller til skulestrukturen. Både Eriksson et al. (2002) og Hareide (2004) meiner at det er ein svakheit at tiltaka er for individorienterte. Det burde vore meir fokus på strukturen i skulen (Asmervik, 1974, Eriksson et al., 2002, Hareide, 2004). Olweus er ikkje samd i meiningane til m.a. Hareide (2004). I tidsskriftet "Skolepsykologi" tek Olweus til motmæle mot m.a. kritikken om for sterk individorientering (Olweus, 2005). Argumentasjonen ovanfor viser at begge partar er einige om betydninga av strukturen i skulen. Roland (2007) deler dette synet. Han viser til tidlegare forskning, som fortel at kvaliteten på skuleleiinga og pedagogisk semje i kollegiet, har betydning for førekomsten av mobbing i skulen. Vidare seier han at klasseleiinga har direkte betydning for omfanget av mobbing, og indirekte betydning via det sosiale mønsteret i klassen (Roland, 2007a).

Det er forståeleg at skulestrukturen er av betydning med tanke på mobbeproblematikken. Elevrepresentantane på seminaret i Trondheim hadde sine tankar om kva tiltak som var nyttige. Dei meinte at det var medelevane sitt ansvar å fortelja om mobbing (Adresseavisen, 2007). Dette meiner òg antimobbeprogramma som oppfordrar tilskodarane å seia ifrå (Olweus, 2001, Roland, 1983). Det er viktig at læraren hjelper offer i mobbesituasjonar. Funnet frå undersøkinga mi, der nesten halvparten av offera følte at læraren ikkje hjelpte ved mobbing (jf. Figur 7), stadfestar at læraren må bli flinkare til å setja inn tiltak. For at læraren skal få til dette, må vedkommande få vita om at mobbinga skjer. Vidare seier elevrepresentantane at det kan vera vanskeleg for lærarane å oppdaga alt, men det er bra når dei vaksne grip inn, i alle fall viss det blir gjort anonymt (Adresseavisen, 2007). Dette betyr at elevane synest at lærarane skal halda litt låg profil ved handsaminga av mobbeprobem. Dette stemmer delvis med resultatet i studien min der under halvparten av medelevar vil at lærar tek opp i klassen kva mobbar har gjort. Denne måten å løysa problem på, blir for lite anonymt for offeret.

## **5.4 Oppsummering**

I denne undersøkinga har eg sett på korleis mobbeoffer, medelevar og lærarar oppfattar digital mobbing. På bakgrunn av dei deskriptive funna, er førekomsten av digital mobbing i min studie, mindre enn kva ein har funne i tidlegare forskning. Med tanke på kjønnsforskjellar ved mobbinga, er det altfor sprikande funn i den tidlegare forskinga, til å kunne trekkja nokon slutningar her. Undersøkinga mi viser at 15,3 % av elevane

blei utsett for digital mobbing generelt, og at dobbelt så mange jenter (20,8 %) som gutar (9,2 %) blei utsett for denne mobbinga. Her var det litt meir mobbing utanom skuletida (8 %), enn kva det var i skuletida (7 %).

Ut ifrå funna i studien min, og drøftinga i lys av forklaringsmodellane og teori, viser det seg at mobbeoffer og lærarar stort sett oppfattar digital mobbing ulikt. Dette ser ein i samband med:


- Korleis dei opplever tiltak ved digital mobbing (Fleire lærarar enn offer vil snakka om mobbing i klassen. Fleire offer enn lærarar vil at mobbinga skal diskuterast i klassen.)
- I kva grad lærar hjelper mobbeoffer. (Nesten halvparten av offera meiner at lærar nesten aldri hjelper.)

Desse funna blir drøfta i høve til to hovudperspektiv: 1) sjølvopfatnings- og identitetsperspektiv, og 2) kulturelt perspektiv. I drøftinga blir det òg trekt inn anna teori, og tidlegare forskning på området.

Studien min viser òg at lærar og offer er nesten einige om omfanget av ulike former for digital mobbing. Dette kan tyda på at lærarane klarer å registrera mobbinga, men at dei, etter offera si meining, ikkje gjer nok. Nesten halvparten av offera opplever at læraren ikkje hjelper. I tillegg meiner mobbeoffera at tiltaka som blir utført, ikkje er gode nok. Elevar og lærarar har ikkje same synspunkt på dei tiltaka lærar set i verk. Dei mobbeutsette er korkje nøgde med tiltaka, eller med den hjelpa dei får av læraren. Dette er eit viktig resultat. Sidan resultata mine viser at det er ei kløft mellom offera og lærarane si oppfatning av mobbetiltak, kan det vera nyttig med innspel frå både dei mobbeutsette, og medelevar, om andre tiltak som dei trur kan redusera mobbinga. Eg meiner at elevar og lærarar må bli så samkjørte med kva som fungerer av tiltak, at misforståingar kan bli unngått (Andersson, 1974). Utfordringa til skuleverket blir såleis å utarbeida meir handfaste og konkrete tiltak, som verkar. Truleg er det desse konkrete tiltaka som manglar i skulen. Det å prata med elevane om mobbing, og driva førebyggjande arbeid, er i mange tilfelle ikkje nok. Dette viser blant anna resultata i studien min. Det at mange elevar framleis blir mobba i skulane våre, forklarar òg dette (Helsenytt, 2007). Eit meir konkret tiltak kan til dømes vera at ein hjelper til med å

finna venner til offeret, som kan hjelpa og støtta ved seinare mobbing. Desse vennene kan t.d. vera frå eldre klassesteg, eller elevar som er ”populære”, slik at offeret får meir status blant medelevar og mobbarar. Ut ifrå arbeidet med å setja i verk dei rette tiltaka, bør skuleleiinga utfordra strukturen i skulen, og vera opne for eventuelle endringar som kan hjelpa til med å redusera mobbinga.

Til slutt vil eg synleggjera viktige aspekt rundt dei mest interessante funna frå studien min. Desse funna omhandlar i kor stor grad lærar hjelper eit offer, og om tiltaket ein set i verk, hjelper. Nedanfor visualiserer eg dei relasjonar og faktorar som eg synest er relevante og nyttige i arbeidet for å oppnå målet om at offeret føler at læraren hjelper. Dette målet omfattar både at læraren skal hjelpa i mobbesituasjonar, og i kor stor grad offeret meiner at tiltaka hjelper.



**Figur 9. Visualisering. Mål: Offer føler at lærar hjelper**

Figuren viser at skuleleiing, og pedagogisk personale, må gjera skulestrukturen betre. I tillegg til ein betra skulestruktur, er det naudsynt med gode relasjonar mellom læraren og elevane. Læraren må visa autoritet, omsorg og respekt til elevane. Samstundes må det vera gjensidig kommunikasjon og tillit mellom elevar og lærarar. Elevane og lærarane må òg samarbeida om tiltak og handlingsplanar mot mobbing. Ved at elevane og lærarane klarar å oppnå slike gode relasjonar som omsorg, respekt, tillit og samarbeid, blir det ein betre kommunikasjon mellom partane. Målet blir at mobbeofferet føler at lærar hjelper. For at offeret skal ha denne oppfatninga, er det ein føresetnad at tiltaka mot mobbing fungerer. Desse tankane om kommunikasjon og samarbeid mellom elev og lærar, og om betra skulestruktur, utdjupar eg nærare i konklusjonsdelen.

## 6 KONKLUSJON

### 6.1 Konklusjonar

Funna i undersøkinga mi var basert på kvantitative problemstillingar og materiale. Det ideelle hadde likevel vore å kunna kombinera dette datamaterialet med kvalitative intervju, der respondentane kunne grunngje og utdjupa svara sine. Ved ei kvantitativ spørjeskjemaundersøking blir det avgrensingar i høve til respondentane sine mogelegheitlar til å beskriva, men ikkje minst til å grunngje og å utdjupa meiningane sine. Respondentane må utelukkande gje svar på forskaren sine spørsmål, samtidig som dei må velja mellom forskaren sine ulike svaralternativ.

På bakgrunn av dette, blei det vurdert om det var mogeleg å finna elevar som var villige til å stilla til intervju. Eg vurderte det slik at det var lettare å få meir ærlege svar, dersom eleven og læraren fekk vera anonym. Eg viser her til tidlegare forskning av digital mobbing, der det er blitt nytta spørjeskjema. Dette kan argumentera for å bruka spørjeskjema i undersøkinga mi. På bakgrunn av dette valde eg nettbasert skjema, slik at deltakarane skulle få fred og ro til å svara ærleg på ein del sensitive spørsmål. Ved at dei var anonyme i undersøkinga, fekk eg òg betra validiteten i studien min.

Problemstillinga til undersøkinga mi var korleis mobbeoffer, medelevar og lærarar opplevde digital mobbing. For å konkludera i høve til denne problemstillinga, vil eg først vurdere resultatata til dei ulike forskingsspørsmåla, som blei delt inn i Del I og Del II. I samband med funna i Del I om deskriptive tilhøve, blei omfanget av digital mobbing generelt, lågare enn i tilsvarende internasjonale studiar. Dette gjeld òg førekomsten av ulike former av digital mobbing. Jamt over var det òg ein tendens til at jenter blei mobba meir enn gutar, ved nokre av dei digitale mobbepormene. Dette samsvarar med fleire av studiane frå tidlegare forskning.

Sett frå forklaringsmodellane og forskingsspørsmåla i Del II av resultatata, vil eg konkludera med at det var størst skilnader mellom dei to gruppene, mobbeoffer og lærarar, si oppleving av digital mobbing. Desse forskjellane, mellom mobbeoffer og lærar, var stort sett signifikante. Det var ikkje så store skilnader mellom gruppene medelev og lærar, og mellom medelev og mobbeoffer. Viktige og interessante funn blir belyst nedanfor:

- ▶ 48 % av mobbeofferer meiner at lærar ”nesten aldri” hjelper ein elev som blir mobba digitalt.
- ▶ Færre mobbeoffer, enn medelevar og lærarar, ynskjer at lærar snakkar om mobbing i klasserommet, på foreldremøte, og med foreldra til dei involverte.
- ▶ Fleire mobbeoffer, enn medelevar og lærarar, ynskjer at lærar fortel til klassen kva mobbar har gjort, og at lærar diskuterer åtferda til mobbar i klassen.

Unntaket frå funna ovanfor, var at mobbeoffer og lærar var mest einige ved spørsmålet om registrering av ulike former av digital mobbing. Her var det signifikante skilnader mellom medelev og mobbeoffer/lærar.

Avslutningsvis vil eg setja søkjelyset på sjølve hovudkonklusjonen, og tankar om denne. Det viser seg i høve til vurderingane frå forskingsspørsmåla i Del I og Del II, at mobbeoffer og lærar oppfattar samla sett digital mobbing mest ulikt. Dei mest oppsiktvekkjande og interessante funna, er at *halvparten av offera synest at lærar nesten aldri hjelper*, og at dei *heller ikkje er einige i dei ulike tiltaka lærar gjennomfører* ved mobbing. Slik eg oppfattar dette, bør elevar og lærarar komma meir på bølgelengd, ved at dei m.a. blir flinkare til å kommunisera om kva tiltak som hjelper. Det er nyttig med ein god kommunikasjon, sidan det er naturleg at vaksne og unge misforstår kvarandre (Andersson, 1974). Gjennom ein betre kommunikasjon, kan det truleg bli lettare for offeret og medelevar å fortelja til læraren om mobbetilfelle, då ein på førehand har oppretta eit tillitsforhold. Det at elevar og lærarar blir samde om kva tiltak som fungerer, vil truleg styrkja tilliten mellom elev og lærar. Det er då nødvendig at læraren har autoritet. Ein lærar med autoritet, viser innleving, omsorg og respekt for kvar elev som person (jf. punkt 2.3). Denne gode relasjonen mellom lærar og elev, vil truleg hjelpa læraren i oppbygginga av tillitsforholdet mellom seg sjølv og elevane. I tillegg til kommunikasjon og tillit mellom lærar og elev, er det naudsynt å sjå på samspelet mellom dei ulike faktorar, for å forstå mobbekonfliktane (Solli, 1984). Desse faktorane kan vera innan skulestrukturen, korleis undervisinga er lagt opp, og om forventingar som blir stilt til eleven frå skulesystemet (jf. punkt 2.4.2). Samla oppsummering av konklusjonen blir at tilliten og kommunikasjonen mellom elev og lærar må bli betre, ved at eleven m.a. blir invitert til å delta i utarbeiding av handlingsplanar mot mobbing. Samtidig må skuleleiinga, og pedagogisk personale, bli flinkare til å sjå løysingar ved skulestrukturen som kan føra til reduksjon av

mobbeepisodar. Det er viktig at skuleleiinga set av tid til at elevar blir kjent med kvarandre, og til å byggja gode relasjonar (jf. figur 9 under punkt 5.4).

## 6.2 Vidare forskning

På bakgrunn av resultatane ovanfor vil ei interessant vinkling i ei vidare forskning vera å gå meir i djupna med både mobbeoffer, medelevar og lærarar. Det ville då vore hensiktsmessig med ei kvalitativ tilnærming ved djupneintervju av desse tre respondentgruppene. Med tanke på forskingsspørsmål ville det vore interessant å studera mobbeoffer sine kjensler ved digital mobbing, og kva medelevar og lærarar trur, og meiner om dette. Eit naturleg spørsmål i denne samanheng, vil vera å finna ut kven mobbeoffer fortel om mobbinga til.

Det er òg nyttig å studera korleis førekomsten aukar eller minskar, etter bruk av antimobbeprogram som Zero og Olweus, og ved bruk av førebyggjande arbeid, som undervisningsopplegga ”Du bestemmer”, ”MOT” og ”LP-modellen”. Her kan ein gjera ei undersøking før programmet blir introdusert i klassen, og ei lik undersøking i etterkant. På denne måten kan ein samanlikna før og etter igangsetjinga av desse antimobbeprogramma/undervisningsopplegga, og sjå om ein finn signifikante forskjellar i ein eller fleire klassar, etter at programmet har vore i bruk ei tid.

Det siste forslaget om vidare forskning, er å prøva ut modellen i figur 9, om betring av læraren si hjelp til offeret, og om betre tiltak ved mobbing. Det interessante hadde vore å utføra ei kvantitativ undersøking, før og etter igangsetjing av modellen. Denne undersøkinga skulle kartleggja omfanget av mobbing, i kva grad lærar hjelpte offeret, og om kor nøgde elevar og offer var m.o.t. tiltaka. Denne modellen (jf. fig. 9) kan truleg vera ein dristig og arbeidsintensiv plan å gjennomføra, sidan han involverer heile skulesystemet, med skuleleiing, pedagogisk personale og elevar. Skuleleiinga lyt ved eit slikt opplegg, vera opne for eventuelle endringar på skulestrukturen (jf. eksempel i punkt 2.4.2). I etterkant hadde det vore interessant med djupneintervju av verksemdsleiar, lærarar, elevar, mobbeoffer og foreldre, for å finna ut om modellen har hatt nokon effekt.

## 7 LITTERATURLISTE

- Adresseavisen. (2005) *Misfornøgd med lærerens nettvett* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.adressa.no/forbruker/digital/article555661.ece> [lese: 07.10.08].
- Adresseavisen. (2007) *Elever tar mobbing på alvor* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.adressa.no/nyheter/sainntja/article974505.ece> [lese: 07.10.08].
- Andersson, B. (1974) *Older and Younger Generations' Views of each other. A study in misunderstandings*. Vol. Scand. J. of Educational Research, nr. 18, s. 117 - 132.
- Anfinset, O. (1991) *Karakteranalyse - i eksistensielt og fenomenologisk perspektiv*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Anonyms.com. (2008) *Send International Anonymous SMS* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.anonyms.com/index.asp>. [lese: 07.10.08].
- Anti- Bullying Alliance by Goldsmiths College, University of London. (2003) *DfES: Don't Suffer in Silence* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.dfes.gov.uk/bullying/cyberbullying\\_what\\_is.shtml](http://www.dfes.gov.uk/bullying/cyberbullying_what_is.shtml) [lese: 20.01.08].
- Asmervik, S. (1974) *Eleven i dine hender*. Gjøvik, Mariendals Boktrykkeri A.s
- Barneombudet (2008) *Mobbing* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.barneombudet.no/klar\\_melding/mobbing/?vis=9559#9559](http://www.barneombudet.no/klar_melding/mobbing/?vis=9559#9559) [lese: 07.10.2008].
- Barnevakten. (2008) *Gode råd – Barn og Internett* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.barnevakten.no/sider/tekst.asp?side=21962> [lese: 12.09.08].
- Befring, E. (2007) *Forskingsmetode med etikk og statistikk*. Oslo, Det norske samlaget.
- Belsey, B. (2004) *Cyberbullying* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.cyberbullying.ca/> [lese: 20.01.08].
- Brattland, G. (2002) *Helse i et kulturperspektiv. En kvalitativ undersøkelse blant seks gamle mennesker i Kvæningen gjennom et prosjekt om helse og livssyn hos eldre. Tromsø, Universitetet i Tromsø*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://hdl.handle.net/10037/642> [lese: 28.04.08].
- BT (Bergens Tidende) (2007) *Digital danning* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/meninger/kronikk/article380973.ece> [lese: 31.01.09].



- Christophersen, K. (2006) *Databehandling og statistisk analyse med SPSS*. 3. utg. Oslo, Unipub forlag og forfatteren.
- Dagbladet. (2007) *Britiske lærere orker ikke mer nettmobbing* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.dagbladet.no/dinside/2007/08/02/507809.html> [lese: 20.01.08].
- Dagbladet. (2008) *Ekspløsjon av nett- og mobilmobbing* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.dagbladet.no/tekstarkiv/artikkel.php?id=5001080033097&tag=item&words=mobbing> [lese: 08.01.08].
- Eidsvåg, I. (2005) *Den gode lærer i liv og diktning*. Oslo, Cappelen
- Eriksson, B., O. Lindberg, E. Flygare, K. Daneback, (Eriksson et al.) (2002) *Skolan . En arena för mobbning*, Stockholm, Skolverket. Tilgjengeleg frå: <http://www.skolverket.se/sb/d/193/url/0068007400740070003a002f002f0077007700770034002e0073006b006f006c007600650072006b00650074002e00730065003a0038003000380030002f00770074007000750062002f00770073002f0073006b006f006c0062006f006b002f0077007000750062006500780074002f0074007200790063006b00730061006b002f0042006c006f0062002f0070006400660031003000320038002e007000640066003f006b003d0031003000320038/target/pdf1028.pdf%3Fk%3D1028>. [lese: 16.10.08].
- Fauske kommune. (2005) *Plan mot mobbing og antisosial adferd*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.fauske.kommune.no/filer/pdf/Mobbepplan%2020-06-05.pdf>. [lese: 07.10.08].
- Fink, A. (2003a) *The survey handbook*. 2. utg. Thousand Oaks, California, Sage Publications, Inc.
- Fink, A. (2003b) *The Survey kit*. Thousand Oaks, California, Sage Publications, Inc.
- Forebygging.no (2000) *Aktivt verdivalg* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.forebygging.no/fhp/d\\_emneside/cf/hApp\\_101/hPKey\\_827/hParent\\_22/hDKey\\_1](http://www.forebygging.no/fhp/d_emneside/cf/hApp_101/hPKey_827/hParent_22/hDKey_1) [lese: 08.10 2008].
- Foreldrenettet. (2007) *Aldri fred å få* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.foreldrenettet.no/cgi-bin/fug/imaker?id=54910> [lese: 20.01.08].
- Foreldreutvalet for grunnskolen. (2005) *Stopp mobbing! Gode råd til foreldre* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.foreldrenettet.no/data/f/0/26/95/6\\_2401\\_0/Stopp\\_mobbing\\_nyn\\_web.pdf](http://www.foreldrenettet.no/data/f/0/26/95/6_2401_0/Stopp_mobbing_nyn_web.pdf) [lese: 20.09.08].
- Fossland, J. & H. Grimen, (2001) *Selvforståelse og frihet: en introduksjon til Charles Taylors filosofi*. Oslo, Universitetsforlaget.

- Friis, S. & P. Vaglum, (1999) *Fra idé til prosjekt. En innføring i klinisk forskning*. 2. utg. Otta, Tano Aschehoug.
- FUG (2006) *Hva er mobbing? Hva vet vi om mobbing?*[Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.foreldrenettet.no/cgi-bin/fug/imaker?id=27239>. [lese: 20.09.08].
- Greiff, P. (2005) *Mobbing, selvoppfatning og psykisk helse. Teoretisk gjennomgang og resultater fra en undersøkelse i Namdalen blant elever i 6. og 9. klasse høsten 2002*. Trondheim, NTNU - trykk.
- Hareide, D. (2004). *En kritisk beretning om "Den store nordiske mobbekrigen"*. Skolepsykologi, nr. 6. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.skolepsykologer.no/skolepsykologi/Hareide.pdf> [lese: 07.10.08].
- Helsenytt (2007) *Mobbing av barn og unge* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.helsenytt.no/artikler/mobbing.htm> [lese: 07.10.08].
- Hinduja, S. & Justin W. Patchin. (2005) *Research Summary: Cyberbullying victimization. Preliminary findings from an online survey of Internet-using adolescents* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.cyberbullying.us/cyberbullying\\_victimization.pdf](http://www.cyberbullying.us/cyberbullying_victimization.pdf) [lese: 28.01.08].
- Holme, I.M. (1996) *Metodevalg og metodebruk*. [Oslo], TANO.
- Imsen, G. (2005) *Elevers verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. 4. utg. Oslo, Universitetsforlaget.
- Johannessen, A. (2007) *Introduksjon til SPSS: versjon 14*. Oslo, Abstrakt forl.
- Killén, K. (2007) *Barndommen varer i generasjoner. Forebygging er alles ansvar*. 2. Utg. Oslo, Kommuneforlaget AS.
- KK (2007) *Digital mobbing. Jaget*. 18. utg. Oslo, Allers Familie-Journal AS.
- Klara Klok (2008) *Jente fortel om digital mobbing på ungdomsskule* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.klara-klok.no/wips/264138693/caseId/221617116/> [lese: 13.05.08].
- Kunnskapsdepartementet (2003). *Manifest mot mobbing. Aktivitetsrapport*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter\\_planer/rapporter/2003/Manifest-mot-mobbing---Aktivitetsrapport.html?id=106012](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter_planer/rapporter/2003/Manifest-mot-mobbing---Aktivitetsrapport.html?id=106012) [Lese: 22.01.09 ]
- Kunnskapsdepartementet (2005). *Lov om endringer i opplæringslova og friskolelova*. [Internett]. Tilgjengeleg frå [http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/ltavd1/filer/nl-20050617-105.html&emne=%27skolemilj%F8%27\\*&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/ltavd1/filer/nl-20050617-105.html&emne=%27skolemilj%F8%27*&) [Lese: 22.01.09 ]

- Larsen, S. & Manger, T. (2005) *Mobbing: Tåkelegging er neppe løsningen.*, Skolepsykologi nr. 1.
- Li, Q. (2006) *Cyberbullying in Schools: A research of Gender Differences*. School Psychology International, Sage Publications.
- Lillegården Kompetansesenter, Høgskulen i Hedmark og Utdanningsdirektoratet. (2005) *LP-modellen. Læringsmiljø og pedagogisk analyse* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.eldhusetfagforum.no/lp-modellen/pdf/brosjyre\\_lpmodellen.pdf](http://www.eldhusetfagforum.no/lp-modellen/pdf/brosjyre_lpmodellen.pdf) [2005]. [lese: 13.05.08].
- Luresms.com. (2008a) *Avtalevilkår for medlemskapet* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://luresms.com/index.php?side=vilkar>. [lese: 13.05.08].
- Luresms.com. (2008b) *Send lure og flørte SMS'er med valgfri avsender* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://luresms.com/index.php?side=hoved>. [lese: 13.05.08].
- Lærings- og oppvekstmiljøet. (2005) *Olweus-programmet. Fornyet innsats i 2006 - 2007* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.skolenettet.no/moduler/templates/Module\\_Article.aspx?id=23645&epslanguage=NO](http://www.skolenettet.no/moduler/templates/Module_Article.aspx?id=23645&epslanguage=NO) [2005]. [lese: 13.05.08].
- MOT. (2008) *MOT. Vis mot - ta egne valg* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.mot.no/>. [lese: 13.05.08].
- Møllebakkens interne skole. (2007) *Strukturen i skolen* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://moellebakken.regionsyddanmark.dk/wm215404> [lese: 13.12.08].
- Nordahl, T. (2005) *Læringsmiljø og pedagogisk analyse. En beskrivelse og evaluering av Lp-modellen*. Rapport 19/05. Oslo, NOVA
- NCH. (2002) *Stop text bullying* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nch.org.uk/information/index.php?i=237> [lese: 20.01.08].
- NCH and Tesco Mobile. (2005) *Putting U in the picture*, [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.nch.org.uk/uploads/documents/Mobile\\_bullying\\_%20report.pdf](http://www.nch.org.uk/uploads/documents/Mobile_bullying_%20report.pdf) [lese: 20.01.08].
- Næss, T.D. (2005) *Mobiltelefonen - mobbernes nye våpen?: en kvantitativ og kvalitativ studie av mobilmobbing blant ungdom*. Oslo, Universitetet i Oslo.
- Olweus, D. og C. Solberg, (1997) *Mobbing blant barn og unge. Informasjon og veiledning til foreldre* Oslo, Pedagogisk forum
- Olweus, D. (1992) *Mobbing i skolen. Hva vi vet, og hva vi kan gjøre*. 1. utg. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

- Olweus, D. (2001) *Olweus' kjerneprogram mot mobbing og antisosial atferd - en lærerveiledning*. III. utg. Universitetet i Bergen, Hemil-senteret.
- Olweus, D. (2002) *Olweus' spørreskjema om mobbing i skolen*. Universitetet i Bergen, HEMIL-senteret.
- Olweus, D. (2005) *Hareides mobbekritikk: Sterke meninger på svakt faglig grunnlag* Skolepsykologi nr. 1, [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.skolepsykologer.no/skolepsykologi/Olweus%2043-50.pdf> [lese: 16.10.08].
- Paulson, A. (2003) *Internet Bullying* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.csmonitor.com/2003/1230/p11s01-legn.html> [lese: 30.12.07].
- Psykisk Helse nr.1 - 2007. (2007) *Gir psykiske senskader* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.psykiskhelse.no/index.asp?id=26531> [lese: 20.06.08].
- Ringdal, K. (2001) *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. 2. utg. Bergen, Fagbokforlaget.
- Rogers, C. (1982) *A sosial psychology of schooling. The expectancy process*. London, Routledge & Kegan Paul.
- Roland, E. (1983) *Mobbing på skolen*. [Stavanger].
- Roland, E. (1995) *Elevkollektivet*. 2. utg. Stavanger, Rebell Forlag.
- Roland, E. (2002) *Mobbing gjennom mobiltelefon*. 3. utg. [Oslo], Spesialpedagogikk.
- Roland, E. & G. Auestad, (2005) *Mobbing og mobiltelefon*. 4. utg. [Oslo], Spesialpedagogikk.
- Roland, E. (2007a) *Mobbingens psykologi. Hva kan skolen gjøre?* 1. utg. [Oslo], Universitetsforlaget.
- Roland, E. (2007b) *Zero. Skoleundersøking om mobbing. Elevskjema*. Universitetet i Stavanger, Senter for adferdsforskning.
- Roland, E. (2008) *MOBBING I GRUNNSKOLEN 2004-2008*, Universitetet i Stavanger, Senter for adferdsforskning. [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://ansatt.uis.no/getfile.php/Nyhetsvedlegg/Mobbetrender\\_des08.pdf](http://ansatt.uis.no/getfile.php/Nyhetsvedlegg/Mobbetrender_des08.pdf) [lese: 24.01.09].
- Romerikes Blad. (2006) *Skolenettsted måtte stenges* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.rb.no/lokale\\_nyheter/article2344834.ece](http://www.rb.no/lokale_nyheter/article2344834.ece) [lese: 20.01.08].
- Rosenberg, M. (red.) (1979) *Conceiving the self*. New York, Basic Books.

- Rørnes, K. (2007) Det motstandsdyktige “mobbeviruset”. Hvordan utvikle en beredskap som virker i barnehage og skole? Strategi – planer – tiltak. [Kristiansand], Høyskoleforlaget.
- Sandsleth, G. (2007) *Mobbing. Forstå, bekjempe og forebygge*. 1. utg. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- Senter for atferdsforskning (2009) *Senter for atferdsforskning* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://saf.uis.no/> [lese: 31.01.09].
- Schancke, V.A. (2005) *Kompetansesenteret ved Nordlandsklinikken. Forebyggingsseksjonen. Skriftserie – rapport 1* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.forebygging.no/fhp/d\\_emneside/cf/hApp\\_101/hPKey\\_5705/hParent\\_22/hDKey\\_1\\_2005](http://www.forebygging.no/fhp/d_emneside/cf/hApp_101/hPKey_5705/hParent_22/hDKey_1_2005). [lese: 13.05.08].
- Skaalvik, E.M. & S. Skaalvik, (2005) *Skolen som læringsarena. Selvoppfatning, motivasjon og læring*. 2. utg. Oslo, Universitetsforlaget.
- Smith, P. et al. (2006) *An investigation into cyberbullying, it's form, awareness and impact, and the relationship between age and gender in cyberbullying* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.dfes.gov.uk/research/data/uploadfiles/RBX03-06.pdf> [lese: 10.11.08].
- Solli, K.A. (1984) *Elever i konflikt. Samspillsbrudd og adferdsproblemer i skolen*. 2. utg. Oslo, Universitetsforlaget.
- Sunnhordland. (2008) *Mobbar med berre nokre tastetrykk* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.sunnhordland.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20080110/UNG/44286909\\_1](http://www.sunnhordland.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20080110/UNG/44286909_1) [lese: 10.01.08].
- Sbleidal, F. (1998) *Psykologiens forskningsmetoder - en introduksjon*. 2. utg. Larvik, Fagbokforlaget.
- Sætre, J.T. (2007a) *Digital mobbing i ungdomsskolen. Spørjeskjema til elevar*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.itslearning.com/test/r.aspx?XS=tsrztstratz> [lese: 10.11.07].
- Sætre, J.T. (2007b) *Digital mobbing i ungdomsskolen. Spørjeskjema til lærarar*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.itslearning.com/test/r.aspx?XS=tsrztstratry> [lese: 10.11.07].
- Tikkanen, T. and Amund Junge. (2004) *Realisering av en visjon om et mobbefritt oppvekstmiljø for barn og unge: Sluttrapport til Evaluering av Manifest mot mobbing 2002-2004* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.rf.no/internet/student.nsf/199f312efd2a0cacc125680e00635b85/c4863a>

[d17af2cabac1257139006e8277/\\$FILE/Rapport%20RF-2004-223.pdf](http://d17af2cabac1257139006e8277/$FILE/Rapport%20RF-2004-223.pdf) [lese: 28.01.08].

- Torgersen, L. (2004) *Ungdoms digitale hverdag. Bruk av PC, Internett, TV-spill og mobiltelefon blant elever på ungdomsskolen og videregående skole*. Oslo, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA).
- Trøndelag Forsking og Utvikling (2007) *Digital mobbing blant ungdom i Steinkjer. Et spørreskjema*. Spørreskjema. utg. Steinkjer, Trøndelag Forsking og Utvikling.
- Tønnessen, E.S. (2007) *Generasjon.com. Mediekultur blant barn og unge*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Utdanning (2009) *Mobbingen i skolen øker.*, nr. 1, ( s. 28), Oslo, Utdanningsforbundet.
- Utdanningsdirektoratet. (2005) *Manifest mot mobbing - eit forpliktande samarbeid for eit godt lærings- og oppvekstmiljø. Tiltaksplan 2005 - 2007* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
[http://udir.no/upload/Brosjyrer/manifest\\_mot\\_mobbing\\_tiltaksplan\\_2005\\_2007\\_nn.pdf](http://udir.no/upload/Brosjyrer/manifest_mot_mobbing_tiltaksplan_2005_2007_nn.pdf) [lese: 15.04.08].
- Utdanningsdirektoratet. (2008) *Når starten er god. En artikkelsamling om veiledning av nyutdannede lærere i barnehagen, grunnskolen og videregående opplæring* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
[http://udir.no/upload/Kompetanseutvikling/Kap.9\\_net.pdf](http://udir.no/upload/Kompetanseutvikling/Kap.9_net.pdf). [lese: 15.04.08].
- Utdanningsforbundet. (2005) *Zero - et program mot mobbing* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.utdanningsforbundet.no/UdfTemplates/Page\\_3053.aspx](http://www.utdanningsforbundet.no/UdfTemplates/Page_3053.aspx) [lese: 20.01.08].
- Utdanningsforbundet. (2009) *Manifest mot mobbing 2009–2010 – et forpliktende samarbeid for et godt og inkluderende oppvekst- og læringsmiljø* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
[http://www.utdanningsforbundet.no/upload/manifest\\_2009\\_endelig.pdf](http://www.utdanningsforbundet.no/upload/manifest_2009_endelig.pdf) [lese: 12.02.09].
- Verdal kommune (2001) *Forprosjekt. Skolestruktur og kvalitet* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www.verdal.kommune.no/skole/skole\\_rapport.htm](http://www.verdal.kommune.no/skole/skole_rapport.htm) [lese: 01.12 2008].
- VG Blogg (2007) *Min blogg om alt mulig* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<http://www.vgb.no/20397/perma/156528/> [lese: 01.10 2008].
- Vårt Land (2007) *Britisk kamp mot mobbing med mobil og på nett*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.vl.no/utenriks/article3011334.ece> [lese: 20.09.08].
- Willard, N. (2005) *Educator's Guide to Cyberbullying and Cyberthreats* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.cyberbully.org/cyberbully/docs/cbcteducator.pdf> [lese: 28.01.08].

Ørsland, A.G. (2004) *Utviklingspotensialer i tiltak mot mobbing*. Hovedfagsoppgave i  
Spesialpedagogikk, Høgskolen i Stavanger.

Aagre, W. (2003) *Ungdomskunnskap. Hverdagslivets kulturelle former*. Bergen,  
Fagbokforlaget.

## 8 FIGURLISTE

Figur 1: Omfang av digital mobbing blant jente, gut og elev. ....	65
Figur 2: Førekost av ulike former av digital mobbing. ....	66
Figur 3: Dersom du har blitt mobba digitalt, kor har dette skjedd? .....	67
Figur 4: Kor ofte er du på Internett på skulen? .....	68
Figur 5: Kor ofte er du på Internett når du er heime?.....	68
Figur 6: Registrert at andre er blitt digitalt mobba. ....	70
Figur 7: Kor ofte hjelper læraren?.....	72
Figur 8: Kor ofte hjelper medeleven?.....	73
Figur 9. Visualisering. Mål: Offer føler at lærar hjelper .....	91
Figur 10: Viser skjermbilde over korleis ein skal få fram resultatet av undersøkinga. ....	109
Figur 11: Viser skjermbilde over korleis ein får vist resultatet i Excel (SPSS)-format .....	109

## 9 TABELLISTE

Tabell 1: Prosentar av elevar som er mobbar, offer og tilskodar (Li, 2006). ....	16
Tabell 2: Digital mobbing i skuletid, og utanom skuletida. ....	17
Tabell 3: Forklaringsmodellar: mobbeoffer, medelevar og lærarar si oppfatning av digital mobbing.....	50
Tabell 4: Oversikt over antimobbeprogram, og førebyggjande program mot mobbing på dei tre ungdomsskulane. ....	60
Tabell 5: Fordelinga over talet på elevrespondentar .....	64
Tabell 6: Kji-kvadrat-analyse. Omfang av ulike former av digital mobbing og kjønnsforskjellar. ....	67
Tabell 7: Oversikt over tiltak på individ- og klassenivå. ....	71



## 10 VEDLEGG

### Vedlegg 1: Dan Olweus sitt antimobbeprogram

Dan Olweus har ei oversiktleg inndeling av kva antimobbeprogrammet inneber ved å dela tiltaka inn i skulenivå, klassenivå og individnivå (Olweus, 2001). Sidan dette er eit opplegg som blir mykje brukt i skulane, blir det naturleg å utdjupa dette antimobbeprogrammet.

#### 1. Tiltak på skulenivå

- *undersøkelse med spørjeskjema*
- *studiedag om mobbing*
- *betre inspeksjonssystem*
- *pedagogiske samtalegrupper*
- *opprettelse av samordningsgrupper*

#### 2. Tiltak på klassenivå

- *klasseregler mot mobbing*
- *regelmessige klasseråd*
- *klasseforeldremøte*

#### 3. Tiltak på individnivå

- *alvorlege samtaler med mobbere og mobbeofre*
- *samtaler med foreldrene til innblanda elevar*
- *utforming av individuelle tiltaksplaner*

(Olweus, 2001, kap. 1, s.1)

## **Vedlegg 2: Erling Roland og antimobbeprogrammet Zero**

Sidan eg i mine spørjeskjema til både elevar og lærarar har brukt spørsmål frå antimobbeprogrammet Zero sitt spørjeskjema, blir det naturleg å utdjupa dette antimobbeprogrammet, som er eit alternativ til Olweus-programmet. Zero er utvikla ved Senter for Atferdsforskning (SAF) i Stavanger. Hovedstrategien til Zero-programmet er å identifisera mobbinga via offera, fordi det er vanskelegare å få mobbarane til å innrømme mobbing. Dette blir gjort ved at dei vaksne lærer seg å sjå etter teikn på mobbing, og at dei snakkar om mobbing med elevane og foreldra. Rollene til dei vaksne i skulekvardagen er klart fordelt (Utdanningsforbundet, 2005).

***Skoleledere** vil ha en sentral rolle i organisering og gjennomføring på egen skole. De er også med i skolens ressursgruppe*

***Ressursgruppe:** Skolene som er med danner ressursgrupper. Dersom skolen har et ressursteam eller en plangruppe, kan det være hensiktsmessig å bruke denne. Gruppen suppleres da med foreldrerepresentant, SFO-representant og elevrepresentanter. Ressursgruppa har ansvar for å gjennomføre noen aktiviteter på skolen. De har dessuten en viktig rolle i arbeidet med handlingsplanen.*

***Lærere:** Mye av programmet vil dreie seg om pedagogens rolle både til å oppdage mobbing, håndtere mobbesituasjoner, samarbeide med foreldre og forebygge mobbing gjennom sitt daglige arbeid. Det vil bli forventet at lærere jobber med mobbeforebyggende arbeid i klassen og at de aktivt tar del i skolens arbeid med å utvikle handlingsplan mot mobbing.*

***SFO-ansatte:** De voksne som arbeider på SFO må delta i programmet slik at også skolefritidsordningen blir en arena for avdekking og forebygging av mobbing.*

***Andre voksne ved skolen:** Alle skolens ansatte må kunne kjenne igjen mobbing når de ser det, og de må reagere i forhold til det. Derfor trekkes alle med i kurs om mobbing.*

***Foreldre:** Det er viktig at foreldrene er informert om arbeidet skolen gjør og opplever at de tas på alvor. De er representert i ressursgruppa og får*

*derfor en rolle i beslutninger som tas, ikke minst i forbindelse med handlingsplanen. Foreldrene trekkes også inn ved at mobbing blir et tema på foreldremøter, og på konferansetimer.*

***Elever:*** *Elevene er sentrale når det gjelder arbeidet mot mobbing.*

*Elevene trekkes inn ved at de er representert i ressursgruppa og ved at materialet fra elevrådspermen brukes i klassene. Elevrådet arbeider med temaet mobbing gjennom hele året. De kommer med idéer til hva de selv og skolen kan gjøre for å redusere mobbing og de informeres om det arbeidet som foregår i voksenmiljøet.*

***PP-tjenesten:*** *har gjennom opplæringsloven, et ansvar for å hjelpe skolene med utvikling av sine organisasjoner, slik at de kan forebygge og avhjelpe vansker. Gjennom Samtak har mange pp-ansatte fått en opprusting på temaet mobbing (Utdanningsforbundet, 2005, s.1)*

### **Vedlegg 3: E-post frå Erling Roland**

**erling.roland@uis.no** skrev:

Hei Jorunn

Interessant at du tenker å skrive om mobiltelefon-mobbing, og flott at du vil sikre validiteten (og reliabiliteten) til dine data.

Validitet (og reliabilitet):

Det er en omfattende jobb å vurdere dette.

Når en kun bruker et spørreskjema, kan én side ved reliabilitet, ofte benevnt som indre konsistens i en skala av for eksempel fem spørsmål "item", vurdere ved Cronbach's alpha. Dette er et mål på interkorrelasjon mellom itemene. Dersom denne er høy, er alpha høy. Vi sier gjerne at en alpha større enn .70 er bra. (en alpha på 1.00 er fullstendig samsvar mellom svarene på alle itemene). Du kan bruke SPSS til å analysere dette.

I våre 2001 og 2004 undersøkelser har vi bare to item om å bli mobbet på mobiltelefon og to om å mobbe andre. Korrelasjonen mellom to item blir faktisk identisk med alpha. Så vidt jeg husker var korrelasjonen ganske høy og OK.

Jeg har nettopp skrevet en artikkel for et internasjonalt tidsskrift der jeg har vurdert konsistens og validitet til de to itemene om å mobbe andre ved mobiltelefon, og data fungerer meget bra. Her er det brukt en mer krevende metode (SEM-analyse). Du kan referere til denne artikkelen, selv om den ikke er publisert ennå. Jeg skal sende deg manus, når det er pusset ferdig. Purr meg, om du ikke får den innen seks uker.

Jeg vet dessverre ikke hvordan de to itemene om å bli mobbet fungerer. Jeg tror imidlertid at de fungerer bra.

I Zero- skjemaet har vi flere spørsmål om mobil mobbing og Internett. Jeg har ikke analysert disse dataene foreløpig og vet ikke om andre som har gjort det.

Analysemetode: Det brukes alle mulige analyse-metoder i forskning om mobbing.

Problemstillingene:

Når en problemstilling er deskriptiv, slik de første ser ut til å være, kan du bruke f.eks. frekvenstabeller.

Når problemstillingen går på forskjeller, kan en t-test ofte passe.


Går det på sammenhenger, vil det ofte være snakk om korrelasjoner.

Lykke til.

Erling Roland

## Vedlegg 4: Informasjon om overføring av data frå It's Learning til SPSS

Etter at elevar og lærarar er ferdig med undersøkinga får eg opp dei ulike resultatata på mi side i It's Learning. Ved å klikka på "vis resultat" (fig. 10) kan ein velja mellom ulike visingar, som vanleg prosentfordeling, eller i Excel (SPSS)-format. Her vel ein "vis resultat i Excel (SPSS)" (fig. 11) , og lagrar det etterpå som eit Excel-ark. Dette kan hentast fram i SPSS-programmet.



The screenshot shows a web interface with a blue arrow icon and the text "Ta undersøking". Below this is a section titled "Vis resultat" with a green arrow icon. A table displays survey results with columns for "Namn", "Svart på", and "Vis".

Namn	Svart på	Vis
Anonym	26.09.2007 18:42	<a href="#">Vis</a>
Anonym	22.09.2007 21:53	<a href="#">Vis</a>
Anonym	22.09.2007 21:49	<a href="#">Vis</a>

Figur 10: Viser skjermbilde over korleis ein skal få fram resultatet av undersøkinga.



Figur 11: Viser skjermbilde over korleis ein får vist resultatet i Excel (SPSS)-format